

Systemisk familierapi som kulturkompetanse

**Familieterapeutar si oppleving av systemisk familierapi som
fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog**

Kari Bergset

Rettleiar: Per Jensen

Mastergradsoppgåve i familierapi og systemisk praksis

MGFAM-H05

Diakonhjemmet Høgskole, Avd. for etter- og videreutdanning

2009

FORORD

Bak ei masteroppgåve gøymer det seg fleire namn enn framsida tilseier. Først ei takk til dei 5 familieterapeutane som delte erfaringar, tankar og forteljingar med meg i denne undersøkinga. De gav meg slikt som eg ikkje visste fanst, og gjorde arbeidet spennande til siste slutt.

Rettleiaren min, Per Jensen, skal ha ei varm takk. Først viste du meg at du ville forstå prosjektet mitt. Sidan har du vist at du forsto det. Derfrå har du vist meg veg inn i eit heilt nytt landskap, stilt spørsmål og korrigert. Du var til stades og ville hjelpe meg i mål.

Heilt spesielle tankar går til Heidi Farstad Kvalheim. I vårt samarbeid vart ideen om dette prosjektet fødd. Utan deg vart det verken masterutdanning eller oppgåve på meg! Takk for di tru på prosjektet, at du gav meg mot til dristige avgjerder og inspirasjon i motlause stunder.

Takk til medstudentar som har lese, kommentert og kome med viktige innspel. Ei spesiell takk til Heidi Larsgård, som gikk den andre mila med meg etter at eige prosjekt var avslutta.

To arbeidsplassar har lagt til rette for at eg kunne gjennomføre dette arbeidet; Familiekontoret i Nordfjord og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Takk for at dette vart gjort muleg! Kollegaer ved høgskulen har fylgt meg siste året av prosessen, og gjennom dei tyngste taka. De er mange som har vist meg støtte, og nokre har brukt mykje tid for å hjelpe meg over kneikar. Takk for at de har lese og vist interesse, delt erfaringar og litteraturtips, og har fungert som inspiratorar og skytsenglar for skriveprosessen min! Ei spesiell takk til studieleiar Berit Njøs for hjelp til å skjerme meg i periodar, og til Lillian Bruland for uvurdeleg hjelp i viktige fasar.

Aller størst takk skal mine næraste ha. Takk til foreldre og søsken som har oppmuntra, spesielt til Svein Arild for hjelp med tekniske problem. Takk til Miriam og Mattias for hjelp med teknikken, for oppmuntring og for interesse, anten den vart vist heimanfrå, frå Bergen, Oslo eller Nairobi. Takk til Andreas som tok vel imot meg når eg endeleg kom heim, trass i alt for mykje fråvær frå heimen. Aller størst takk til Jørgen, som har vist imponerande tolmod med dei mange konsekvensane som dette arbeidet har fått for deg. Det skal mange kajakkurar og Birkebeinarrenn til for å kompensere for dette!

Sogndal, 14. oktober 2009,

Kari Bergset

SAMANDRAG

Denne mastergradsoppgåva fokuserer på kompetansen som ligg i systemisk familieterapi, nytta som kulturkompetanse. 5 familieterapeutar med erfaring frå ulike arenaer som inneber tverrkulturell dialog, har delt sine erfaringar og tankar gjennom kvalitative intervju.

Med utgangspunkt i Grounded Theory er fylgjande spørsmål belyst i undersøkinga:

- I kva grad opplever familieterapeutar å ha nytte av systemisk familieterapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog?
- I tilfelle dei erfarer at dette er nyttig, kva element i familieterapi opplever dei å ha mest nytte av?

Materialet som har kome fram gjennom undersøkinga, er drøfta i lys av teori vektlagt som kulturkompetanse i dag, og av dei elementa frå systemisk familieterapi som deltakarane sjølve legg mest vekt på.

Det er dei overordna perspektiva i systemisk familieterapi som tydelegast blir trekte fram som nyttige i den tverrkulturelle dialogen. Kompetansen som desse perspektiva tilbyr, har festa seg og blitt sett ord på gjennom systemisk utdanning og praksis. Likevel har verdiane delvis vore til stades frå før, tileigna gjennom liv og praksis før systemisk utdanning.

Slik denne kompetansen blir nytta i den tverrkulturelle dialogen i praksis, samsvarer den med eit nyare syn på kulturkompetanse. Ein kan såleis seie at deltakarane i prosjektet nyttar systemisk familieterapi som kulturkompetanse.

Prolog

Det var ei ny og positiv oppleving. Saman med ein kollega som også var systemisk familieterapeut, var eg i gang med foreldrerettleiing for ei gruppe somaliske foreldre som var busette i vårt distrikt. Ein viktig ressurs i arbeidet var tolken Abdi, som var leigd inn til å tolke under alle møta vi hadde med foreldregruppa. Han var ein viktig rådgjevar for oss både i planlegging og evaluering av kvart møte. Vi diskuterte med han det vi ville ha formidla, han delte eigne erfaringar med oss, og gav oss tips om somaliske ordtak og sitat frå Koranen som kunne kaste lys over tema vi skulle ha føre oss. Likevel opplevde vi at når møta starta, gikk han ut av rådgjevarrolla, og heldt tolkerolla si rein.

I bilen på veg til første møtet medga Abdi at han var nervøs. Han hadde tolka på møte før med grupper av somaliske foreldre der oppseding av barn var tema, og han hadde opplevd at folk reiste seg og marsjerte ut av rommet. "De forstår", sa han, "Vi er eit stolt folkeslag. Vi likar ikkje å bli belærte." Etter møtet var han svært letta. "Dei er svært fornøgde. Eg er så glad, dette vart heilt annleis enn eg frykta!"

Etter det andre møtet kom Abdi med fylgjande utsegn: "Eg har jobba som tolk i sju år, men eg har aldri opplevd nokon som er så opptekne av å nå fram til "den andre" som de to er!" Gleda over at Abdi opplevde oss slik, blanda seg med mine eigne minne frå tida som flyktningkonsulent og tilsett på asylsøkarmottak. Det var seksten år sidan, men eg kunne enno rødme over historier derfrå. Det var informasjonsmøte på mottaket der eg trudde eg leverte ein grei bodskap, og dagen etter sto det "jævla rasist" på kontordøra mi. Det var mangetallige møte på kontoret som flyktningkonsulent, der gode intensjonar frå mi side fekk ein heilt annan verknad på den andre enn tiltenkt. Desse opplevingane var så absolutt prega av å ikkje nå fram til den andre.

Mellom desse gamle historiene og det pågåande samarbeidet med Abdi låg det sjølvsagt mykje modning og livserfaring. Men det låg også systemisk opplæring og 16 år med systemisk praksis. Foreldrerettleiingsopplegget som kollegaen min og eg la opp, opplevde vi var bygt på systemisk tenking, i innhald, form og gjennomføring. Kontrasten mellom dette opplegget og minna frå 16 år tilbake, var stor. Slikt prøver ein gjerne å konstruere ei forklaring på. Eg tenkte då, og tenkjer framleis, at den systemiske kompetansen eg hadde fått i mellomtida, utgjer viktigaste forklaringa for meg.

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Bakgrunn for prosjektet: Ein kontrast	1
1.2	Forskingsspørsmål.....	2
1.2.1	Systemisk familierapi og familierapeut	2
1.2.2	Kva utfordringar skal kompetansen vere nyttig for?.....	3
1.3	Oppbygging av oppgåva.....	5
2	Teori	6
2.1	Eigen vitenskapsteoretisk ståstad	6
2.2	Nokre avklaringar av omgrep.....	7
2.2.1	Det problematiske kulturomgrepet	7
2.2.2	Tverrkulturell dialog og aktørane i denne	9
2.3	Tidlegare forskning	10
2.4	Systemisk familierapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog	11
2.4.1	Konstruktivistisk ståstad i dialogen mellom meg og deg.....	12
2.4.2	Ikkje-vite posisjon	13
2.5	Kulturkompetanse	17
2.5.1	Kompetanse om ”dei andre” sin kultur sett med våre auge?.....	18
2.5.2	Korleis forklarar vi kultur i tverrkulturelle møte?.....	19
2.5.3	Fokus på eigen kulturbakgrunn	23
3	Design og metode.....	25
3.1	Forskningsdesign: Grounded Theory	25
3.1.1	Val av Grounded Theory	25
3.1.2	Presentasjon av Grounded Theory	26
3.2	<i>Min</i> GT-prosess ved bruk av kvalitative intervju	29
3.2.1	Val av informantar	29
3.2.2	Val som gjeld sjølve intervju	31
3.2.3	Theoretical Sampling	35
3.2.4	Spørsmålet om metting.....	36
3.2.5	Koding av samla materiale	37
4	Analyse: GT – kategoriar og drøfting av desse	40
4.1	Arbeid med utforming av kategoriar	40
4.2	GT kategori 1:	44
4.2.1	Nysgjerrig på din konstruksjon versus min konstruksjon	44

4.2.2	Kategori 1B: Vere merksam på egne konstruksjonar	47
4.3	GT kategori 2:	49
4.3.1	Subkategori 2A: Ikkje-vite-posisjon med vekt på klienten som kulturinformant 51	
4.3.2	Subkategori 2B: Ikkje-vite-posisjon i form av å unngå bedreviten om løysinga på problemet.....	54
4.3.3	Subkategori 2A: Ikkje-vite-posisjon for å hindre kultur som overgeneralisering 56	
4.4	GT kategori 3:	58
4.4.1	Subkategori 3A: Ynskje om gjensidig relasjon.....	58
4.4.2	Korleis kan vi forstå eit <i>uttrykt</i> ynskje om gjensidig relasjon med den profesjonelle? Korleis kan vi forstå at det <i>ikkje</i> blir uttrykt?	63
4.4.3	Opplæring i hjeperolla i konflikt med ynskjet om gjensidig relasjon?	65
4.4.4	Subkategori 3b: Vekt på likskap	66
4.4.5	Kan vi bli med eit stykke på vegen til gjensidig relasjon? Konklusjon kategori 3	69
4.5	Kategori 4:.....	71
4.6	Samla materiale: Systemisk familieterapi som kulturkompetanse.....	76
4.6.1	Overordna perspektiv – som gjeld ut over profesjonelt liv?	76
4.6.2	Korleis kan vi forstå denne vekta på overordna perspektiv?	77
4.6.3	Mulege motsetningar i det analyserte materialet.....	79
5	Refleksjon og sjølvrefleksjon.....	82
5.1	Konsekvensar av å forske i mitt eige felt	83
5.2	Refleksjon kring etisk kvalitetssikring	84
5.3	Refleksjon kring forskingsmessig kvalitetssikring	85
6	Konklusjon	86
6.1	Kontrasten	87
6.2	Kva bidrag kan denne studien gje til framtidig forskning og utvikling?.....	88

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for prosjektet: Ein kontrast

Som nyutdanna sosionom brukte eg mine fire første arbeidsår i flyktningarbeid. Dei to første åra arbeidde eg med etablering av flyktningar i ei kommune, og dei to neste på asylsøkarmottak.

Då eg seinare byrja i familievernet og utdanna meg innafor systemisk familierapi, tenkte eg: *“Dette liknar.”* Familieproblem dreier seg også ofte om menneske frå ulike kulturar som slit med å tilpasse seg kvarandre, forstå kvarandre og finne si rolle i forhold til kvarandre. Medlemmene i familien vaks kanskje opp som naboar og slit med kulturskilnader likevel, eller bur i same hus og merkar kulturelle skilje mellom generasjonar. Aktørane i flyktningarbeidet merkar kulturforskjellar fordi vi kanskje kjem frå kvar vår verdensdel.

For nokre år sidan gikk eg inn i det tverrkulturelle møtet mellom verdensdeler igjen. Det klødde i gamle, lagra erfaringar - som venta! Meir overraskande var det at familierapeuten vart så stimulert. Ein halv mannsalder med opplæring i og erfaring frå familierapi kom til nytte. Kompetansen vart nytta i nye settingar og vart vridd litt i forhold til vante måtar å bruke den på. Resultatet var ei kjensle av å ha nyttig kompetanse som eg ikkje hadde den gongen. Det dreia seg ikkje berre om livsvisdom. Grunnhaldningar, tenking, metodar og teknikkar frå familierapien var til hjelp i det tverrkulturelle møtet. Jau, eg hadde stor nytte av familierapien som fagleg bakgrunn for tverrkulturelt arbeid.

Som kontrast til denne erfaringa kom NOVA-rapport 9/07 (Lopez 2007). Dette var forskning kring familievernet sitt møte med brukarar av minoritetsbakgrunn. Brukarane vart spurde om si oppleving av møtet med tilsette ved familievernkontora. Familievernet kom ikkje særleg godt ut. Eit av spørsmåla i konklusjonen var om tilsette i familievernet manglar *kulturkompetanse* (Lopez 2007, s.195).¹ Dei tilsette i familievernet er først og fremst terapeutar med systemisk familierapi som bakgrunn. I prosjektrapporten *“Kompetanse i familievernet”* frå 1999, som framleis ligg til grunn når tenesta sin kompetanse blir omtalt frå

¹ Omgrepet *kulturkompetanse* blir gjennomgått i kapittel 2

departementet si side, blir det oppgjeve at 79% av terapeutane har gjennomført eller er under utdanning i familierapi (BLD 2003). Det kan såleis vere rimeleg å anta at terapeutane som Lopez sine informantar hadde møtt, var familierapeutar. Kan vi utifrå denne rapporten lese noko om familierapeutar sine tverrkulturelle møte generelt?

1.2 Forskingsspørsmål

Mine nysgjerrige spørsmål oppsto på bakgrunn av denne kontrasten mellom mi eiga erfaring og Lopez si forskning kring brukarane sine opplevingar. Spørsmåla dreier seg om dei tverrkulturelle møta, kommunikasjon og dialog i desse møta, og i kva grad familierapeutar har nytte av sin kompetanse når dei skal opptre som profesjonelle i slike møte.

- I kva grad opplever familierapeutar å ha nytte av systemisk familierapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog?
- I tilfelle dei erfarer at dette er nyttig, kva element i familierapi opplever dei å ha mest nytte av?

Min studie er ikkje frå familievernet. Dette er eit val eg har gjort som blir grunngeve i kapittel 3. Familierapeutane eg har intervjuat, har erfaring som profesjonelle i tverrkulturell dialog på andre arenaer enn familievernet.

Eg vil i det fylgjande gjere greie for sentrale omgrep som er brukt i forskningsspørsmåla mine, og gå nærare inn på nokre føresetnader for spørsmåla.

1.2.1 Systemisk familierapi og familierapeut

Med *systemisk familierapi* meiner eg grunnlagstenking og metodar innafor systemisk familierapi. Dette inneber alt frå fokus på epistemologi, via vitskapssyn til metodikken som er utvikla på bakgrunn av desse overordna perspektiva.² Uttrykket ”systemisk familierapi” har upresist innhald, og blir brukt på ulikt vis innafor familierapifeltet. Hovudsakeleg ser ein det i to tydingar: På den eine sida kan det bli brukt om terapimetoden som vart utvikla av Milano-teamet på 1980-talet, samt metodar som er utvikla på bakgrunn av den. På den andre sida kan den bli brukt om eit stort felt av metodar som på ulikt vis har ei rot i systemteori,

² Epistemologi: Erkjenningsteori – korleis veit vi det vi veit?

eller blir sett i samband med metodar som har ei rot der.³ Det er i den siste meininga eg brukar omgrepet ”systemisk familieterapi”.

Når eg brukar uttrykket ”*systemisk familieterapi som fagleg bakgrunn*”, meiner eg den kompetansen familieterapeutar har tileigna seg både gjennom utdanning, kurs og praksis innfor dette feltet. Praksis inneber både praksis innfor terapi, og annan profesjonell samhandlingspraksis der ein nyttar kompetansen frå familieterapien. Såleis kallar eg informantane for *familieterapeutar* også om deira praksis i hovudsak er og har vore utanfor terapirommet. Kompetansen kan såleis bestå både av kunnskap, haldning og ferdigheiter.

1.2.2 Kva utfordringar skal kompetansen vere nyttig for?

Informantane i studien har erfaring som profesjonelle på arenaer som tilseier at den andre parten i dialogen er klientar. Klientane som informantane omtaler, er innvandrarak med ikkje-vestleg bakgrunn, i den forstand at dei har bakgrunn frå land utanom Europa og Nordamerika.⁴ I dialog mellom profesjonelle og klientar er det som regel behov hos klientane eller familieane deira som er tema. Den tverrkulturelle dialogen kan ha verdi i seg sjølv, men i denne samanhengen blir den brukt i ein profesjonell relasjon rundt klientane sine liv⁵. Det er i denne samanhengen eg spør om kompetansen er nyttig. Er den nyttig for den profesjonelle når tverrkulturell dialog inngår i denne si yrkesutøving? Er den nyttig for den tverrkulturelle dialogen når den profesjonelle og klientane skal samarbeide om oppgåver som gjeld klientane sine liv og familiar?

I min studie fokuserer eg på tverrkulturell dialog. Men den tverrkulturelle dialogen mellom norske profesjonelle og ikkje-vestlege innvandrarak inneber fleire utfordringar enn dei kulturelle skilnadene. Nedanfor peikar eg på nokre element som kan vere med å gjere den tverrkulturelle dialogen ekstra utfordrande, og som kan krevje kompetanse frå den profesjonelle. Dels gjeld dette utfordringar i *klientane sitt liv*, og dels utfordringar i *relasjonen* mellom klientar med framand bakgrunn og profesjonelle med norsk bakgrunn.

³ Systemteori: Teori om samspel mellom einingar som kan gjelde alt frå molekyl til store bedrifter. Utvikla av blant andre Bertalanffy og presentert i 1945. Systemteori vart viktig inspirasjonskjelde for utviklinga av kommunikasjonsteori og familieterapi frå 1950-talet og framover.

⁴ Ikkje-vestlege innvandrarak: Orddebatten omkring namngjeving av denne gruppa blir teken opp i kapittel 2.

⁵ Omgrepet tverrkulturell dialog blir avklart i kap.2

Desse elementa er såleis til stades i studien, sjølv om dei ikkje har hovudfokus. I informantane sine forteljingar er det slike utfordringar som skal handterast når dei er i dialog med klientane. I lærebøker om arbeid med minoritetsfamiliar, mellom anna hos Skytte (2008), er det kulturelle aspektet eit av fleire, og utfordringane eg har presentert nedanfor blir tillagde stor vekt. Opprekninga som fylgjer her er ei syntese av framstillingar hos blant andre Skytte (2008), informantane sine forteljingar og egne erfaringar.

Majoritet og minoritet

Eg har intervjuet profesjonelle som høyrer til den etniske majoriteten i samfunnet, om deira møte med menneske frå etniske minoritetar⁶ i det norske samfunnet. Dette er eit viktig perspektiv blant anna med tanke på maktulikskap og diskriminering. Desse temaene er med å danne eit bakteppe og vil kome fram i analysen.

Klientane si erfaring med migrasjon og eventuell flukt

Alle møta som informantane fortel om, er møte med menneske som har emigrert frå sitt opprinnelege heimland. Migrasjonserfaringa i seg sjølv er eit stort tema. I mange av dei tilfella det her er snakk om, er det i tillegg grader av ufrivilleg migrasjon. Mange si migrasjonserfaring har også innhald av flukt, krig og midlertidige eksilopphald. Konsekvensane dette får for deira liv i Norge er omfattande. Dette er svært betydningsfullt og vil bli omtalt der det har vore noko av innhaldet i den tverrkulturelle dialogen.

Samfunnsforhold i heimlandet

Samfunnsforhold treng ikkje dreie seg om kultur. Blant dei som kjem som flyktingar og asylsøkarar, har nokre levd i eit land med borgarkrig heile sitt liv. At infrastruktur og skulesystem då er fråverande, handlar ikkje om kultur. Konsekvensar av å ha levd i eit diktatur eller under okkupasjon, treng ikkje handle om kultur. Slike forhold i flyktingar sin bakgrunn kan ha betydning for måten dei forhold seg til det norske samfunnet. Dette blir ofte forveksla med kultur i omtalen av forholdet mellom profesjonelle og flyktingar. Ulikskap i samfunnsforhold blir også teke fram i analysen.

⁶ Etnisk: Etnisitet er i fylgje Barth (1969) den sosiale organiseringa av kulturforkjellar. Det ei etnisk gruppe har felles, kan vere mellom anna hudfarge, religion, språk eller geografisk opphav. Dette som er felles, blir rekna som noko eksklusivt og opphavelig. Medvitet om dette opphavelige blir skapt i og med ei etnisk gruppe si kontakt med andre etniske grupper.

Språkproblem

Det er logisk at språkproblem oppstår mellom profesjonelle og innvandrere når ein ikkje har godt nok felles språk. I tillegg kan språkproblem føre til diskriminering i praksis av dei som ikkje meistrar majoriteten sitt språk. Konsekvensane av migrasjon, av å tilhøyre ein minoritet og av å ha lært seg å handtere heilt andre samfunnsforhold, kan bli forsterka av språkproblem.

Eg reknar utfordringane som er omtalt ovanfor, som sentrale i den tverrkulturelle dialogen mellom profesjonelle med norsk bakgrunn og klientar med ikkje-vestleg bakgrunn.

1.3 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 1 har eg gjort greie for mitt val av tema og bakgrunnen for dette. Eg har vidare presentert forskingsspørsmåla mine. Eg har også avklart nokre av dei mest sentrale omgrepa i forskingsspørsmåla, og peika på kva utfordringar den omtalte kompetansen skal vere nyttig for.

Kapittel 2 har fokus på teori som er viktig for temaet i forskingsprosjektet. Her blir først min eigen vitenskapsteoretiske ståstad presentert. Deretter blir fleire omgrep avklart. Dette er omgrep som er sentrale for temaet og krev ein meir omfattande gjennomgang. Det blir også referert til tidlegare forskning som grensar til dette prosjektet. Hovuddelen av kapittel 2 presenterer aktuell teori knytt til systemisk familierapi og omgrepet kulturkompetanse.

Metode og gjennomføring av forskingsprosjektet blir presentert i kapittel 3. Her vil eg gjere greie for kvalitativ intervjuundersøking med Grounded Theory som forskingsdesign, og korleis eg har nytta dette. Kapittel 4 inneheld analysen av materialet. Denne blir presentert ordna etter kategoriar med Grounded Theory som utgangspunkt, noko som også inneber samanhengar mellom kategoriane. Refleksjonar kring forskingsprosessen kjem i kapittel 5, og i kapittel 6 fylgjer konklusjon med tankar om korleis dette kan nyttast til vidare undersøkingar.

2 Teori

Dette forskingsprosjektet tek utgangspunkt i ein kontrast. Teorien som blir presentert, vil også avspegle dette. Hovudvekta i kapitlet vil vere på den eine sida presentasjon av systemisk familieterapi som kulturkompetanse, og på den andre sida diskusjon om og presentasjon av kva kulturkompetanse elles er. Desse to sidene blir presenterte i kapittel 2.4 og 2.5. Som utgangspunkt for dette vil eg først presentere eigen vitskapsteoretisk ståstad, gå gjennom nokre sentrale omgrep, og presentere forskning som grensar til dette prosjektet.

2.1 Eigen vitskapsteoretisk ståstad

Eg vil i det fylgjande gjere kort greie for mi oppfatning av omgrepa konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme, og korleis ein ståstad prega av desse perspektiva får innverknad på terapi, anna samhandling og forskning.

Konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme er kjende begrep i systemisk familieterapi. Ein kan sjå desse omgrepa omtalt som to ulike og motsetningsfylte perspektiv, slik Geir Lundby legg det fram (1998, s.66ff). Eg vel likevel å bruke konstruktivisme som samlebegrep for både konstruktivisme slik von Glasersfeld (1984) nyttar omgrepet, og sosialkonstruksjonisme slik Gergen og Gergen (2005) nyttar dette. Jensen (2008, s.10) vel også denne måten å bruke omgrepet. Når eg i det fylgjande brukar omgrepet konstruktivisme, meiner eg fleire ulike versjonar av perspektiv. Alle desse hevdar at vi konstruerer vår forståing av verda og det vi opplever, heller enn at vi finn ei objektiv verd der ute. Mi oppfatning er at ein konstruktivistisk ståstad er spesielt nyttig i mellommenneskelege relasjonar, og når slike er tema. Det kan vere fruktbart å sjå fenomen som ”konflikt”, ”motstand”, og ”smisking” som ein konstruksjon den enkelte sit med. Denne er skapt ut frå det ein opplever, meir enn å vere ei objektiv sanning.

Ein konstruktivistisk ståstad i terapi og profesjonell samhandling medfører at fleire slike konstruksjonar kan vere mulege, og at den eine ikkje treng å vere meir rett enn den andre. For ein terapeut med slik ståstad vil klienten sin konstruksjon av dei tema som blir omtalt, vere like gyldig som terapeuten sin.

Sosialkonstruksjonismen forhold seg i tillegg til *korleis* konstruksjonane våre blir skapt og utviklar seg. ”*Alt, hvad vi regner som virkeligt, er socialt konstruert. Eller, sagt mere dramatisk, intet er virkeligt, før folk er enige om, at det er det*” (Gergen og Gergen 2005).

Sosial konstruksjon skjer i sosiale settingar, gjennom kommunikasjon. Einkvar kommunikasjonssekvens vi deltek i, vil påverke våre konstruksjonar. Det skjer ei samskaping mellom oss og dei vi kommuniserer med, som medfører at egne og andre sine konstruksjonar er i stadig utvikling. Dette synet vil ha stor innverknad også på kva ein tenkjer om forskning. I mitt forskningsprosjekt vil eg sjølv ha innverknad på heile prosessen. Det skjer ei samskaping mellom meg og teorien eg les, mellom meg og informantane, mellom meg og den skrivne teksten eg skal analysere. Difor vil eg beskrive prosessen slik at data vert produsert, og at eg ser element i materialet mitt, heller enn at eg samlar inn funn. Eg ser nemleg ikkje materialet som liggande der ute ferdig til å bli funne og samla inn.

2.2 Nokre avklaringar av omgrep.

Eg vil i det fylgjande avklare kva eg legg i ein del av dei sentrale omgrepa som blir nytta i framstillinga.

2.2.1 Det problematiske kulturomgrepet

Få ord eg har møtt, har fleire ulike definisjonar enn ”*kultur*”. Eriksen seier om omgrepet blant sosialantropologar: ”*Ingen klarer å gi en fullgod definisjon av det, men ingen kan heller klare seg uten det*” (Eriksen 2001, s.60). Eriksen nyttar likevel Klausen sin enkle definisjon: ”*De skikker, verdier og væremåter som overføres, om enn i noe forandret form, fra generasjon til generasjon*”(Ibid). Vidare peikar han på to komplementære syn på kultur. Den eine legg vekt på *røter*, på indre samanheng og visdom destillert gjennom generasjonar. Den andre legg vekt på *impuls*, på dynamikk og forandring. Eriksen meiner at vi treng begge for å forstå kulturelle prosessar. Barth (1994) trekkjer i tillegg fram at verdiar vil vere ulike ut frå menneske sin posisjon i samfunnet; mellom anna kjønn, alder, interesser, kunnskap og makt:

”Uansett hvilken befolkning vi måtte velge å observere, vil vi finne at kulturen er i stadig forandring, at ideer og forestillinger ofte er selvmotsigende og usystematiske, og at de er ulikt fordelt blant personer avhengig av hvordan de er posisjonert”(Barth 1994,s.177).

Barth sitt synspunkt verkar spesielt relevant for mitt prosjekt, som handlar om kulturmøte. Studien gjeld profesjonelle med norsk bakgrunn og deira møte med menneske frå annan etnisk og nasjonal bakgrunn. I ein slik situasjon er begge partar i ei forandring der idear ofte blir usystematiske og sjølvmotseiande, i det røter og impuls gjer seg gjeldande samtidig. Barth viser eit konstruktivistisk vitskapssyn (Ibid s.10 ff) som eg opplever lett å foreine med mitt utgangspunkt. Eg vil ta utgangspunkt i hans kultursyn når eg drøftar kulturomgrepet i det fylgjande:

”Et viktig gjennombrudd kom med erkjennelsen av at ”kultur” ikke kan betraktes som hele, atskilte og internt homogene enheter. Tvert imot er forskjellige menneskers konstruksjoner av virkeligheten alltid ulike: Innenfor et land, innenfor et lokalsamfunn, selv innenfor en familie” (Ibid s.10).

Det komplekse og nærmast individuelle ved kulturomgrepet som Barth her peikar på, gjer omgrepet nyttig på fleire plan i min samanheng. Rett nok rettar studien seg mot tverrkulturell dialog der partane i dialogen har ulik nasjonal og etnisk bakgrunn. Dialogen blir då tverrkulturell også dersom ein ser på kultur som *”hele, atskilte og internt homogene enheter”*, der skiljelinjene er knytt til etnisitet eller nasjonalitet. Eg ser likevel mykje meir enn dette i dei tema som kjem fram i studien. Ved å slutte meg til Barth sitt kultursyn kan også dette femnast.

Dette kulturomgrepet har eit *innhald* som er sentralt i familieterapi og systemisk praksis, utan at ordet så ofte blir nytta i den samanheng. Systemisk praksis søkjer nettopp å forstå og skape dialog mellom ulike menneske sine konstruksjonar av røyndommen, det vere seg innafor ein familie, eit lokalsamfunn eller større einingar. Den som utøver systemisk praksis/familieterapi er også i konstant tverrkulturell dialog mellom sin eigen konstruksjon av røyndomen og den/dei andre sin, også om den andre har vakse opp i nabohuset og blir rekna å tilhøyre same etniske gruppe. Vidare er ein i systemisk praksis og familieterapi merksam på at konstruksjonane våre er i stadig endring, og ein nyttar seg av at desse endringane skjer sosialt.⁷

Ut frå denne forståinga av kultur kan ein forstå all dialog mellom menneske som tverrkulturell dialog. Dette er også ei erkjenning som ein i systemisk praksis og familieterapi har lagt stor vekt på å komme til rette med. Mykje energi blir lagt i å vere nysgjerrig på den andre sin

⁷ Sjå om sosialkonstruksjonisme ipunkt 2.1

konstruksjon av verda, og ikkje å ta for gitt at den er lik eins eigen. Dette vil eg gå nærare inn på blant anna når eg tek for meg "ikkje-vite posisjon" i kap.2.4.2. Eg ser det slik at systemisk praksis og familierapi gjev oss forståing og metode til den tverrkulturelle dialogen som ein kvar mellommenneskeleg dialog er. Slik er Barth si forståing av omgrepet nyttig, med tanke på at *"Tvert imot er forskjellige menneskers konstruksjoner av virkeligheten alltid ulike"* (Barth 1994). Vidare tenkjer eg at nettopp slik forståing og metode vil vere endå meir nødvendig å nytte seg av i tverrkulturell dialog der dialogen også går på tvers av både nasjonale og etniske grenser.

2.2.2 Tverrkulturell dialog og aktørane i denne

Svare (2008) legg fram skilnadene mellom monolog, debatt og dialog, og oppsummerer dialogen sine kjenneteikn slik:

- *"Dialogen er et samarbeidsprosjekt der deltakerne arbeider mot et felles mål*
- *Deltakerne går inn i dialogen med en visshet om at alle som deltar, kan ha noe å bidra med.*
- *De innser at oppgaven, i tillegg til å bidra med egne innspill, også er å hjelpe de andre til å bidra med sine."* (Svare 2008, s.17)

Svare omtaler dialog slik at den har bestemte kvalitetar ut over å vere ei samtale. Med reisa som metafor får han fram skilnadene mot debatt og monolog:

"Mens debatanten og enetaleren betrakter dem hun møter som mottakere av et budskap eller kandidater for omvendelse, ser den dialogiske reisende de fremmede som bærere av interessante fortellinger som hun ønsker å få del i" (Ibid, s.16).

Svare legg vekt på det usikre og dermed spennande i dialogen. Ein kan ikkje planlegge kva som blir skapt i den og kva som kjem ut av den. Eg vil slutte meg til denne forståinga av dialog, og legge den til grunn i det fylgjande.

Med *tverrkulturell dialog* meiner eg då dialog som strekker seg på tvers av to eller fleire kulturar. Omgrepet dialog er gjeve mykje omtale nokre stader i familierapilitteraturen, blant anna hos Bertrando (2007) og Seikkula og Arnkil (2007). Det kunne såleis vere naturleg å gje det ei grundigare omtale her, men dette har eg valt vekk av plassomsyn.

Kven er aktørar i denne tverrkulturelle dialogen ?

Dei fem informantane blir presenterte i kapittel 3. Klientane som informantane omtaler dialog med, er som nemnt innvandrarak med ikkje-vestleg bakgrunn. I dei fleste tilfelle har dei sjølve emigrert, slik at dei tidlegare ville bli kalla ”første-generasjons innvandrarak”.

Ikkje-vestlege innvandrarak utgjer ein minoritet i det norske samfunnet. Det har lett for å bli diskusjon omkring kva ord som skal brukast for å ”namngje” minoritetsgrupper, og eit omgrep som er godkjent i dag, reknar vi kanskje som nedsettjande etter kort tid. Dette temaet vart teke opp hausten 2008 av Morgenbladet, som lanserte ”*Fy-norsk ordliste*” (Morgenbladet 2008). Denne lista inneheldt ord som har vore brukt om innvandrarakrelaterte tema, og som ikkje lenger er aksepterte. Såleis kan det vere vanskeleg å velje kva samleomgrep eg skal bruke i denne studien.

Der eg kan, har eg valt å omtale menneska informantane fortel om enkeltvis, utan å gjere dei til ei gruppe. I den grad eg treng å omtale dei som gruppe, brukar eg dels ”innvandrarak”, og dels ”framande”. Framande er ikkje noko presist ord. Eg vel det fordi det er kortare enn dei fleste tilsvarande ord, og fordi eg i studien fokuserer på dei tverrkulturelle møta - møte mellom menneske som kulturelt sett er framande for kvarandre. *Kor framandt* dette blir opplevd, skal drøftast i det fylgjande.

2.3 Tidlegare forskning

Eg har ikkje funne fram til teori eller forskning om nettopp systemisk tenking/familieterapi som kulturkompetanse. Som eg har kome inn på i kapittel 1, er det forska på brukarane si oppleving av å nytte tenester i familievernet (Lopez 2007). Denne endar opp i blant anna spørsmålet om familievernet manglar kulturkompetanse. Av dei tilsette i familievernet er 79% familieterapeutar (BLD 2003), og ut frå det er denne undersøkinga relevant bakgrunnskunnskap. Mitt fokus går likevel den andre vegen; eg tek utgangspunkt i kompetansen og spør dei profesjonelle i kva grad denne blir funnen nyttig.

Rasmussen (2004) sin studie av sosialarbeidarar sine erfaringar med fleirkulturelt barnevernsarbeid tek også utgangspunkt i dei profesjonelle sine stemmer. Her er spørsmåla blant anna kva kunnskaps- og kvalifikasjonsbehov barnevernsarbeidararane har utover si grunnutdanning.

NIBR-rapport 2007 inneheld ei omfattande kunnskapsoversikt vedkomande fleirkulturelt barnevern, som også inkluderer internasjonal litteratur (Holm-Hansen, Haaland og Myrvold (2007)). Hovudkonklusjonen er at det eksisterer lite forskning på kva metodar som virkar i fleirkulturelt barnevern, og at dei same tiltaka og metodane blir anbefalt brukte som i majoritetsbefolkninga. Det blir likevel peika på behovet for opplæring i å handtere dei direkte møta med ikkje-vestlege innvandrarak, spesielt med tanke på kommunikasjon og kulturtilpassing av tiltak.

Desse tre rapportane tek opp tema som grensar til mitt prosjekt, og utgjer eit relevant bakteppe for dette.

2.4 Systemisk familieterapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog

Eg har i innleiingskapitlet gjort greie for kva eg meiner med systemisk familieterapi, og at eg i omgrepet inkluderer alle nivå frå dei overordna perspektiva til metodar. I min definisjon av kva som inngår i systemisk familieterapi støttar eg meg til studieplanen i masterutdanninga ”Familieterapi og systemisk praksis” ved Diakonhjemmet Høgskole, som denne masteroppgåva er ein del av (Diakonhjemmet Høgskole 2009). Reint konkret inkluderer det desse gruppene av metodar: Strukturell og strategisk familieterapi⁸ inkludert MRI korttidsterapi, systemisk familieterapi i meininga å vere bygt på Milano-metoden, løysingsfokuserert terapi som på norsk ofte blir kalla LØFT, narrativ terapi⁹, og språkssystemisk terapi.

⁸ Når det gjeld strukturell familieterapi basert på Minuchin, og strategisk terapi basert på Haley og Madanes, distanserer desse seg frå ein konstruktivistisk ståstad. (Minuchin 1996, Madanes 2000) Eg vil presisere dette, då eg elles i denne framstillinga legg vekt på konstruktivisme som sentralt grunnlag for familieterapeutiske retningar. Eg har likevel inkludert desse i mine spørsmål til informantane.

⁹ Narrativ terapi: Terapimetode utvikla på den sørlege halvkule av mellom andre Michael White, Australia. Narrativ tilnærming fekk stor plass i familieterapifeltet gjennom 1990-talet, og har det framleis. Terapiforma er omtalt mellom anna i White (2008) og Lundby (1998).

Eg kunne ha valt å berre bruke omgrepet ”familieterapi”. Når eg likevel vil ha omgrepet ”systemisk” med, er det fordi det internasjonalt er svært mykje som blir kalla familieterapi, utan at det bygger på grunnlagstenkinga eg tek føre meg her.

Eg vil i det fylgjande gjere greie for nokre perspektiv frå systemisk familieterapi som kan vere nyttige for tverrkulturell dialog. Dei to eg omtalar her, kjem spesielt mykje fram i det informantane fortel. Begge vil bli vidare utdjupa i analysedelen (Kap.4), der eg drøftar element frå empirien i lys av teori.

2.4.1 Konstruktivistisk ståstad i dialogen mellom meg og deg

Eg har i kap.2.1 gjort greie for eigen vitskapsteoretisk ståstad, som ligg innafør eit konstruktivistisk syn. Men dette er ikkje berre teori som vedkjem vitenskap og forskning. I systemisk familieterapi blir element frå vitskapsteorien, som konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme, tett kopla til konsekvensane dei får for møtet mellom meg og deg. På bakgrunn av vitskapsteori er det utvikla metodar som er nytta i terapi og andre profesjonelle samtaler, og denne metodikken blir formidla saman med kunnskapsgrunnlaget.

Eg vil kome med nokre eksempel på dette frå familieterapifeltet. I nokre tilfelle har teoretikarane ikkje sjølv vore terapeutar, slik som tilfellet er med Gregory Bateson. Han leverte teoretisk grunnlag til familieterapifeltet over ein 20-årsperiode. Med tanke på konstruktivisme, hevda Bateson at all erfaring er subjektiv, og nytta seg av filosofen Alfred Korzybski sitt enkle og levedyktige uttrykk: ”*Kartet er ikkje terrenget*” (Bateson 2000, s.455). Dei andre medlemmene i Bateson-teamet frå 1952; John Weakland, Don Jackson og Jay Haley, vart alle seinare markante terapeutar i familieterapifeltet. Som medlemmer av Bateson sitt team er dei medforfattarar i fleire av artiklane i ”Steps to an Ecology of Mind” (Bateson 2000), og har såleis også bidrege til teorien.

Andre av pionerane innafør systemisk familieterapi utvikla både teorigrunnlaget og terapimetodane. Det gjeld til dømes Paul Watzlawick, som av mange har fått æra for å ha innført konstruktivismen i familieterapifeltet, med fleire av sine bøker frå 1970- og 80- talet (Bergset 2004, s.6). Watzlawick sine bidrag viser også at sosialkonstruksjonistiske perspektiv tidleg var ein del av hans tankegods. I forordet til ”*How real is real*” (1976), skriv han:

“This book is about the way in which communication creates what we call reality. At first glance this may seem a most peculiar statement, for surely reality is what it is, and communication is merely a way of expressing or explaining it.”

I tillegg kom han med vesentlege bidrag til kommunikasjonsteorien med ”Pragmatics of Human Communication” (1967). Den same Watzlawick var med å utvikle terapi etter prinsippa i konstruktivismen og kommunikasjonsteorien, presentert i boka ”Change” i 1974 (Watzlawick et al 1974). Han praktiserte som terapeut til få år før han døyde i 2007. Ei konstruktivistisk ståstad får også konsekvensar for om ein trur ein kan observere nøytralt. Då Lynn Hoffman presenterte sin artikkel ”Beyond Power and Control” i 1985, trakk ho nettopp fram korleis Bateson sine teoriar hadde fått implikasjonar for utvikling av terapi, i form av Milano-teamet sin terapimodell. Under oppfordringa ”*Hør herolden rope: Kom inn på hovudscenen!*” (Hoffman 1987, s.131), oppfordra ho familieterapeutar til å betrakte seg sjølve som ein del av systemet i terapien, og legge vekk tanken om at det er muleg å vere nøytral observatør.

I kap.2.4.2. trekker eg fram omgrepet ikkje-vite posisjon, slik Harlene Anderson og Harold Goolisihan utvikla dette. I Anderson (2003) er vekta på vitskapsteori tydeleg. Boka er skriven for å rettleie terapeutar i ein praksis innafor terapi. Likevel er det ikkje teke lett på vitskapsteorien. Igjen ser vi den tette samanhengen, og trua på at ein må gå djupt i kunnskapsgrunnlaget for å kunne utføre terapi etter prinsippa i sosialkonstruksjonismen.

Eg har valt å gå inn på dette her fordi det er så sentralt i det informantane er opptekne av. Dei blir spurde om det nyttige for tverrkulturell dialog, og svarer blant anna med dei overordna, vitskapsteroretiske perspektiva. I kap. 4 vil eg analysere informantane sine synspunkt nettopp i lys av linken mellom vitskapsteori og dialog som eg her har vore inne på.

2.4.2 Ikkje-vite posisjon

“Lat oss spørje oss fram i staden for å svare oss bort”.

- Arnold Eidslott -

I 1992 kom familierapeutane Harlene Anderson og Harold Goolishian med artikkelen "*The Client is the Expert: a not-knowing approach to therapy*" (Anderson og Goolishian 1992). Sidan det har omgrepet "Not-knowing" levd eit aktivt liv innafor og utanfor familierapimiljøet. På norsk blir haldninga som forfattarane lanserte, oftast kalla "ikke-vitende posisjon". Eg vil i det fylgjande kalle den "ikkje-vite posisjon". At terapeutar i denne artikkelen vart oppfordra til å innta ein ikkje-vite posisjon, har skapt mykje av både inspirasjon og forargelse. Det siste er delvis bygt på mistydinga at det dreier seg om å "vite ingenting" (Lundby 1998).

Eg vil i det fylgjande prøve å gjere greie for ikkje-vite posisjon med utgangspunkt i artikkelen frå 1992 og Anderson si utdjuping nokre år seinare (Anderson 2003). Deretter vil eg seie noko om kvifor eg ser dette som relevant i den tverrkulturelle dialogen, også i profesjonelle dialogar utanfor terapi.

Anderson tek utgangspunkt i sosialkonstruksjonismen, og hermeneutikk i postmoderne form.¹⁰ Ho har ikkje tru på at ein person nokon gong til fulle kan forstå ein annan person eller denne si hensikt og meining. Tanken om at den dialogiske fortolkande prosessen gjer at ein til slutt vil forstå fullt ut, høyrer ifylgje henne til i modernistisk hermeneutikk. "*Det findes ingen sand betydning, eftersom jagten efter den i sig selv former og omformer, skaber og omskaber noget nyt og anderledes for fortolkeren*" (Anderson 2003, s.69).

Heile Anderson sin filosofi om terapi omfattar mykje meir enn temaet vite/ikkje-vite. Den let seg ikkje gjere å forklare kort. Eg vil her konsentrere meg om nokre sider ved ikkje-vite posisjon som eg syns er spesielt relevant.

I møtet mellom klient og terapeut er klienten sitt liv og sin situasjon i fokus. Terapeuten er den som ikkje veit, og som treng å bli informert. Klienten er den einaste som kan informere. Anderson etterlyser ein terapi som dreier seg bort frå: "*Terapeuten som en person, som har en*

¹⁰ Hermeneutikk = fortolkningslære, har sitt opphav allereie på 1600-talet. Den filosofiske versjonen i det 20.århundre blir forbunde med Gadamer, Habermas, Heidegger og Ricoeur. Ein kan ikkje snakke om ein universelt akseptert definisjon, men hermeneutikken er opptatt av fenomenet å forstå og å fortolke. (Anderson 2003)

viden, og som opdager og innsamlar opplysningar og materiale” til ein terapi der ”Terapeuten er en person, der ikke ved, og som befinner seg i en situasjon, hvor han eller hun modtager informasjon”. Ho etterlyser ei terapeutrolle som dreier seg bort frå ”Terapeuten som en tilfreds ekspert, der ved, hvordan andre skal leve deres liv” til ”Terapeuten som ekspert i at skabe et dialogisk rum og understøtte en dialogisk proces” (Anderson 2003, s.28-29).

Terapeuten sitt fokus skal vere på det klienten kjem med. Dette skal vere utgangspunktet for terapeuten sine nysgjerrige spørsmål, som kjem fordi terapeuten ikkje veit. ” *Ikke at vide vil sige at forholde sig ydmygt til det, man ved*” (Anderson 2003, s.178). Det terapeuten har av viten om temaet, av opplysningar om klienten og erfaringar frå andre liknande situasjonar skal ikkje få lov å *stenge* for å få del i klienten si forteljing.

”The excitement for the therapist is in learning the uniqueness of each individual client’s narrative truth, the coherent truths in their storied lives. This means that therapists are always prejudiced by their experience, but that they must listen in such a way that their preexperience does not close them to the full meaning of the client’s descriptions of their experience” (Anderson og Goolishian 1992, s.30).

Ein slik ikkje-vite posisjon frå terapeuten si side er meint å skape ein dialog der det er rom for at klient og terapeut utforskar nysgjerrig saman. Mening og forståing utviklar seg, også hos klienten, om det som er og har vore i vedkomande sitt liv, og om mulighetene som fins vidare. ”*En terapi, hvor terapeuten og klienten begge er forskere, der er optaget av at skabe det, de ”finder”*” (Anderson 2003, s.29).

Randi Bagge tok i 2007 for seg temaet i to artiklar. Ho lanserte uttrykket ”*ikkje forstå for fort*” om ikkje-vite posisjon. Dette gjev også mening for meg. Som terapeut kan eg svært lett vere så fylt av mine eigne idear om den andre sin situasjon, at eg ”forstår” utfrå det. Ho beskriv ein situasjon der ho sjølv søkte hjelp hos ein terapeut:

”Jeg hadde ikke fått begynt fortellingen før hun forsto hvordan det hele hang sammen. Jeg satt med en følelse av at det hun nå oppfattet som min fortelling, ikke stemte med den fortellingen jeg var kommet for å fortelle” (Bagge 2007).

Ikkje-vite posisjon er blitt kritisert av markerte personar i familierapifeltet, blant andre Boscolo & Bertrando. Dei to viktigaste ankepunkta gjeld synet på kunnskap, og tilsløring av makt. Når det gjeld kunnskap, meiner dei at det er umuleg for terapeuten å setje sin eigen kunnskap til side. Denne vil ein bruke medvite eller umedvite. Dessutan blir ekspertrolla bekrefta av sjølv terapikonteksten. (Bagge 2007) Eg meiner at dei her kjem med viktige synspunkt. For meg tener desse først og fremst til å skjerpe sider ved tema som Anderson sjølv har presisert. Som nemnt ovanfor, legg ho vekt på at terapeuten er ekspert på ein annan måte enn ein tradisjonelt tenkjer. Ho viser også som nemnt til at ” *Ikke at vide vil sige at forholde sig ydmygt til det, man ved*” (Anderson 2003, s. 178). Kunnskapen fins der, og det må ein vere medviten om. Ein må berre sørge for at den ikkje stenger for den unike informasjonen som berre klienten kan gje. Ei anna side ved å ikkje vere ekspert i tradisjonell forstand, vil eg drøfte i analysen: Fleire av informantane har erfaring med framande som nettopp forventar ei tradisjonell ekspertrolle frå den profesjonelle. I analysen kjem dette fram både som eit problem når ein har ikkje-vite posisjon som ideal, og ulike måtar å løyse det på.¹¹

Bagge viser som nemnt også til at Boscolo og Bertrando peikar på tilsløring av makt i Anderson si tilnerming. Ved å legge vekt på eit symmetrisk forhold mellom klient og terapeut, tilslører ho den makt terapeuten uansett har. (Bagge 2007) Denne kritikken har Minuchin også framført, med den slåande kommentaren: ” *Terapeutens makt forsvinner ikke ved å omdefinere den til noe annet*” (Minuchin 1996, s.53). Sjølv meiner eg at dette må takast alvorleg. Eg erfarer at medvit om ulikskap i makt både kan visast og uttalast, sjølv med ikkje-vite posisjon som ideal. Dette temaet blir likevel for stort til å grundig gjennom i denne studien.

Så langt har eg teke føre meg ikkje-vite posisjon i terapi. Korleis er dette relevant for tverrkulturell dialog, også i dialogar utanom terapi?

Eg tek utgangspunkt i Fredrik Barth si forståing, der kultur er i stadig endring og vil opplevest forskjellig innafor sjølv dei minste grupper. Tanken om at tverrkulturell dialog blir betre di meir kunnskap ein har skaffa seg på førehand om den andre ”sin kultur”, blir då ikkje heilt enkel lenger. Det ein ”veit” på førehand om kultur, kan stemme dårleg med denne personen si

¹¹ Kapittel 4.6.3

forståing av eigen kultur.¹² Ut frå dette kan ein tenkje at ein ikkje-vite posisjon om kultur er gunstig for tverrkulturell dialog uansett kva ein før har fått av framstillingar om kulturell bakgrunn. Innsikt i forhold som gjeld land eller folk der klienten kjem frå, står ikkje i motsetnad til ikkje-vite posisjon. Poenget er å *”forholde sig ydmygt til det, man ved”*.

Tankar kring ikkje-vite posisjon i tverrkulturelle møte framstår som sentralt hos informantane i min studie. Nokre tek fram fordelene ved å stille med blanke ark vedkomande den andre sin kultur. Andre legg vekt på å *”rense sin forforståelse”* i møte med framande. Temaet har difor blitt via ekstra stor merksemd i teorikapitlet.

2.5 Kulturkompetanse

Denne studien dreier seg om familierapi som kulturkompetanse.¹³ Kva kompetanse har dei profesjonelle nytte av utover si profesjonsutdanning? Har dei i det heile bruk for noko meir enn si profesjonsutdanning? Kva kan vere nyttig fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog? Eg vil i det fylgjande hente teori frå litteratur som er skriva med tanke på praksis i tverrkulturell dialog mellom innvandrara og profesjonelle. Denne litteraturen er retta mot dei arenaene informantane mine fortel om, eller arenaer som liknar.

Innleiingsvis vil eg trekke fram forståinga av *kulturkompetanse* som Lopez (2007, s.140) nyttar. Ho har henta denne frå Ahmadi og Lönnback:

”Att ha kulturkompetens innebär inte att kunna allt om alla kulturer, inte heller innebär det att socialarbetaren nödvändigtvis kommer från den kultur klienten kommer ifrån. Det innebär snarare att vara uppmärksam på kulturens och religionens betydelse för den person vi möter. Kulturkompetens kan även innebära att vara uppmärksam på att man kan ha olika syn på både problemen och lösningar och att man då bör ha flexibla arbetssätt. I kulturkompetens ingår också att ha kunnskap om vad diskriminering och marginalisering kan innebära” (Ahmadi og Lönnback 2005, s.18).

¹² Dette blir vidare utdjupa nedanfor under 2.5.2, ”Korleis forklarar vi tverrkulturelle møte?” *”Kulturen hverken tenker eller følger – det gør grupper og enkeltindivider i den.”* (Berliner 1994, s.116)

¹³ Kompetanse: I det fylgjande vil *fagleg bakgrunn* og *kompetanse* bli brukt synonymt.

Qureshi peikar på at slik kompetanse har hatt ulike namn i dei vel 20 åra behovet for den har vore påpeika. For 20 år sidan kalla ein det ”*innvandrarkunnskap*”. I dag vil ein ofte kalle det ”*flerkulturell forståelse*” (Qureshi 2008 s.128). Ord som ”*kulturkompetanse*”, ”*kulturforståelse*” og ”*kultursensitivitet*” blir også trekt fram. (Lopez 2007; Qureshi 2009) Dette er ord som peikar på at det i den faglege bakgrunnen er behov for både kunnskap, haldningar og ferdigheiter.

2.5.1 Kompetanse om ”dei andre” sin kultur sett med våre auge?

Nemningane ovanfor som er brukt siste åra på denne kompetansen, inneheld alle ”*kultur*”. Dette skulle tilseie at ei sentral utfordring profesjonelle med norsk bakgrunn opplever i møte med klientar med ikkje-vestleg bakgrunn, vedkjem kultur. Kanskje meiner ein då begge sin kultur, kanskje berre ”*den andre*” sin. Det siste er dominerande i det Qureshi kallar ”*kulturmyr-debatten*” (Qureshi 2008 s.128). Han påpeikar at den norske debatten har blitt hengande fast i kulturmyra, og har fokusert på innvandrarar sin kultur i staden for å trekke inn klasse, inkludering og mangfold i debatten om innvandrarar sin situasjon. Bredal (2008) peikar også på kultur som *overgeneralisering*. Barnevernet blir kritisert for å vere overgeneraliserande når det gjeld kultur: Kultur blir kopla berre til avgrensa grupper, som blir framstilt som homogene i si utøving av kulturelle uttrykk. Kulturen overstyrer menneska sine val. Det er mest fokus på negative sider ved innvandrarkultur, medan kultur sjeldan eller aldri er forklaringsmodell vedkomande negativ praksis i majoriteten (Ibid). Ein kan seie at det barnevernet her blir kritisert for, avspeglar ei generell haldning i vårt samfunn.

Som alternativ til denne kulturmyra, trekker Qurashi fram *postkolonial teori*, som er lånt frå sosiologien og har blitt eit stort forskningsfelt dei siste ti åra. ”*Som teori kan denne forskningen forstås som en reaksjon på det som tidligere var den dominerende måten å skrive om kolonialisme på: fra kolonistenes perspektiv*” (Qureshi 2008, s.136).¹⁴ Det er *dei andre* sin kultur som blir omtalt, utfrå vestlege standardar som blir rekna som universelle. Bilda av *dei andre* blir stadfesta som annleis, i kontrast til oss. Kultur blir rekna som ei rein sfære, upåverka av politikk, samfunn og klasse. Denne tendensen blir kalla *eurosentrisme*. Den pregar både omtalen av ikkje-vestlege sivilisasjonar, og av ikkje-vestlege innvandrarar i

¹⁴ Sentrale forfatarar innafor postkolonial teori som Qurashi støttar seg til, er mellom andre Harding(1998) og Said(1978, 1993).

Vesten. Som eksempel på det siste trekker Quashi fram at ”*muslimsk oppdragelse*” ikkje blir sett opp mot kristen oppseding, men mot norsk eller vestleg oppseding. To ulike einingar blir sett opp som motstykke, medvite eller ikkje (Ibid). I tillegg til Qurashi skriv også blant andre Rugkåsa (2008) og Otterstad (2008) om å gje klasse, makt og marginalisering større plass i omtalen av ikkje-vestlege innvandrarak sin situasjon i Norge, framfor at kultur skal forklare alt. Rugkåsa tek spesielt opp dei profesjonelle sin posisjon som majoritet i samfunnet og dermed premissleverandør for kontakten med innvandrarak.

Ei anna utfordring som gjeld fagleg bakgrunn, er knytt til den enkelte si profesjonsutdanning. Her er spørsmålet ikkje om om ein treng noko i tillegg, men om deler av kompetansen må *avlærast* i møtet med ikkje-vestlege klientar. Johannesen (2007) tek opp dette i lys av eurosentrismen. Ho siterer Hjelde: ”*Eurosentrisme handler (...) ikke bare om at vi ser oss selv først, på bekostning av ”de andre”, men også om hvordan vi ser, og ikke ser oss selv*” (Ibid, s.160). Ho legg fram korleis eurosentrismen får konsekvensar for synet på kunnskap om menneske. Kunnskap vi har til dømes i psykologi, har vi lett for å rekne som universell kunnskap om menneske. Utfrå postkolonial teori er den meir å rekne som *lokal*, basert på studier av menneske som har levd i Europa og Nordamerika dei siste par hundre åra. Dette er ei befolkning som utgjer ein minoritet i verda, og som lever under visse økonomiske og samfunnsmessige forhold. Mykje av vår faglege bakgrunn er basert på denne. Det gjeld kunnskap om barns behov og kva som er viktig i oppseding av barn. Det gjeld også kunnskap om blant anna traumebehandling, som er svært aktuelt der menneske har levd med krig og flukt. Ifylgje postkolonial teori er dette å rekne som *kunnskap* om barns behov og god traumebehandling *i den vestlege minoriteten av folket på jorda* (Johannesen 2007). Eg ser denne innfallsvinkelen som relevant i lys av ikkje-vite posisjon, som er omtalt i kap.2.4.2 og brukt i analysen.

2.5.2 Korleis forklarar vi kultur i tverrkulturelle møte?

Den systemiske familierapeuten C. E. Sluzki publiserte i 1979 artikkelen ”*Migration and Family Conflict*” (Sluzki 1979). Artikkelen har hatt mykje å seie for litteratur om kulturkompetanse, og blir framleis sitert (Qureshi 2009; Skytte 2008). Sluzki peikar på at terapeutar går i to typiske grøfter i møte med innvandrarfamiliar. Den eine er å kulturforklare

det som er spesifikke problem for denne familien. Den andre er å forklare individuelt det som er kulturelle uttrykk (Sluzki 1979, s.389).

Mykje av litteraturen om kulturkompetanse omtaler variantar av desse posisjonane: - Legg ein for mykje eller for lite vekt på kultur? – Er ein for oppteken av skilnader eller for oppteken av likskap? Sidan dette også er sentrale spørsmål for informantane mine, vil eg gjengje noko av litteraturen på dette området. Peter Berliner har peika på tre ulike modellar for å forklare kultur når den gjer seg gjeldande i tverrkulturelle møte (Berliner 1994). Hans eigen kontekst er tverrkulturelle møte der hans rolle er å vere terapeut. Eg ser alle desse tre forklaringsmodellane som nyttige måtar å forstå tverrkulturelle møte på. I det fylgjande vil eg difor bruke hans tredeling som struktur også for å trekke inn annan teori om kultur møte på slike profesjonelle arenaer som vi her snakkar om. Berliner set desse namna på dei tre modellane:

- 1.Forklaring: Det universelle menneske
- 2.Forklaring: Relativismen
- 3.Forklaring: Samspillet

1. Forklaring: Det universelle menneske

Ifølge Berliner bygger denne forklaringa deskriptivt på at vi alle først og fremst er menneske, så kulturbærarar. Djupast sett er vi alle like. Dei ulike kulturelle uttrykka er ulike måtar å hanskast med basale behov som alle menneske er felles om. På verdinivå lyder oppfordringa: *”Du skal behandle den andre som om det var deg selv”* (ibid, s.115).

Denne modellen oppfordrar til å sjå likskapen heller enn ulikskapen i tverrkulturelle møte. Fleire av informantane mine peikar på at fokus på likskap skaper kontakt, som eg skal kome tilbake til i analysen. På den andre sida seier Berliner at konsekvensen av denne forklaringsmodellen blir behandling av andre slik ein sjølv ville blitt behandla.

I Lopez (2007) si undersøking som er nemnt ovanfor, har nokre av informantane opplevd nettopp dette ugunstig: *”Noen av informantene har påpekt at rådene de har fått ikke har vært adekvate i forhold til deres behov og at terapeuten har behandlet dem som om de var norske”* (Ibid, s.140). Det same har barnevernet blitt kritisert for. Den eine av posisjonane i kritikken mot barnevernet si handtering av etniske minoritetar går på at ein held seg til ein

forklaringsmodell som liknar denne også på verdinivå. (Bredal 2009) Barn si omsorg blir vurdert etter vestleg mønster, blir det hevda. Ein har eit for lite kultursensitivt barnevern. Eg ser det ikkje som sjølv sagt at dette verdinivået skulle bli konsekvensen av eit slikt fokus på likskap. Utgangspunktet er medvit om at dei ulike kulturelle uttrykka er ulike måtar å hanskast med same basale behov. Slik eg ser det, kan dette like godt leie empatien til medvit om at andre *kan* ynskje å bli behandla annleis enn ein sjølv ville ynskje det, noko som kjem fram i analysen.

2. Forklaring: Relativismen

Berliner beskriv at relativismen legg vekt på å forstå ein kultur på sine egne pmissar. Forskarintensjonen er å kartlegge systema i kulturen utfrå eigen logikk og sett gjennom deira eigen synsvinkel. Det deskriptive nivået går då ut på å sjå det *unike* i kvart kulturelt system. Verdinivået tilseier: ”Du skal behandle den andre som å vere forskjellig frå deg!” Haldninga er at systemet er ekspert på seg sjølv, og i stand til å klare oppgåvene som personane der møter. Skal nokon utanfrå hjelpe, kan det berre skje utfrå ei djup innsikt i korleis systemet fungerer.

Sjølv stiller Berliner spørsmål ved modellen fordi den tilslører forholdet mellom kultur og individ. ”Kulturen hverken tenker eller føler – det gjør grupper og enkeltindivider i den.” (Berliner 1994, s.116) Berliner peikar her på det same som eg har referert frå Barth ovanfor (2.2.1) Normer og haldningar er person- og situasjonsavhengige. Om ein har tileigna seg kunnskap frå nokon ”*som har sett ord på*” kulturen, treng ikkje det bli opplevd riktig for eit anna individ innafor same gruppe. Resultatet, seier Berliner, er at ulikskapen held fram, og at ein i staden for eit møte sit igjen med ein overordna framstilling av den enkelte, unike kultur.

Eg tenkjer at frå denne andre forklaringsmodellen kan vi hente nettopp det vi mangla i den førre: *Medvitet om at noko kan vere ulikt*. Korleis får vi då innsikt i kva som er ulikt, dersom vi ikkje kan nytte oss direkte av at andre har sett ord på kulturen? Eg vil her vise til avsnittet ovanfor om ”Ikkje-vite posisjon” (2.4.2.). Ressursane som ligg i det perspektivet, vil bli grundigare behandla i analysen.

Lopez (2007) tek opp problemet med at den profesjonelle har kunnskap frå andre om klientane sin kultur, før ein møter desse. Under overskrifta ”*Terapeuten som håndterer kultur*

som om terapeuten hadde kunnskap” (Ibid, s.158), problematiserer ho at kultur blir tolka som objektivt, statisk og uforanderleg. Ein av hennar informantar fortel at mannen hennar var misfornøgd med terapeuten, og forklarte dette ved å beskrive terapeuten slik:

”Hun startet og snakket om afrikansk kultur og sånne ting, og at hun vet hvordan menn er i den kulturen, ikke sant? Også fortalte hun til mannen min at viss han ikke skjerp seg så kunne han miste meg....” (ibid, s.158)

Bredal (2009) peikar på dette som den andre posisjonen i kritikken av barnevernet si handtering av innvandrarfamiliar. Anklagene går på for stor respekt for innvandrarar sin kultur, og at barnevernet slik sviktar minoritetsbarn. Ein kan sjå det slik at barnevernet her blir kritisert for konsekvensane av denne andre forklaringsmodellen. Bredal modifiserer denne kritikken.

Fleire meiner at kulturforskjellar bør avdramatiserast og at førehandsinformasjon om andre sin kultur har lett for å verke som forenkla stereotypiar (Qureshi 2008 og 2009; Sørheim 2001).

3.Forklaring: Samspillet

Utfrå den tredje forklaringsmodellen eksisterer ulikskap i kultur berre i relasjonar mellom menneske, og viser seg ved det som blir sagt og gjort i situasjonen. På det deskriptive nivået konsentrerer modellen seg om *det som skjer i kommunikasjonen*, korleis dei involverte tolkar det, og kvar det fører dei involverte. Kulturforskjellane utanfor møtet tonar vekk. Møtet kjem i fokus. Korleis skaper og vedlikeheld ein kontakt på tvers av kultur? På forklaringsnivået viser ein til at kultur *”er”* ikkje i seg sjølv, men er *for* nokon, for den som observerer. Det viktige er ikkje ein generell tankekonstruksjon om korleis kulturen er, men den betydninga den får for partane i kommunikasjonen. Verdinivået peikar på ein dialog der begge har like rett.

Berliner viser til at i dialogen kan ein få direkte kontakt med haldningar og verdiar fordi dei blir presentert direkte i kontaktflata: *”I en situation kan dialogen omfatte erkendelsen af den konkrete forskellighed imellem to konkrete mennesker – og forhåpentligt føre til erkendelse af*

at det er acceptabelt....” (Berliner 1994, s.119) I ein annen situasjon kan dialogen føre til medvit om at ein trass alt er like.

Eg ser dette som ein forklaringsmodell med mange trekk av sosialkonstruksjonistisk tenking. Ein slik måte å forstå og forklare kultur møte på, kan godt ligge til grunn for ein praksis som liknar ikkje-vite posisjon. Eg ser element av denne forklaringsmodellen hos fleire forfattararar, blant anna hos Qureshi:

*”Hva vi har lest oss til generelt om **de andre**, vil derfor være av begrenset verdi. Slik viten må utsettes for kritiske og åpne møter med **de andre** for å danne seg et bilde av ”de andres kultur” og ikke minst tanker om denne” (Qureshi 2008, s.144).*

Desse tre forklaringsmodellane gjev tre ulike og viktige perspektiv på tverrkulturelle møte, og vil bli vist til i analysen av informantane si omtale av dette. Avslutningsvis i teorikapitlet vil eg ta fram teori om profesjonelle sitt fokus på eigen kulturbakgrunn.

2.5.3 Fokus på eigen kulturbakgrunn

Fleire av forfattarane som er omtalte og siterte til no, har vore opptekne av mangelen på fokus hos profesjonelle frå majoriteten omkring eigen kulturbakgrunn. Dette er blant anna ein del av kritikken som har kome frå postkolonial teori (2.5.1). I forordet til Vike (red)(2009), omtaler Eide dette som eit hovudfokus i artikkelsamlinga:

*”...dette måtte bli en annerledes bok om minoritetsspørsmål der fokuset var vel så mye på oss som representanter for et majoritetsperspektiv, og ikke primært på **de andre** – som var barn og unge med annen etnisk og kulturell bakgrunn” (Eide 2009,s.7).*

I same artikkelsamlinga peikar Qureshi(2009) på at nettopp møtet med *dei andre* kan stimulere til ettertanke og refleksjon: *”Hvilke verdier bygger våre egne forestillinger og holdninger på?”* (Ibid, s.206) Han påpeikar at oppfatningar og verdiar i eigen kultur kan vere så sjølvsgde at ein ikkje merkar at ein har dei. Med *kulturforståing* meiner Qureshi blant anna å forstå seg sjølv som kulturberar, og å sjå at personar med annan kulturbakgrunn kan ha andre verdiar som for dei er sjølvsgde. Slik held han fram *fokus på seg sjølv som kulturberar* som ein viktig del av kompetansen ein treng i tverrkulturelle møte.

Qureshi refererer to tenkte dialogar i artikkelen. Aktørane er ein profesjonell og eit foreldrepar som tydelegvis er innvandrarakar. Tema er å slå barn. I den dialogen der den profesjonelle viser at han er interessert i forstå foreldra sine tankar om dette, skjer det noko interessant. I dette utsnittet er dei komne inn på far sine opplevingar som barn av å bli slått:

”Profesjonell: Hva gjorde du når han slo?”

Far: Nei, jeg gråt og fikk trøst av mor...og andre søsken...

Profesjonell: Ja, det er mange måter å straffe barn på... jeg fikk ikkje juling, men måtte være på rommet mitt alene.

Far: ...alene på rommet...Husarrest?

Profesjonell: Ja, nesten...

Far: Var du helt alene utan å få trøst av noen?” (Ibid, s. 220)

Dette er ei tenkt samtale, og Qureshi kommenterer heller ikkje at den profesjonelle fortel om negative minner frå eigen barndom. Eg trur likevel ikkje det er tilfeldig lagt inn. Den profesjonelle fortel om husarrest, ein allment akseptert praksis i mange norske familiar. Far med innvandrarakgrunn syns tydeleg synd på den profesjonelle som barn. Eg tenkjer meg at *medvit om den kultur ein sjølv er berar av, nettopp kan få slike utslag*: At ein opnar opp for ei utveksling der begge partar kan sjå praksis ein ikkje likar i begge sin bakgrunn. Det kan sjølv sagt også gjelde praksis som ein likar. I analysekapitlet blir det teke opp både fokus på eigen kulturbakgrunn for den profesjonelle, vekt på likskap, og spørsmålet om å gje av egne opplevingar.

3 Design og metode

I dette kapitlet seier eg først noko om kvifor eg valde Grounded Theory (GT) som førande for totalt forskningsdesign. Eg vil så gjere greie for korleis eg forstår denne metoden. Vidare vil eg gå gjennom *min* GT prosess som inkluderte kvalitative intervju, herunder dei ulike vala som er tekne undervegs.

3.1 Forskningsdesign: Grounded Theory

3.1.1 Val av Grounded Theory

Det er forholdsvis lett å grunngje kvifor eg i første omgang fekk ideen til å bruke GT som metode for dette arbeidet. Første gongen eg hørde om metoden, fekk eg den forklart slik av ein student som var midt oppe prosessen: ”Det er ein metode der du går i gang med å undersøke det du er nysgjerrig på før du les teori om temaet. Når du så har fått dei første dataene, gjer du første analysen, og lar dette styre både *kva* du leitar etter vidare, og *kvar* du leitar etter det. Slik bestemmer dataene vegen for deg. Datainnsamling og analyse påverkar kvarandre gjensidig heile vegen. Materialet ditt er basisen i arbeidet.”

Då eg byrja å lese om metoden, såg det ut som den også passa godt til mitt prosjekt. Det meste av framstillingar om GT legg vekt på at metoden passar der det finns lite forskning på området frå før, eller der ein vil forske ut frå ein ny vinkel på eit allereie utforska felt. Blant andre Guvå & Hylander framstiller det slik (2003). Som eg var inne på i kap. 2.3, verkar prosjektet mitt, utfrå det eg har funne fram til, å vere eit nytt felt for forskning. I kapittel 2 har eg teke for meg teori som er skrive for å gje kulturkompetanse. Men eg har ikkje funne litteratur der systemisk tenkning/familieterapi er trekt inn i den samanheng. Mi vinkling, nemleg *fagbakrunnen* systemisk tenkning/familieterapi som *ressurs* for den tverrkulturelle dialogen, verkar til å vere ny.

Sjølv om eg forsto før eg starta at GT medfører eit noko omfattande og arbeidskrevande analysearbeid, vart eg ikkje skremd vekk frå dette valet. Eg søkte ein rettleiar som sjølv har erfaring med metoden, eit ynskje som eg var heldig å få oppfylt. Rettleiar kunne også bekrefte at prosjektet mitt såg ut til å kunne passe til denne metoden.

Valet av analysemetode vart gjort før eg i det heile gjekk i gang med arbeidet. Det har såleis vore muleg å fylgje fleire av råda som metoden tilbyr, frå starten av. Likevel vil det, som eg skal kome tilbake til, føre for langt i eit masterprosjekt å fylgje metoden frå A til Å. Slik sett er GT skapt for langt meir omfattande forskningsprosjekt.

3.1.2 Presentasjon av Grounded Theory

Mi viktigaste kjelde for kunnskap om GT er Kathy Charmaz, slik ho legg fram stoffet i boka ”Constructing Grounded Theory” (Charmaz 2006). Valet av hovudkjelde er ikkje tilfeldig. Kathy Charmaz står for ein versjon av metoden som er bygt på ein sosialkonstruksjonistisk posisjon, og som tek avstand frå det positivistiske paradigmet. I spørsmålet om paradigme er Charmaz klinkande klar:

*”.....I assume that neither data nor theories are discovered. Rather, we are part of the world we study and the data we collect. We **construct** our grounded theories through our past and present involvements and interactions with people, perspectives, and research practices” (Charmaz 2006, s.10).*

Historikk

GT vart utvikla på 1960-talet, opprinneleg som løysing på eit metodisk problem. Sosiologane Barney Glaser og Anselm Strauss i USA samarbeidde om studier av døyande sjukehuspasientar og korleis tema om døden vart behandla av sjukehuspersonalet. Dette var eit tema som vart lite snakka om innafor konteksten, og fylgjeleg hadde det vore forska lite på området frå før. Som eit resultat av dette, møtte forskarane problem med informasjonsinnhenting og med analyser av data. Løysinga førte altså til innovasjon av ein ny metode, gjengjeven av pionerane i ”The Discovery of Grounded Theory” i 1967. Dei beskrev her korleis dei *utvikla* teoriar frå forskning grunnlagt på data heller enn å utleie testbare hypoteser frå eksisterande teoriar (Charmaz 2006, s. 4).

Mykje av det som er skriva om GT i generelle metodebøker, bygger på metoden slik Glaser & Strauss utvikla den på 1960-talet. (Grønmo 2004; Thagaard 2009) I tida frå pionerane utvikla

metoden på 1960-talet og fram til i dag, har den vore brukt i både kvantitativ og kvalitativ forskning, med positivistisk og konstruktivistisk utgangspunkt. Såleis vil ein finne ein god del stoff om metoden som beskriv den annaleis enn slik Charmaz sin versjon framstår.

Tittelen på Glaser & Strauss si bok frå 1967 er interessant samanlikna med Charmaz sin boktittel frå 2006. Frå "The *discovery* of Grounded Theory" til "*Constructing* Grounded Theory" avspeglar, slik eg ser det, nettopp utviklinga frå eit forskningsideal der ny teori blir *oppdaga* i materialet, til eit ideal der forskaren *konstruerer* ny teori ut frå materialet. Begge posisjonane er variantar av GT.

Proessen i G T

Eg vil i det fylgjande presentere det som kjenneteiknar prosessen i GT, slik Charmaz beskriv den. Noko av dette vil bli grundigare presentert seinare når eg tek for meg min eigen prosess.

Som før nemnt, går ein inn og undersøker det ein er nysgjerrig på utan å skaffe seg teori på førehand. Samtidig advarer Charmaz mot å innbille seg at ein ikkje antar noko på førehand. Eit medvit om kva ein antar, kan motverke at ein "*unwittingly reproduce these assumptions*". (s.19) Inngangen til eit forskningsprosjekt kan vere så open som: "Kva skjer her?", og dei første dataene er med å leie forskaren inn i ei problemstilling. Datainnsamling kan skje ved hjelp av intervju, observasjonsmetodar, tekstanalyse eller anna.

Eg valde intervju som metode for produksjon av data. Difor vil eg no gå mest inn på datainnsamling ved hjelp av *intervju*, og korleis vekselverknaden mellom innsamling og bearbeiding av data då blir beskrive i metoden. Charmaz seier at intensivt, kvalitativt intervju passar perfekt til GT, fordi begge er styrte, men fleksible tilnærmingar (s.28).

I GT brukar ein ikkje nødvendigvis same intervjuguiden til fleire intervju, ein bestemmer seg heller ikkje for fleire informantar på førehand. Det første intervjuet går gjennom første runde med koding, og ut frå det ein då ser, vel ein sin neste informant. Her er stikkordet variasjon. Ein vel ut neste informant med tanke å få data som gjev noko anna enn den førre. Slik også med kva ein spør om i intervjuet. Det kan variere frå det eine intervjuet til det andre, etter kva informasjon ein no har behov for. Slik blir val av informantar og utforming av intervju bestemt av dataene som etter kvart blir produserte. Denne prosessen, der ein legg vekt på

vekselverknaden mellom dataproduksjon og analyse, er ein del av det som blir kalla *"Theoretical sampling"* i GT. Vidare inneber *"Theoretical sampling"* at ein søker nye data som utviklar dei teoretiske ideane ein får gjennom tidleg analyse av data. *"Theoretical sampling involves starting with data, constructing tentative ideas about the data, and then examining these ideas through further empirical inquiry"* (Charmaz 2006, s.102). I GT opererer ein med begrepet metting (*saturation*), som eit begrep for å ha nok data. Eit teikn på metting er at meir data sluttar å generere ny informasjon. Korleis ein skal definere metting, og om metting i det heile er muleg, er ofte diskutert i samband med denne metoden, blant anna hos Jensen (2008, s.177).

Koding er eit sentralt begrep i GT for bearbeiding av data. Det blir koda i fleire rundar, frå detaljert koding tett knytt til teksten, via fokusert koding og krysskoding (mellom informantar) til teoretisk koding. Kodinga foregår parallelt med datainnsamling, og desse påverkar kvarandre gjensidig. For kvar runde koding når ein eit høgre abstraksjonsnivå. Det øvste nivået er danning av kategoriar, som fører vidare til å utvikle teori. I GT er kategoriar noko som blir utforma *på grunnlag av* koding tett på dataene, og dette er steget før teoridanning. *"As the researcher categorizes, he or she raises the conceptual level of the analysis from description to a more abstract, theoretical level."* (Charmaz 2006, s.186) Prosessen går frå data til teoridanning, teori *"grounded"* på data, som er produktet ein ynskjer skal kome ut av forskingsprosessen. I mange tilfelle, som i eit prosjekt på masternivå, vil det vere meiningslaust å ha ny teori som mål. Her vil ein ikkje forvente noko høgre nivå enn kategoriar.

Idear og refleksjonar som dukkar opp etter kvart, skriv ein ned som memoar ("memos"). Desse kan vere lange eller korte, spontane eller gjennomarbeidde. Memoane hjelper til å starte analysearbeidet allereie tidleg i forskningsprosessen. (Charmaz 2006, s.73) Ein blir oppfordra til å slik skrive ned alle idear ein får, sjølv om ein ikkje kan forutsjå korleis ein kan få bruk for dei. Memoskrivinga representerer ein friare tankeprosess som virkar interaktivt med koding strengt grunnlagt på data.

Koding og memoskriving foregår som ein parallell prosess allereie frå starten, så snart data blir skapt. Ein vil også forme potensielle kategoriar gjennom heile prosesen, og alt dette er medverkande til endeleg kategori- og teoridanning som GT er meint å ende opp i.

3.2 Min GT-prosess ved bruk av kvalitative intervju

Som før nemnt, valde eg kvalitativt intervju som metode for produksjon av data. Dette passar godt til å utforske menneske si oppleving (Thagaard 2003, s. 61), eit formål som er klårt uttrykt i forskingsspørsmåla mine. Prosessen med kvalitative intervju inneber mange val på vegen, som eg vil gjere greie for her.

3.2.1 Val av informantar

Som nemnt vil prinsippet i ”theoretical sampling” gjere at valet av den enkelte informant skjer etter kvart i prosessen. Likevel vil det vere nokre overordna val som må gjerast i starten, for å gje prosjektet retning. Dei viktigaste av desse vil eg gjere greie for her.

Eg hadde to kriterium for utval av intervjupersonar. Dei skulle ha minimum to-årig utdanning i familierapi, og erfaring frå tverrkulturell dialog i arbeidet sitt etter at dei starta denne utdanninga. I tillegg til desse to kriteria var eg inno for fleire idear om avgrensing av utvalet, med ulik grunngjeving. Før eg går inn på desse vurderingane, vil eg opplyse kven eg enda opp med som informantar.

Eg har hatt intervju med fem informantar. Eg kallar dei Tone (1), Ingrid (2), Hanne (3), Maja (4) og Kjell (5). Dei har alle minst to-årig utdanning i familierapi og systemisk praksis. På intervjutidspunktet var det frå to til elleve år sidan dei hadde gjennomført denne. Nokre av dei var utdanna ved Diakonhjemmet Høgskole, andre ved Statens senter/ Region Bup. To av dei hadde også gjennomført utdanning i familierapi utover dei første to åra. Av informantane er fire kvinner og ein mann. Tre av informantane har sosialfagleg bakgrunn, ein har helsefagleg bakgrunn, og ein har studert sosialantropologi. Dei er i alderen 35 til 60 år. Alle har det til felles at dei har erfaring med tverrkulturell dialog som ein del av arbeidet sitt, etter at dei starta eller gjennomførte familierapiutdanninga. Informantane si erfaring med dette er frå ganske ulike arbeidsplassar. Ein av informantane har i intervjuet fortalt om slik erfaring frå to ulike arbeidsplassar. Erfaringane som såleis er samla i intervjuet, er frå kommunalt mottak og busetjing av kvoteflyktningar, frå ei privat stifting som tilbyr familierapeutiske samtaler, frå saksbehandling i det kommunale barnevernet, frå ei privat rådgjevingsteneste for kvinner, og frå omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar.

Vurderingar som gjeld utval av informantar ut frå kva arbeidsplass dei har erfaring frå

Familievernet kunne vere ein naturleg plass å søkje informantar for mitt prosjekt. Som før nemnt har 79 % av dei som arbeider der, utdanning i familierapi. Eg valde likevel dette vekk, sjølv om det var oppe til vurdering fleire gonger. Familievernet i område som tener ei befolkning med stor del av ikkje etnisk norske, har i fleire år uttrykt bekymring for at desse gruppene i liten grad nyttar seg av det frivillige samtaletilbodet. Gruppene kjem i kontakt med familievernet stort sett i samband med tvungen mekling. (Danielsen og Engebrigtsen, 2007). Mesteparten av Lopez (2007) sine informantar har også meklingserfaring frå familievernet, ikkje erfaring frå frivillige møte.

Eg var såleis redd for at ved å satse på informantar frå familievernet, ville eg stort sett få informasjon om korleis tverrkulturelle møte arta seg innafor *meklingsordninga*. Det var ikkje dette eg var nysgjerrig på. Mi eiga erfaring tilseier at meklingsorninga er lite eigna for menneske som ikkje kjenner til norsk samfunnssystem, og der det ofte er språkproblem i tillegg. Derimot kunne det vere interessant for meg å høyre korleis tilsette i familievernet opplevde å nytte sin kompetanse i utoverretta arbeid som innebar tverrkulturell dialog. Dei første forsøka mine på å skaffe informantar gjorde eg innafor dette utvalet. Som eg skal kome tilbake til, lukkast eg ikkje i dette av ulike grunnar. Slik skjedde det at erfaringa frå familievernet vart utelukka frå denne studien.

Vurderingar som gjeld utval av informantar ut frå kven dei hadde erfaring frå dialog med

Med så variert erfaring hos informantane kunne erfaringane i utvalet mitt bli for vide og sprikande. Det kunne vere behov for å snevre det inn. Her har fleire kriterium vore inne i bildet. Eit forslag var avgrensingar som gjaldt bakgrunnen til dei andre deltakarane i dialogen: Kven skulle informantane si erfaring innebære dialog med? Kunne eg for eksempel avgrense til menneske med bakgrunn frå Latinamerika? Eller menneske med muslimsk bakgrunn? Etter å ha vurdert dette fann eg at tanken var lite tiltalende for meg. Å avgrense det slik kunne gje eit inntrykk av at eg meinte dialog med den gruppa eg ville avgrense til, kravde spesiell kompetanse.

Eit stykke ut i prosessen bestemte eg meg likevel for ei anna avgrensing. I utgangspunktet var eg interessert i tverrkulturell dialog der den kulturelle skilnaden kunne innebære ekstra utfordring. Det var såleis også interessant for meg å intervjuje familieterapeutar med bakgrunn frå andre deler av verda, om erfaring frå deira tverrkulturelle dialog med etniske nordmenn og andre med anna etnisk og nasjonal bakgrunn enn deira eigen. Eg gjekk vekk frå dette etter kvart, då denne gruppa var lita, og anonymisering av desse informantane ville bli svært vanskeleg.

Vurderingar som gjeld utval av informantar utfrå kjønn

Som nemnt er variasjon eit stikkord for val av informantar i GT, etter prinsippet om ”theoretical sampling”. Då eg skulle velje min fjerde informant, hadde eg intervjuja tre kvinner og var på jakt etter ein mann, ut frå tanken om kjønn som variasjon. Det var då eg fekk spørsmålet frå medstudentar: - Kvifor er kjønn ein viktig variasjon i ditt prosjekt? Der vart eg svar skuldig. Først ved ny gjennomgang av dei intervjuja eg då hadde, vart ein viktig grunn tydeleg for meg. Eg såg då at dei tre første informantane sine forteljingar om gode tverrkulturelle møte, alle handla om møte med kvinner. Eg såg også at felles erfaringar som kvinner og mødre var sentrale møtepunkt i forteljingane. Slik vart eg mint om at tverrkulturell dialog også i høgste grad er ”kjønna”. Eg ville gjerne også få tak i erfaringar som innebar gode tverrkulturelle møte med menn. For å få det, ville sjansen vere størst ved å intervjuje menn. På denne måten enda eg opp med å halde fast ved kjønn som variasjon. Men prosessen hadde medført at eg no hadde ein viktig grunn for det.

3.2.2 Val som gjeld sjølve intervjuja

Informasjonsskriv

Informasjonsskriv (sjå vedlegg nr.1) om prosjektet vart sendt informantane på førehand. I nokre tilfelle vart dette sendt for at vedkomande kunne vurdere deltaking i prosjektet, i andre tilfelle hadde informanten sagt ja på bakgrunn av telefonsamtale, og fekk tilsendt skrivet som utfyllande informasjon.

Pilotintervjuet som vart samtalen med første informant

Det første intervjuet var i første omgang tenkt som eit pilotintervju. Dette intervjuet gav meg nokre idear om kva som med fordel kunne justerast til neste gong. Eg hadde lagt opp til spørsmål som gjaldt utdanning og praksis først. Derest oppfordra eg informanten til å fortelje ei historie frå eit tverrkulturelt møte som fungerte godt, med tanke på å teoretisere ut frå det. Den gode flyten i samtalen oppsto først då forteljingane kom. Tema om teori og fag vart mykje meir avslappa då. Utfrå dette tenkte eg at det nok kan gje ein viss prestasjonsangst å opne opp for fag og teori først. Vi vil så gjerne vere flinke til å teoretisere om det vi gjer. Ved å starte med forteljinga om eit godt møte aller først, får praktikaren som skal intervjuast, i staden anledning til først å fortelje om ein vellukka del av eigen praksis. Dette kan senke skuldrane. Difor bestemte eg meg for å i ettertid etterspørje det gode møtet så tidleg som muleg i intervjuet.

Eg lærde også av pilotintervjuet at eg kunne stole meir på eiga erfaring som terapeut enn eg hadde frykta. Eg vart mint om eiga evne til å fylgje folk ”ut på viddene” og likevel hugse kvar vi spora av, og kvar vi hadde tenkt oss. Av denne grunn kunne eg bruke intervjuguiden som ei memorert hugseliste. Eg kunne opne opp for forteljing først, og la dei spesifikke spørsmåla komme der det fall naturleg. Dette minner om det Thagaard (2009) kallar ”*elv-med sidestrømmer*”-modell (s.101). Thagaard meiner at denne modellen passar når intervjuet skal dekke eit hovudtema, og ein på førehand ikkje veit kva deltema som kan vere aktuelle. Dette stemmer for mine intervju. I intervjuguiden (vedlegg 3) hadde eg heile tida med eit spørsmål om møte som ikkje vart gode. Det spørsmålet fekk eg aldri brukt, fordi utfyllande spørsmål om det som kom, tok så lang tid.

Pilotintervjuet gav i tillegg så mykje verdifullt til problemstillinga mi, at eg ynskte å bruke det som datamateriale i prosjektet. Informanten gav samtykke til det, og slik vart dette intervjuet samtalen med Tone (1).

Grad av strukturering gjennom intervju

Det var ikkje alltid at informantane svarte på mine spørsmål. Men nokre gongar når dei svarte litt på sida, kom det fram slikt som informanten syns var viktig, og som eg ikkje hadde kome på å spørje om. Dette såg eg som nokre av dei verkeleg viktige øyeblikka i intervjuprosessen. På denne måten førte data meg vidare, og gav det eg ikkje hadde kome på å ynskje meg. Det var øyeblikk der eg fekk kjensla av å drive ”datastyrt forskning”.

På denne måten framstår mine intervju lite strukturerte. Eg tenkjer at erfaringa som terapeut kjem fram her. Som terapeut vil eg heile tida vere open for at det klienten kjem med kan vere gull verd, og ein mykje betre ide enn mine tankar om korleis eg ville føre han vidare. Sider av informanten si oppleving som er høgst relevante, men som eg ikkje har kome på å spørje om, kan bli meg til del dersom eg er open for dei svara som er på sida av mine spørsmål. I fleire tilfelle gav informantar meg på denne måten nye element som eg i dei neste intervju såg det som svært viktig å få belyst. Dette ser eg eksempel på blant anna i intervjuet med Ingrid:

KB: Syns du det var ein fordel å ha dei åra erfaring før du tok systemisk utdanning, slik at du hadde noko erfaring å linke det til?

Ingrid: Ja, det vil jeg absolutt si! Det er i alle fall mer motivasjon!

Men jeg har jo vært veldig opptatt av dette helt siden jeg gikk på grunnutdanninga jeg, da.og bestemte meg for at ja, jeg skal bli klinisk, og jeg skal gå på systemteori. Det bestemte jeg ganske tidlig (nr.2, 53).¹⁵

Her svarer ikkje Ingrid på mitt spørsmål, men ho kjem i staden med eit av dei utsagna som uttrykte at ho hadde med seg verdiane frå det systemiske før ho tok den systemiske utdanninga. Dette fekk meg seinare til å sjå etter liknande hos andre informantar, noko som viste seg i stor grad, og som igjen var grunnlag for å danne GT-kategori nr. 4: ”*Det nyttige kan vere tileigna før, gjennom og etter systemisk utdanning.*”

Dette er ein av effektane av Theoretical Sampling, slik eg forstår Charmaz (2006, s. 96).

Andre stader i intervjua verkar min intervjupraksis leiande. Temaet leiande spørsmål blir teke opp av Kvale. Han meiner at det er svært relevant å stille leiande spørsmål blant anna for å sjekke intervjuaren sine tolkingar.

”Det kvalitative forskningsintervjuet er særlig velegnet for å anvende ledende spørsmål for gjennomgående å sjekke intervjuerens reliabilitet, samt for å verifisere intervjuerens tolkninger” (Kvale 2001, s.97).

¹⁵ (nr.2, 53) står for intervju nr.2 og utsagn nr.53. Alle sitat frå intervjua i det fylgjande vil bli merka på denne måten.

Eg vil ta med eksempel på ein sekvens med leiande spørsmål der formålet nettopp er dette som Kvale her peikar på. Situasjonen er at eg bad informantane fortelje eksempel på gode tverrkulturelle møte. Når eg spurde kva dei hadde denne kompetansen frå, hadde dei ikkje alltid noko svar. I tilfelle der eg syns eg såg spesifikke element i deira praksis som kom frå systemisk tilnærming, prøvde eg å sjekke ut dette. Ingrid hadde klart for seg at ho hadde ideane frå den systemiske utdanninga, men hadde ikkje svar når eg spurde ope *kva* i den systemiske tilnærminga ho hadde det frå:

KB: Det høyrest ut som du kjem med lite ferdiglaga idear om "Kva trur eg at eg vil finne i verda til denne dama?", og at du kjem med en open, undrande, nysgjerrighet. Det er ikkje sånn: "Her kjem eg med Afghanistan-boksen, no skal eg putte den dama opp i der."

Ingrid: Mmm

KB: Men at du på en måte er ærleg nysgjerrig på "kva fins i den verda her, det har eg lyst at du skal vise meg!"

Ingrid: Ja! Sånn er det! Og sånn vil jeg være! Jeg vet ikke om jeg får det til støtt, men jeg vil være sånn på alle arenaer i verden....." (nr.2, 62).

I eksempelet ovanfor bygde eg opp til eit leiande spørsmål om den praksisen ho nettopp hadde gjort greie for, men eg kom ikkje ein gong så langt som til spørsmålet før ho braut ut: "Ja! Sånn er det!" Informanten sitt vidare svar gav tydelege teikn på at ho opplevde mi tolkning av henne som meningsfull, og ho kom med ei lang utlegging om dette. Alternativet til å sjekke ut dette medan intervjuet pågjekk, kunne vere at eg laga mine eigne tolkingar i det vidare arbeidet med analysen. Eg følte meg tryggare på å vere nær informanten si oppleving ved å spørje der og då. Dessutan fekk eg det grundig utdjupa på den måten. Eg nytta meg sjølv sagt også av å tolke vidare i analysearbeidet. Ingrid si utlegging i dette sitatet var, slik eg såg det, hennar integrerte versjon av "ikkje-vite-posisjon", som eg har teke for meg i teorikapitlet (Anderson 2003).

Ein praksis som kan innebere leiande spørsmål brukt på denne måten, heng også saman med min vitskapsteoretiske ståstad, som eg har gjort greie for i kap.2. I tråd med sosialkonstruksjonistisk tenking skjer det en samskappingsprosess mellom meg og informanten i intervjuet. Fog framstiller dette slik:

”Forskeren analyserer og fortolker hele tiden, også i selve intervjuet. Hun har formodninger om, hvordan tingene kan henge sammen, konfronterer interviewersonen med sin forståelse – og får forståelsen af – eller bekræftet” (Fog 2004, s.13).

3.2.3 Theoretical Sampling

Prinsippa i ”Theoretical Sampling” var nok det som tiltrekte meg mest då GT først vart presentert for meg. Eg har også hatt stor nytte av desse prinsippa. Samtidig har det i mitt tilfelle kosta mykje å prøve å halde seg til dei. Eg vil i det fylgjande gå nærare inn på både nytten og kostnadene.

For å ta kostnadene først, har desse samanheng med geografi, og ei smal gruppe å velje informantar frå. Familieterapeutar som har arbeidd mykje med etninske minoritetar etter at dei tok denne utdanninga, arbeider først og fremst i Oslo og omegn, eller andre større byar. For meg medførte intervju av kvar informant difor ei forholdsvis lang reise. Det kunne såleis vere praktisk å gjere avtale med fleire informantar på førehand når eg først skulle reise til Oslo eller Bergen. I tilfelle eg gjorde det, ville eg gå glipp av effekten ved å velje ein informant av gangen, og velje den neste på grunnlag av førre intervju i tråd med Theoretical Sampling. Sidan eg ville nytte meg av denne effekten, innebar det fylgjande prosess mellom kvart intervju: Først gjekk eg gjennom intervjuet, fekk helst transkribert det og utført den første ”Initial Coding”. Så var det å tenke igjennom kvar eg skulle leite etter neste informant. Deretter skulle vedkomande vurdere om ho/han ville vere med på dette, og prosessen starta for å finne eit tidspunkt der det kunne passe både for meg og informanten. I heile fem tilfelle hadde alt dette klaffa, men intervjuet vart likevel ikkje noko av på grunn av akutte omstende som oppsto same dag eller dagen før. Resultatet av alle desse omstenda var at det gikk nesten eit år frå første avtaledato om intervju, til det siste vart gjennomført. Då snakkar vi likevel om berre fem gjennomførte intervju.

Denne medaljen hadde også ei framside. Eg opplever at denne uthalinga av perioden for intervju, gav maksimal utbytte av effekten i Theoretical Sampling. Eg ser på denne effekten som ein sirkulær prosess mellom produksjon av data, kode- og analyseprosess, idear frå teori og samtaler med andre. Alt dette fekk meg til å sjå nye moment i materialet mitt, slik at prosjektet hadde utvikla seg mykje frå eit intervju til neste. Slik Charmaz legg fram prosessen,

kan ein få lov å leike seg med dette: *”Theoretical playfulness allows us to try out our ideas and to see where they may lead”* (Charmaz 2006, s. 71). Det vart ein prosess der det ikkje berre skjedde samskaping mellom meg og informanten gjennom intervjuet, men at ei samskaping heldt fram mellom meg og det transkriberte intervjuet i tida som gjekk fram til neste intervju. Notatar frå denne prosessen vart nedfelte i det som blir kalla ”memos” i GT.

Eg har ovanfor nemnt eit eksempel på dette, nemleg fenomenet som seinare vart ein kategori under namnet *”Det nyttige kan vere tileigna før, gjennom og etter utdanning”*. Eg la ikkje merke til temaet før eg gjorde den første kodinga. Då eg først var blitt merksam på det, kunne eg både utforme dei neste intervjuar med tanke på dette, og bruke det som eit av fleire kriterium for å leite etter dei neste informantane. Denne prosessen beskriv eg meir utfyllande når eg tek føre meg denne kategorien i analysekapitlet.

3.2.4 Spørsmålet om metting

Som nemnt er begrepet metting (*saturation*) brukt i GT om tidspunktet då meir data ikkje lenger genererer ny informasjon, og ein kan seie seg ferdig med datainnsamling (Charmaz 2006 s. 113). Eg har også nemnt at det ofte er diskutert korleis ein skal definere metting, og om det i forhold til nokre problemstillingar i det heile er muleg. I mitt tilfelle kan ein ikkje snakke om metting i klassisk GT-stil. Her måtte rammene setje grenser. Då siste intervjuet var gjennomført, opplevde eg også at eg hadde fått rikt, nyttig og variert datamateriale for problemstillinga mi. Eg hadde intervjuar familieterapeutar som hadde erfaring frå tverrkulturell dialog i ulike settingar, og dei var av begge kjønn. Nokre hadde lang erfaring etter familieterapiutdanninga, andre hadde teke denne for få år sidan. Dei representerte også eit mangfald i opplevingar med tanke på forskningsspørsmåla mine. I ettertid tenkjer eg heller ikkje at eg hadde hatt bruk for fleire informantar for å belyse det eg ville ha belyst. Det eg kunne ynskje eg hadde hatt betre tid til, var å snakke med nokre av informantane fleire gonger. Dette både for å utdjupe tema dei kom inn på, og for å sjekke korleis dei har meint enkelte utsagn.

3.2.5 Koding av samla materiale

Då siste intervjuet var gjennomført og transkribert, hadde prosessen allereie gjeve mange idear gjennom umiddelbar koding, memos og potensielle kategoriar. Det var freistande å bruke alt dette direkte i analysen utan å gå gjennom alt materialet på nytt på systematisk måte, og ”gå gradene” med dei ulike nivåa av koding fram til kategoriar.

Eg valde likevel å kode alt materialet i form av detaljert koding (initial coding) og fokusert koding (focused coding). Også denne delen av GT-prosessen viste seg å vere meir nyttig for arbeidet enn eg hadde forutsett. Blant anna såg eg i denne prosessen eit tema som gikk igjen i alle intervju, og som eg ikkje før hadde lagt så mykje merke til i materialet. Dette temaet enda seinare opp med bli ein GT-kategori 3: *”Element av gjensidig relasjon kan fremje tverrkulturell dialog.”* Fleire sider av temaet er kjent frå min eigen praksis i flyktningarbeid, og er dessutan omtalt i litteratur skrive om kulturkompetanse (m a Eriksen og Sørheim 2006). Dette kjem eg tilbake til i omtale av kategori 3. Charmaz peikar på at slike nye perspektiv er ein av fordelene med den detaljerte kodinga: *”Think of seeing a once-familiar landscape with a fresh eye after a long absence. You see familiar landmarks with acuity unlike days past when they blurred together”* (Charmaz 2006, s.55).

Detaljert og fokusert koding vart gjort elektronisk, kvart intervju for seg. Teksten vart sett opp i tabell med god plass på begge sider til detaljert koding på venstre og fokusert koding på høgre sida. Vedlegg 4 og 5 består av to tilfeldig valde sider frå to ulike intervju, som viser korleis denne kodinga vart gjort. Charmaz seier at den detaljerte kodinga kan gjerast ord for ord eller linje for linje. Hennar råd er å halde seg tett til teksten, og fokusere på handlingar og verb heller enn emne. *”We remain open to exploring whatever theoretical possibilities we can discern in the data”* (Charmaz 2006, s. 47). Eg erfarte at dette var eit godt råd med tanke på å unngå abstraksjon på dette nivået. Sjølv om teksten inneheldt mykje av informantane sine meiningar og refleksjonar, hjalp det å fokusere på verb i desse kodane. Å skli over på eit emne-nivå i den detaljerte kodinga, ville verke bindande med tanke på kva høve til abstraksjon ein kunne sjå.

Den fokuserte kodinga var neste steg, og begge desse nivåa av koding vart gjort med kvart intervju før eg gikk over på det neste. Charmaz seier om fokusert koding at denne er *”more directed, selective and conceptual”* enn den detaljerte kodinga (Charmaz 2006, s. 57).

Fokuserte kodar går eit steg på abstraksjonsvegen frå handling i teksten til tema. I tillegg er dei meint å kunne fange opp fleire detaljerte kodar.

Prosessens med å gjere denne to stegs- kodinga av alle intervjua tok tid, men vart ein uventa spennande prosess. Kvar fokus-kode kunne fange opp fleire utsagn ulike stader i intervjuet. Etter arbeidet med det første intervjuet såg eg at mange fokus-kodar passa perfekt også på utsagn i det andre intervjuet. Denne prosessen vart sirkulær på den måten at ny vinkling frå det neste intervjuet fekk meg til å endre ordlyden på nokre fokuskodar frå det førre, eller lage to som likna med ein liten distinksjon imellom. Eksempelvis hadde eg etter koding av første intervju fokuskoden: *”Den profesjonelle let seg påverke av den framande”* Andre intervjuet gav ei forteljing som passa til denne koden, men der påverknaden var tydelegare. Medvitet om denne ulikskapen fekk meg til å endre koden i første intervjuet til: *”Den profesjonelle lærer av den framande.”*

På denne måten vart lista over fokuskodar lengre for kvart intervju som var gjennomgått. Nokre fokuskodar vart ofte brukte, og gav meg idear om kva som kunne bli viktige tema. Kodar som likna på kvarandre, gav meg idear om samanhengar eg ikkje hadde sett før. Prosessen gav meining til Charmaz sitt utsagn om fokusert koding:

”Focus coding means using the most significant and/or frequent earlier codes to shift through large amount of data. Focused coding requires decisions about which initial codes makes the most analytic sense to categorize your data incisively and completely” (Charmaz 2006, s.57).

Den delen av analyseprosessen eg har gjengjeve hittil, hadde allereie medført utallige val, og like mange stader kunne eg valt annleis. Charmaz minner oss om vår eiga rolle i dette slik:

*”We construct our codes because we are actively naming data – even when we believe our codes form a perfect fit with actions and events in the studied world. We may think our codes capture the empirical reality. Yet it is **our** view; we choose the words that constitute our codes”* (Charmaz 2006, s.47).

Parallelt med kodinga som er omtalt ovanfor, vart utsegna i intervjua som korresponderte med kodane, nummererte. Når informantane blir siterte i den fylgjande analysen, skal det såleis

vere muleg å finne tilbake til kvar i dei transkriberte intervjuar utsagna har kome fram. Derimot gjorde eg på dette tidspunktet ikkje noko med dei transkriberte intervjuar for at dei skulle bli skriftleg tekst. Kvale (2001, s.104) påpeikar at *”Transkripsjonar er ikkje kopier eller gjengivelsar av en egentlig realitet, de er abstraksjonar, slik topografiske kart er abstraksjonar av det opprinnelige landskapet....”* Han anbefalar vidare at transkripsjonar blir omgjort til skriftleg tekst, slik at dei framstår etter reglane for dette. Der eg har brukt sitat i det fylgjande, er denne ”omsetjinga” gjort, men denne prosessen er ikkje utført med dei totale transkripsjonane. Desse sitata er også omsett frå ulike dialekter som prega transkripsjonane. I denne teksten blir informantane sine sitat skrivne på bokmål. Nokre av sitata vil også vere samansett av fleire utsegner frå den same informanten fordi det ville føre for langt å gjengje heile samanhengen. Eg har i desse tilfella lagt vekt på at meininga skal framstå mest muleg i tråd med måten eg forsto informanten si meining i utsegnene.

Proessen vidare frå koding til kategorisering tek eg føre meg i kapittel 4, som omhandlar analysen.

4 Analyse: GT – kategoriar og drøfting av desse

I dette kapitlet tek først føre meg vegen frå koding til utforming av GT-kategoriar. Deretter vil eg gjere greie for kvar enkelt av kategoriane. Under avsnittet for kvar kategori vil eg både seie noko om når og korleis grunnlaget for kategorien er utvikla, gjere greie for kva i materialet som underbygger den, og drøfte den i lys av relevant teori. Kategori 1 og 2 blir drøfta hovudsakleg på bakgrunn av teori presentert i kapittel 2. Kategori 3 blir hovudsakleg drøfta i lys av teori presentert undervegs. Teorien som blir nytta i kategori 3 gjev etter mitt syn først meining i lys av materialet som blir presentert i denne kategorien. Dette er bakgrunnen for at denne teorien ikkje er presentert før. Kategori 4 blir ikkje drøfta opp mot teori. Drøftinga av denne kjem i avsnitt 4.6, der materialet som eit heile blir drøfta.

4.1 Arbeid med utforming av kategoriar

I kapittel 3 har eg gjort greie for arbeidet med detaljert og fokusert koding av transkripterte intervju. Min prosess vidare gjekk ut på å prøve å samle lista av fokuskodar til nokre felles tema. Her vart ulike kombinasjonar prøvde, med tanke på å lage grupper som kunne gjere det lettare å sjå kategoriar i materialet. Alle fokuskodane som var skapte, vart etter kvart ordna i ulike hovudgrupper av tema:

1. Konstruktivistisk ståstad blir opplevd nyttig i tverrkulturell dialog
2. Ikkje-vite-posisjon
3. Metodar frå systemisk praksis som blir opplevd nyttig i tverrkulturell dialog
4. Ynskje om gjensidig relasjon
5. Vekt på likskap
6. Verdier, haldningar og ferdigheter frå systemisk tilnærming som blir opplevd nyttig:
Er dei tileigna før, gjennom eller etter systemisk utdanning?
7. Kva i eksempla skulle handterast gjennom tverrkulturell dialog?

Arbeidet med koding som er beskrive ovanfor, danna så grunnlaget for endeleg utforming av kategoriar. Mitt ynskje var å kunne utforme kategoriar slik at dei avspegla det eg no såg i materialet mitt på ein tilfredsstillande måte. Dei fleste hovudgruppene av tema ovanfor kan gjenkjennast i GT-kategoriar og subkategoriar som vart skapte. Hovudgruppe nr.3 er fordelt på ulike kategoriar.

Hovudgruppe nr.7 er ikkje med i nokon kategori. Dette er element i materialet som eg ikkje reknar som svar på forskningsspørsmåla mine. At informantane trekte dei fram, er for meg meir teikn på at forskningsspørsmåla mine er relevante. Innhaldet blir avspegla i avsnitt 1.2.2 *Kva utfordringar skal kulturkompetansen vere nyttig for?* Dessutan blir nokre av utfordringane omtalte i informanteksempla under den enkelte kategori, men då som objekt for den kategoriserte kompetansen.

Som nemnt, medfører kategorisering i GT eit meir abstrakt og teoretisk nivå samanlikna med kodinga (Charmaz 2006, s.186). Nedanfor vil eg gjengje prosessen frå hovudtema til kategoriar.

Sidan eg har benytta meg av "theoretical sampling" i dette prosjektet, er det naturleg at potensielle kategoriar har dukka opp både tidleg i prosessen, og etter kvart som arbeidet har skride fram. Nokre har blitt forkasta eller har forandra både innhald og ordlyd. Andre har eg ikkje blitt kvitt. Kategori 1 enda opp i same form som i ein tidleg memo etter første intervju. Då hadde eg i mellomtida, etter heile prosessen med koding av samla materiale, prøvd å forandre den til å romme meir. Tidleg jobbing med kategoriar blir anbefalt både av Charmaz og andre som beskriv Grounded Theory. Jensen (2008, s.80) siterer Burck, som er tydeleg på dette: *"The first step in a grounded theory analysis is to begin to identify descriptive categories in the transcribed research interview as soon as the data collection has begun."* Charmaz beskriv slike tidlege kategoriar som lovande abstraksjonsverktøy, *"intriguing, but thin"* (Charmaz 2006, s.96). Ho beskriv desse som nyttige for å skape retning til kva meir ein søker etter gjennom "theoretical sampling".


Likevel skulle ei endeleg utforming av kategoriar finne stad. Som nemnt var mitt ynskje at desse skulle *avspegle* det eg såg i materialet mitt etter koding av dette samla. Lista over felles tema for fokusodar var eit godt hjelpemiddel. Det var også nyttig å bla gjennom dei transkriberte og koda intervjuia igjen. Prosessen dreia seg kanskje mest om modning gjennom desse "øvingane". Eg vart mest fornøgd etter at eg reiv meg laus frå ideen om å femne alt. Det gav meir å legge vekt på kva som framstår med mest styrke i materialet som eit heile.

I denne prosessen der mange ulike val ha vore gjort. Eg enda opp med desse fire kategoriane:

- Konstruktivistisk ståstad blir opplevd nyttig i tverrkulturell dialog
- Ikkje-vite-posisjon blir opplevd nyttig i tverrkulturell dialog


- Element av gjensidig relasjon kan fremje tverrkulturell dialog
- Det nyttige kan ein ha tileigna seg før, gjennom og etter systemisk utdanning

Dei tre første kategoriane trer fram frå materialet utfrå direkte og indirekte svar på kva informantane opplever som nyttig i tverrkulturell dialog. Den fjerde samlar informantane sine utsegner om når og korleis dei har tileigna seg kompetansen som er nemnt i dei tre første. Subkategoriane avspeglar i nokre tilfelle ei av dei 7 hovudgruppene av tema. I andre tilfelle utgjer dei oppdeling etter andre skiljelinjer. Prosessen er skjematisk framstilt nedanfor.



På neste side fylgjer kart over kategoriar og underkategoriar slik dei endeleg vart utforma.


GT-kategoriar med subkategoriar og sub-subkategoriar



4.2 GT kategori 1:

*”Det som er realiteten for deg,
det er realiteten for deg, punktum og finale!”*

- ”Ingrid” –



Denne kategorien dukka opp allereie etter første intervju. Også i det samla materialet mitt trer nokre overordna perspektiv ved systemisk tilnærming sterkt fram i dei fleste informantane si vurdering av kva som er nyttig i tverrkulturell dialog. Dette gjeld uavhengig av om informantane vurderer den systemiske utdanninga som viktig eller ikkje i tileigning av desse perspektiva. Mest framtrede av desse overordna perspektiva er utsegner som uttalt eller implisitt dreier seg om konstruktivisme/sosialkonstruksjonisme¹⁶.

4.2.1 Nysgjerrig på din konstruksjon versus min konstruksjon

I fleire av informantane sine utsegner er konstruktivisme ein implisitt verdi når dei uttaler seg sterkast om kva som er nyttig tverrkulturell dialog. Maja(4) seier det slik:

*”Det som har vært godt, er å ikke ha noen agenda selv om at jeg skal hit eller dit i en samtale, å være åpen og nysgjerrig og spørre (...). Jeg synes det er så godt når det ikke er noe jeg skal ha **inn i** noen andre!” (nr.4,9)*

¹⁶ Disse omgrepa er omtalte i kap.2.1

Kjell (5) uttaler seg slik: *"Jeg tror jeg alltid, siden ungdommen, har vært ekstremt relativistisk. (.....) Å si at det er bedre for noen enn for andre, det har alltid forekommet meg veldig underlig"* (nr. 5,12).

Då Kjell fekk spørsmål om om korleis den gode relasjonen vart skapt til ein med svært ulik bakgrunn, fall svaret slik: *"Jeg var helt klart nysgjerrig på (.....) så var det å høre hvordan dette påvirket hans liv"* (nr. 5,32). Begge desse informantane gjev såleis uttrykk for både ein ståstad der konstruktivisme står sentralt, og fortel korleis dei brukar dette konkret i dialogen med menneske av framand kulturbakgrunn. Begge sine forteljingar om gode møte, som intervjuet starta med, stadfestar dette. Dette er forteljingar som det vil føre for langt å gjengje her, men dei viser at informantane gjekk langt i å la klientane informere dei om sin konstruksjon av kva som var viktig, og at denne konstruksjonen vart utgangspunkt for dialogen vidare. Kjell fortel:

"Alle barna til hans brødre som var myrdet under....., var hans ansvar. Dette tenkte han på hver dag. Det preget hans liv (.....) Etter hvert som han ble trygg, kunne han bringe opp dette med vold mot kona. Da eide han sitt eget engasjement i forhold til det, adferden som han ikke sto inne for i det hele tatt....." (nr. 5, 25 og 27)

Ein av informantane er svært tydeleg på at dette med konstruktivisme er sjølve hovudsaka i den systemiske utdanninga. Ingrid (2) seier det slik:

"Det er mange fine ord i systemteorien (hennar samleord for systemisk familierapi, min annm.), det er mange fine retninger, men det jeg tenker er essensen for meg, er dette: Å finne ut hva det handler om for deg, ikke hva det handler om for meg, men hva det handler om for deg, det er systemteori for meg..... Det som vi lærte første året på systemteorien, at det som er realiteten for deg, det er realiteten for deg, punktum og finale!" (Nr. 2, 10 og 13)

Då Ingrid fekk spørsmål om kva i systemisk utdanning som styrer eigen praksis, svarte ho: *"....hele tankegangen bak systemteorien. Hvis jeg skal prøve å konkretisere det til noe spesifikt, må det vel bli at det ikke finnes noen objektiv virkelighet, for det første"* (Nr. 2, 50)

Det konstruktivistiske grunnsynet gjev Tone(1) til kjenne ved å fortelje om ein situasjon som hadde skjedd før systemisk utdanning. Her dreia det seg om mottak av kvoteflyktingar frå Vestafrika:

”Vi snakket med disse seinere om måten vi hadde møtt dem på. De kom rett fra flyktingleiren, man hadde skutt på dem på vei inn i flyet. Der sto vi og sa: ”Welcome to Norway and Kristiansand!” Så kjørte vi dem gjennom et vakkert landskap, synes vi. Hva de så, fikk vi seinere vite, var at her var det kjempeskummelt, her kunne være snikskyttere over alt!.....Nettopp den situasjonen med mottak av disse flyktingene, tenkte jeg på da jeg tok systemisk utdanning. Vi var ikke ”Intuned” i det hele tatt. Vi var på to vidt forskjellige planeter” (Nr.1,6).

På spørsmålet om kva Tone i etterpåklokskapens teikn ville gjort annleis i dag, etter systemisk utdanning, var svaret: *”Jeg tror jeg ville ha begynt med å prøve å finne ut: Hva **tenkte** de da de kom? Ville prøvd å komme i en dialog mye raskere.”*(Nr.1,8) Tone fortel også historia om ei fleire dagars reise saman med ei flyktingkvinne, i samband med behandling etter traume. Her kjem både historia, og Tone si forklaring på kvifor ho kunne handtere situasjonen:

”Det var påtrykk fra en veileder som var en kapasitet på området, at når hun begynte å gjenta sin historie, skulle hun avbrytes. Jeg hadde en styrke i det systemiske, og tenkte: - Hvis jeg ikke kan høre på hennes historie, hvem skal det da? Og det var fascinerende. For hun holdt på i nærmere to døgn å fortelle sin historie. Jeg var veldig sliten i hodet, men plutselig begynte jeg å høre.... Hva hørte jeg? Gjentagelsen var et slags refreng. Det ble på en måte en sang hun holdt på med, med refreng. Hun gjentar ikke seg selv, det er et refreng, for å få sammenhengen, dra ting sammen, tenkte jeg. – Sånn tenker man ikke hvis man ikke har lest litt systemisk, tenkte jeg” (Nr.1, 16 og 17).

Informanten legg her for dagen ein vel utvikla vilje til å vere open for den andre sin konstruksjon i form og innhald, og slik finne meining i svært framand form for dialog.

Som nemnt, er konstruktivistisk ståstad omtalt av dei fleste informantane som viktig grunnlag for tverrkulturell dialog. Som eg har trekt fram, meiner eg å sjå frå forteljningane deira om tverrkulturelle møte, at dei også i praksis nyttar seg av dette. Derimot er det ikkje alle som meiner at systemisk familierapiutdanning har vore avgjerande for at dei har tileigna seg

dette perspektivet. Alle peikar likevel på at utdanninga har hatt ei viss rolle i så måte. Tone, Ingrid og Maja opplever utdanninga som avgjerande for dette. Kjell hadde dette perspektivet med seg *”helt siden ungdommen”* (nr.5, 12), medan Hanne ikkje legg vekt på konstruktivismen, men tenkjer at postmodernismen har spelt ei viss rolle. (nr.3, 33) Spørsmålet om dei nyttige perspektiva er tileigna før, under eller etter systemisk utdanning, vert belyst nærare under kategori 4.

Så langt kan eg oppsummere materialet mitt slik vedkomande kategori 1A:

- Dei fleste informantane trekker fram konstruktivisme som ein ståstad dei har nytte av i tverrkulturell dialog. Fleire av dei ser dette som det viktigaste ved utdanninga.
- Eg ser forteljningane deira om tverrkulturelle møte som eksempel på at dei nyttar denne ståstaden i praksis.
- Dei fleste informantane ser den systemiske utdanninga som viktig for å ha tileigna seg dette.

4.2.2 Kategori 1B: Vere merksam på egne konstruksjonar

I kapittel 2.5.3 har eg referert til forfattarar som legg vekt på den profesjonelle sitt fokus på eigen kulturbakgrunn. Eide (2009) omtaler dette som ein viktig og hittil neglisjert del av kulturkompetansen. I Qureshi si omtale av kulturforståing inngår *”å forstå seg selv som kulturbærere”* (Qureshi, 2009, s. 208).

Sidan midt på 1980-talet har det vore eit sterkt fokus innafør systemisk familieterapi på at det er umuleg for terapeuten å vere nøytral observatør, også av klientsystemet (bl a Hoffman 1987). Metodane som er utvikla innafør systemisk familieterapitradisjon etter dette, legg vekt på terapeuten sitt medvit om egne konstruksjonar. Terapeuten er komen inn på scena og er aktør i spelet som foregår, og må vere merksam på kva han sjølv bidreg med. Denne haldninga viser seg også hos mine informantar: Det er umuleg å vere nøytral observatør også av andre sin kultur, og medvit om eigen kultur hjelper til å halde dette oppe.

Dette kjem tydelegast fram hos Hanne(3), som er oppteken av at i forhold til kulturforskjellar er det viktig å vere merksam på sine egne konstruksjonar:

”Jeg tenker sånn at jeg har verdier, fordommer, meninger, tanker og oppfatninger av ting, og erfaringer som påvirker meg i møte med mennesker. Og det som hjelper til å holde oppe et refleksivt forhold til dette, er at jeg kjenner mine egne fordommer og verdier, og at de er uttalt. At de er uttalt, og at jeg er oppmerksom på at jeg påvirker med mitt i møter med andre. Jeg er jo tilstede med meg selv i dette, og det vil være med og prege relasjonen” (nr.3, 38).


Hos dei andre informantane viser denne haldninga seg mest implisitt i forteljingane. Blant anna ser vi den i Ingrid si forteljing om sprinkelsenga som ikkje vart brukt.¹⁷ Ingrid er i den open for å sjå praksis i sin eigen kultur med den framande kvinna sine auge, og ho ser noko nytt: *”Jeg ser henne for meg enda, det var et signifikant øyeblikk, tror jeg” (nr.2,63)*. Ingrid legg i denne forteljinga for dagen ein vilje til medvit om den kulturen ho sjølv er berar av, og som liknar på dialogen frå Qureshi gjengjeve i kap.2.5.3. Det som er felles, er at begge desse profesjonelle får hjelp frå framande klientar til å sjå det ugunstige ved oppsedingspraksis i eigen kultur. Slik Johannessen (2007) legg det fram, vil det vere ei utfordring for europeiske profesjonelle å kunne la seg påverke slik. Den lokale, vestleg baserte kunnskapen blir nemleg rekna for universell. Det er dette mønsteret Ingrid klarer å bryte i eit *”signifikant øyeblikk”*.

¹⁷ Sjå sub-subkategori 3A,3 under kap.4.4.1

4.3 GT kategori 2:

” Da kan jeg tenke: ”Dette kan jeg ingenting om.” ”

- ”Tone”-



Ulike ytringar om nytten av å ikkje vere ekspert i tverrkulturell dialog, kom fram i første intervjuet og var veldig sentralt der. Dei var også til stades i alle dei andre intervju. Av desse ytringane vart nytten av ikkje-vite-posisjon trekt fram mest. Det er også dette omgrepet som mest tydeleg er henta frå systemisk familierterapi.

Sidan dette med ikkje-vite-posisjon kom fram så tydeleg i første intervju, kunne eg i tråd med ”theoretical sampling” ha spurt direkte om det i dei neste intervju. Eg valde likevel å først sjå om det kom fram gjennom informantane sine forteljingar om det nyttige, noko det også gjorde i dei fleste tilfella.

Fire av informantane omtalar ikkje-vite-posisjon som nyttig i tverrkulturell dialog, og legg stor vekt på dette. Ingrid nemner ikkje dette spesielt, men i fleire sekvensar der ho snakkar om respekt for framande sine konstruksjonar, ligg innhaldet nær opp til ikkje-vite-ideal. På grunnlag av at informantane legg så stor vekt på dette, har eg via stor plass til ikkje-vite-posisjon i kapittel 2, og vil i det fylgjande vise tilbake til det.

Eg ser 3 ulike funksjonar som ikkje-vite-posisjon får, slik informantane brukar posisjonen i tverrkulturell dialog. Desse funksjonane utgjer dei tre subkategoriane, og blir omtala kvar for

seg i det fylgjande. Men først vil eg ta fram nokre generelle sider som informantane tek opp vedkomande ikkje-vite-posisjon brukt tverrkulturelt.

Tverrkulturell dialog kan fremje ikkje-vite-posisjon

Kjell(5) kom inn på temaet ikkje-vite-posisjon med utgangspunkt i møtet med mannen som er omtalt tidlegare.

"En annen ting er å ikke vite! Å vite at jeg ikke vet! Sånn sett var det kanskje bedre for ham å snakke med en som var fra en annen kultur, enn en som var fra hans egen.

KB: "For du er nøydd til å spørje du, for å forstå?"

Kjell: "Ja! Sånn sett kan det tenkes at man kan utnytte det at det er forskjellige kulturer. At det kan bli en styrke. (.....) Han må fortelle tydelig hva det er som er viktig her. Hvorfor er det viktig? Når er det viktig? Hjelp meg å forstå!"(nr.5,38 – 42)

Her tek Kjell fram styrken i at den profesjonelle blir naturleg ikkje-vitande i tverrkulturell dialog. Det blir lettare å vere naivt og nysgjerrig spørjande når den andre er framand. Kjell seier at dette kanskje var betre for mannen enn ein terapeut frå mannen sin eigen kultur. Eg tolkar Kjell slik at når ein må setje ord på det "tatt-for-gitte" til ein ikkje-vitande, framand terapeut, får ein del i noko av poenget i ikkje-vite-posisjon som terapeutisk prinsipp: "En terapi, hvor terapeuten og klienten begge er forskere...." (Anderson 2003, s. 29) Klienten blir også forskar på seg sjølv. Han blir nøydd til å setje ord på det "tatt-for-gitte" fordi det er framandt for terapeuten, og dermed får klienten tilgang på sider ved si eiga forteljing som han elles ville ha hoppa over.

Hanne (3) tek og fram at sjølve det tverrkulturelle møtet *fordrar* ein ikkje-vite-posisjon:

"Det som jeg tenker blir spesielt med kvinner fra andre kulturer, er at jeg kjenner de kulturene dårligere.(.....) Så jeg møter jo til den samtalen med at jeg ikke kan så mye. Og det er noe som er framhevet innenfor systemisk tenkning, hvis vi tenker på ikke-viter-posisjon"(nr.3, 6).

Forstyrning av ikkje-vite-haldning, og hjelp til å halde fast på den

Hanne påpeikar vidare at ikkje-vite-haldning for henne er eit verdisyn, og at ho hadde det lenge før familierapiutdanninga. Ho meiner også at sjølve erfaringa i arbeidet som rådgjevar

har framelska ein ikkje-vite-posisjon. Dette blir omtalt grundigare under kategori 4. Samtidig reflekterer ho rundt at erfaring kan forstyrre ein ikkje-vite-posisjon.

”Det som lett kan forstyrre meg i å ha en ikke-viter-posisjon, er at man har så mye erfaring og kunnskap om dette, har møtt så mange som har akkurat den opplevelsen, så man kan stå i fare for å generalisere. Sånn var jeg egentlig mer tro mot en ikke-viter-posisjon da jeg var ny og uerfaren. Jeg lyttet kanskje mer interessert, og lyttet kanskje mer av hjertet....”

KB: ”...Det å ha teoretiseringa omkring ikkje-vite-posisjon, trur du det kan ha hjelpt deg til å bremse på å bli den ekspertten som du faktisk...”

Her kom Hanne ivrig inn før spørsmålet var stilt ferdig: *”Ja, helt klart, altså det har bidratt til å holde det oppe. Og minne meg selv om det. Ha det som ideal”* (nr.3,33). Dette er einaste punktet der Hanne er heilt tydeleg på at den systemiske kompetansen er avgjerande for hennar kulturkompetanse. Ikkje-vite-posisjon har ho både hatt som verdi tidlegare, og den har blitt framelska gjennom praksis. Men sidan teoretiseringa om ikkje-vite-posisjon er å finne innafør systemisk tenking, er det her ho har fått hjelp til å *halde fast* på denne posisjonen trass i at lang erfaring kan forstyrre den.

4.3.1 Subkategori 2A: Ikkje-vite-posisjon med vekt på klienten som kulturinformant

Ei side ved ikkje-vite-posisjon som blir mykje omtalt av informantane, er ynsket om at klientane sjølve er informantar til den profesjonelle om eigen kultur. Tone var tydeleg på dette heilt frå starten av intervjuet. I forteljinga om arbeidet med etablering av kvoteflyktningar, legg ho vekt på effekten av å søke informasjon om heimlandet frå flyktningane sjølve, framfor å innhente generell informasjon på førehand. Ho fortel:

”De hadde mye å fortelle fra sin virkelighet som jeg ikke visste noe om. Først tenkte vi å få noen fra universitetet til å informere oss om hjemlandet og konflikten. Så viste det seg at flyktningene var ressurssterke folk som visste veldig mye. (...)Vi unngikk å få en ”sånn – er – det – der”- informasjon. Det gir en forforståelse. Jeg tenker at det systemiske hjalp til å dra meg opp av den grøfta der” (nr.1, 12 – 14).

Då eg spurde Tone kva ho ser som spesielt viktig i tverrkulturelle møte, svarar ho:

”Nei, jeg tenker vel at å møte mennesker som har en annen kultur enn jeg.... Det handler om å prøve å forstå hverandre! Hvem er jeg, og hvem er denne personen. Største problemet er jo at vi låser oss i noen forestillinger.(....)Folk er hyggelige og hjelper til med å fortelle. De forteller om noe de kan. Sånn er det” (nr.1,22).

Intervjuet med Kjell er mykje bygd opp rundt kontakta hans med mannen som er omtalt under kategori 1. Eg spurde han om behovet for å vite noko om mannen sin bakgrunn på førehand:

KB: ”I den relasjonen der; ville det vere nyttig for deg å ha kunnskap om hans bakgrunn frå før?”

Kjell: (Pause) ”...Det hadde ingenting å si her.(.....) Har man ideelt sett en god ”talk”, kan man jo spørre om hva som helst. Det jeg hadde vært engstelig for, var å spørre om ting jeg ikke skulle spørre om fordi det er tabu. Da kan man jo si det også, at jeg kjenner så lite til det, så jeg spør. De man snakker med kan jo hjelpe deg med det aller meste, tenker jeg”(nr.5,38 og 39).

Kjell kjem her med same erfaringa som Tone: Han sakna ikkje å vite noko om klienten sin bakgrunn på førehand, for han kan spørje om det han treng å vite. Kjell dveler litt ved spørsmålet om faren for å spørje tabubelagde spørsmål, men kjem fram til at det også kan forklarast med ein ikkje-vitande ”naivitet”.

Ulike sider av å bruke ikkje-vite-posisjon med vekt på klienten som kulturinformant

Barth (1994) si forståing av kulturomgrepet, som eg har valt å ta utgangspunkt i, legg vekt på ulikskapen i kultur sjølv innafor dei minste einingar: *”Tvert imot er forskjellige menneskers konstruksjoner av virkeligheten alltid ulike: innenfor et land, innenfor et lokalsamfunn, selv innenfor en familie”*(Barth 1994, s.10). På grunnlag av dette synest det svært nyttig å la klienten sjølv vere kulturinformant, slik Tone og Kjell her legg vekt på.

I artikkelen *”Kultursensitivitet i profesjonell yrkesutøvelse”* tek Qureshi opp blant anna dette temaet. Om kulturforståing seier han: *”Å ha en slik kulturell bevissthet, betyr at man ikke har*

alle svarene på forhånd, men at man er åpen for læring og stiller seg spørrende” (Qureshi 2009, s. 210). Han peikar på at i dei enkelte profesjonsgruppene blir det ofte avspegla generelle negative stereotypiar som finst i samfunnet om etniske minoritetar . Når dei profesjonelle møter desse som brukarar, har dei med seg stereotypiar om *kven* brukarane er, og korleis dei *skal møtast*. Resultatet blir at *”Hvis profesjonsutøvere lar sitt perspektiv og sin kunnskap bli dominerende, vil etniske minoriteters perspektiv og viten om seg selv komme i en underordnet posisjon”* (Ibid, s.212). Qureshi peikar på nettopp ikkje-vite posisjon som ein muleg veg å gå for å gje brukarar sjanse til å *”konstruere seg selv i samhandling”*(Ibid). Slik eg ser det, viser Tone og Kjell gode eksempel på å nettopp la klientane få lov til å konstruere seg sjølve. Tone si erfaring med å få informasjon direkte frå dei vestafrikanske flyktningane, er også svært samanfallande med Qureshi sitt synspunkt i eit tidlegare arbeid:

*”Hva vi har lest oss til generelt om **de andre**, vil derfor være av begrenset verdi. Slik viten må utsettes for kritiske og åpne møter med **de andre** for å danne seg et bilde av ”de andres kultur” og ikke minst tanker om denne”* (Qureshi 2008, s.144).

Problemet med å tru at ein har kunnskap om den andre sin kultur, er også teke opp hos Lopez (2007). Enkelte av informantane i hennar studie tek fram problem med å ha møtt nettopp dette, noko som er nærare utdjupa i kapittel 2.¹⁸

I kap.2.5.2 presenterte eg Berliner sine tre kulturforklaringsmodellar. Den tredje modellen legg vekt på samspelet, kultur slik den viser seg der og då i det enkelte møte. Kulturen *”er”* ikkje i seg sjølv, men er alltid *for* nokon, for den som ser (Berliner 1994, s.117). Det viktige er kva tyding kulturen får for partane i kommunikasjonen. Måten informantane over fortel at dei brukar ikkje-vite-posisjon til å få kjennskap til klientane sin kultur, ser eg som gode eksempel på dette.

Lopez har også snakka med informantar som i sitt møte med terapeutar eller meklarar i familievernet nettopp har møtt ei form for ikkje-vite posisjon. I dette tilfellet er det interessant at klientane skulle ynskje at det motsette var tilfelle:

¹⁸ Kap.2.5.2 Kulturforklaring 2, Relativismen

”Det har kommet fram en del ganger at vi ikke var norske, men det som kanskje manglet hos terapeutene var innsikt i disse andre kulturene. Det virket som de ble kjent med våre kulturer gjennom samtalen, det kunne ha vært bedre å ha kjennskap til kulturene på forhånd, jeg vet ikke, slik at terapeuten kunne ha vært bedre forberedt på hvordan han eller hun skulle takle samtalen, situasjonen...” (Lopez 2007, s.157)

Lopez kommenterer her at informanten snakkar om kultur som noko handfast, noko som det går an å få kunnskap om. Slik problematiserer ho om det klienten etterlyser hos terapeuten er muleg å ha, jamfør kulturforståing i fylgje Barth ovanfor.

Ein annan av hennar informantar fortel at terapeuten var veldig klok og nysgjerrig, men klienten følte ei forventning om å vere ”kulturinformant” for han. ”..... der og da fra meg som er litt nervøs og litt...kan du si...fornærma. Ja, hva skulle han lære av meg da? For eksempel når han spør: ”Hvordan er skilsmisse i Iran?”(Lopez 158)

Dette eksempelet kan vise klienten si oppleving av å skulle vere ein representant for sin nasjonale kultur, meir enn å bli spurt om ”...the uniqueness of each individual client’s narrative truth”(Anderson 1992). I den situasjonen klienten var, ville det kanskje bli opplevd annleis dersom han vart spurt: ”Kva tenkjer du sjølv om skilsmisse?” Og uansett kan eg ikkje gjere meg klok på kva som ville vere resultatet av eit annleis stilt spørsmål. Ifylgje Anderson var det ikkje terapeuten eller andre rådgjevarar sine uttenkte spørsmål på førehand som ville opne opp for ny forståing og nye vegar å gå i klienten sitt liv. Dei opnande spørsmåla veks fram av det som skjer mellom klient og terapeut der og då. Ikkje-vite posisjon er haldning meir enn teknikk.

4.3.2 Subkategori 2B: Ikkje-vite-posisjon i form av å unngå bedreviten om løysinga på problemet

Maja brukar ikkje ordet ”ikkje-vite” om det ho gjer. Ho seier at ho hentar inspirasjon mest frå narrativ terapi.¹⁹ Innhaldmessig ser eg likevel den terapeutiske haldninga ho fortel om , som

¹⁹ Narrativ terapi: Sjå fotnote nummer 9. Den terapeutiske haldninga i ikkje-vite-posisjon og narrativ terapi vil mange oppleve som så nær beslekta at ein ikkje vil sjå ein distinksjon mellom dei som viktig. Begge

identisk med ei ikkje-vite-haldning. Ho snakka tydelegast om ikkje-vite-posisjon då eg avslutningsvis spurde henne kva som er viktigast når ein går inn i tverrkulturell dialog:

”Være utforskende, nysgjerrig, spørrende, og prøve å forstå mest mulig om hva den personen tenker om livet sitt. Som da handler både om ideer, meninger, intensjoner, verdier” (nr.4,28).

Maja si forteljing om ein god dialog gjeld ei afrikansk kvinne der paret først starta i parterapi, noko som fungerte dårleg. Maja og denne kvinna heldt då fram med individualterapi.

” De var henvist til meg fra barnevernstjenesten, og der var de opptatt av det som hadde skjedd. Hun følte at de hadde en sterk agenda om at hun måtte skille seg frå den mannen som slår, det er måten å beskytte barna sine på.(.....)Jeg sa at jeg var nysgjerrig, og at jeg ville høre. Jeg vet at jeg blir provosert over den type holdninger fra noen, som sier at når mannen har slått deg, må du skille deg. Jeg hadde ingen ide om at det ville gitt henne et godt liv, med mindre hun hadde sagt at det var det hun ønsket, eller at hun trodde det kunne gitt henne et godt liv. Det er veldig deilig å ikke ha noen meninger selv. (.....)I starten visste jeg jo ikke hva hun tenkte om det, om hun mente at å skille seg er det man gjør når man blir slått. Og vi snakka også ganske mye om det etter hvert.(.....) Senere hadde vi parterapi igjen. Han hadde i mellomtiden vært åpen om volden ute i verden og på jobben. Han hadde også gått i individualterapi. Han hadde tydelig tatt avstand fra volden, og det visste hun. Ja, jeg fulgte henne så lenge at hun var helt trygg på at hun ville prøve.(.....)Og de fikk en baby, og mannen hadde klart for seg at den nye babyen aldri skulle se vold. Det hadde de andre barna gjort, men denne nye babyen skulle aldri det. Men da hadde hun sammen med meg kunnet se muligheter for hvordan det ville være å leve et liv videre som enslig” (nr.4, 14 og 17).

Maja si historie rører ved fleire sider ved ikkje-vite-posisjon. Den rører også ved temaet å nytte ikkje- vite- posisjon i saker der vald er involvert, uavhengig av om dialogen rundt det er

terapiformene bygger på sosialkonstruksjonismen og nyttar seg av samskapingsprosessar i terapien. Når eg likevel presiserer at Maja ikkje nyttar ordet ikkje-vite om det ho gjer, er det mest for å vere ryddig overfor hennar eiga omtale av arbeidet sitt.

tverrkulturell eller ei. Maja fortel at ho inntok ei ikkje-vite-haldning overfor kvinna, som også innebar å ikkje vite kva som var best å gjere når ho levde i eit parforhold med vald. Ho seier at ho ikkje hadde noko meining om det, men på den andre sida viser ho ei sterk meining om haldninga som innber automatikken: *"Har han slått, må du skille deg."* Maja fortel at kvinna var open for å utforske spørsmålet om skilsmisse seinare i terapien. Vi veit ikkje om ho kunne vore så open dersom Maja hadde vist ei "vite-haldning" om at vald må føre til skilsmisse. Kvinna si haldning til barnevernet kan kanskje tyde på at dette hadde vore ugunstig for å kunne utforske det spørsmålet fritt. Slik Maja fortel dette, opplevde ho ei ikkje-vite-haldning som nyttig i arbeid med denne saka. Den fekk ein utgang der valden opphørde, og mange faktorar medførte til det. Maja si haldning er nok ein av dei.

Som nemnt, er denne sida ved ikkje-vite-posisjon aktuell uansett om dialogen rundt det er tverrkulturell eller ei. Har dette då sin plass i eit prosjekt om kulturkompetanse? Eg vil her trekke fram forståinga av kulturkompetanse som Lopez held seg til: *"Det innebærer snarere å være oppmerksom på at man kan ha ulike syn på både problem og løsninger, og at man da bør ha fleksible arbeidsmåter"* (Lopez 2007, s.140) Slik kan ein seie at den haldninga Maja gikk inn i saka med, utan klar ståstad om løysinga på problemet, samsvarer med denne forståinga av kulturkompetanse.

4.3.3 Subkategori 2A: Ikkje-vite-posisjon for å hindre kultur som overgeneralisering

I teorikapitlet har eg kome inn på tendensen til å nytte kulturen som forklaring når noko negativt oppstår hos ikkje-vestlege innvandrarak. Bredal (2009) kallar dette *kultur som overgeneralisering*. Qureshi (2008) skriv om at vi blir hengande fast i *kulturmyra*.²⁰ Dersom eksempelet over galdt eit par med norsk bakgrunn, er det lite sannsynleg at profesjonelle ville gå inn i saka med kultur som forklaringshypotese for vald. Derimot ville det vere sannsynleg her, sidan det faktisk gjeld eit afrikansk par. Som tidlegare nemnt, forklarar Qureshi (2009) dette fenomenet med at profesjonsgruppene ofte avspeglar generelle negative stereotypiar som finst i samfunnet om etniske minoritetar. I dette tilfellet snakkar vi då om stereotypiar i det norske samfunnet om vald i afrikanske familiar.

²⁰ Sjø teorikapittel under 2.5


I forteljinga kjem det fram at kvinna på ingen måte meinte at vald hørde heime i parforholdet, og at heller ikkje mannen hennar meinte det. I dette tilfellet var ikkje vald kulturelt akseptert verken hos kvinna eller mannen. Maja har idealet at ho vil utforske "*ideer, meninger, intensjoner, verdier*".²¹ Slik inntok Maja også ein ikkje-vite-posisjon kring kvinna si haldning til vald, og unngikk dermed kultur som overgeneralisering. Vi kan samanlikne dette med haldninga som Lopez (2007) sin informant møtte, slik eg har teke det fram i kap.2.5.2, der temaet er å forholde seg til kunnskap om kultur som ein *trur* ein har. "*Hun startet og snakket om afrikansk kultur og sånne ting, og at hun vet hvordan menn er i den kulturen, ikke sant?*" (Lopez 2007, s.138). Dersom Maja hadde teke denne posisjonen, kunne det vere nærliggande for henne å ta utgangspunkt i at kvinna var utsett for *kulturelt betinga vald*, bygt på stereotypiar i samfunnet om familievald i afrikanske familiar. Hennar ikkje-vite-haldning hjelpte henne å stille seg open også på dette området.

²¹ Sjå det første av dei to sitata frå Maja ovanfor.

4.4 GT kategori 3:

”Så får de tilbake det som er viktig for meg, med tanker om hva det har gjort med meg.”

- Kjell -



Kategori 3 er eit eksempel på korleis det i løpet av koding og analyse av det samla materialet var muleg å sjå samanhengar som ikkje hadde dukka opp for meg verken gjennom intervju, eller ved første koding og analyse i tida mellom desse. Dei tema som dannar basis for kategori 3, vart samla under hovudoverskriftene ”Ynskje om gjensidig relasjon” og ”Vekt på likskap”. Ein av fokuskodane som vart samla under temaet ”Ynskje om gjensidig relasjon”, hadde eg kalla *”Den framande sitt ynskje om familiar/gjensdig relasjon”*, og denne var først plassert under tema for utfordrande område å handtere. Ved å sjå på denne saman med andre fokusodar som *”Den profesjonele lærer av og lar seg påvirke av den framande”* og *”Å gje av eigne opplevingar gjev gode møte”*, utvikla ideen seg om ein samanheng.

4.4.1 Subkategori 3A: Ynskje om gjensidig relasjon.

Nokre av utsegna som denne subkategorien bygger på, legg vekt på *den framande* sitt ynskje om gjensidig relasjon. Andre legg vekt på *informantane* sine ynskje om å opne for

gjensidighet. Fleire gonger der informantane sine ynskje om dette kjem fram, vert det begrunna utfrå fagleg ideologi eller erfaring med kva som er lurt. Samanhengen som dukka opp vil eg først formulere slik:

Ein informant opplever at framande oftare enn klientar med norsk opphav gjev uttrykk for ynskje om gjensidig relasjon med hjelparar/profesjonell²² Dette har eg kategorisert som sub-subkategori 3A,1: *Den framande sitt ynskje om gjensidig relasjon.*

Fleire av informantane trekker fram element innafor systemisk familierapi som gjev hjelp til å komme til rette med slike ynskje, og som fremmar dialogen. Dette har eg kategorisert som sub-subkategori 3A,2: *Å gje av eigne opplevingar gjev gode møte.*

Endeleg vil eg ta fram at fleire informantar gjev uttrykk både for ynskje om, og erfaring for, at dialogen med framande skaper forandring i deira eige liv. Dette har eg kategorisert som sub-subkategori 3A,3: *Den profesjonelle lærer av og lar seg påverke av den framande.*

Sub-subkategori 3a,1: Den framande sitt ynskje om gjensidig relasjon

Hanne(3) beskriv framande sine ynskje om gjensidig relasjon både som positivt og utfordrande:

”Jeg har måttet overvinne noe i meg selv når det gjelder noen av disse kvinnene. Det positive var at de har en generøsitet og en åpenhet i seg, ikke så lukket. Du blir invitert inn i en relasjon, og da vet du noe spesielt om dem i livet. Det handler vel om anerkjennelse. De anerkjenner deg som betydningsfull i sitt liv på et tidspunkt hvor de trenger det. Og noen ganger blir det for mange invitasjoner til ting det ikke var så lett å si nei til, som å komme på besøk og bli gjort ære på, spise middag, bli vist fram, nærmest. De skriver brev og kort, og disse invitasjonene..... Jeg kan kjenne på at det ikke er lett. Det er ikke tradisjon for det i vår hjelperolle” (nr.3, 24 og 25).

Hanne fortel her om situasjonar der ho blir utfordra i hjelperolla, utfrå korleis ho er blitt opplært i å utøve denne. I hennar tilfelle dreier det seg om ei rådgjevingsteneste der ho vart betydningsfull i kvinnene sine liv i ein periode. Isolert sett er det ikkje unaturleg at ein som

²² At framande ofte gjev uttrykk for ynskje om ein gjensidig relasjon med hjelparar og andre profesjonelle, blir omtalt hos Eriksen/Sørheim (2006), sjå nedanfor under punkt 4.4.2.

får hjelp i ein vanskeleg livssituasjon, ynskjer kontakt med hjelparen utanom den profesjonelle kontakten. Det er heller ikkje unaturleg at ein skulle ynskje ein kunne yte noko tilbake. Gjensidig hjelp vil gjerne kjennest betre for dei fleste enn å einsidig vere mottakar. Slik Hanne legg det fram, er det likevel dei framande kvinnene som *målber* slike ynskje, ikkje dei med norsk bakgrunn. Vi kunne like godt spørje kva som heldt norske kvinner *frå* å målbere slike ynskje. Eg vil nedanfor drøfte nærare korleis vi kan forstå begge grupper.

Kjell fortel også om middagsinvitasjon frå mannen som er omtalt i hans historie, utan at han knyter noko problematisk til det: *"De har invitert oss på middag, litt for å feire at de er kommet et annet sted, tror jeg. Men vi har ikke hatt tid til å komme"* (nr.5, 48).

Sub-subkategori 3A,2: Å gje av eigne opplevingar gjev gode møte

Fleire av informatane mine trekker fram element frå systemisk tenkning som kan vere med å dekke behovet for gjensidighet. Kjell(5) nemner eit element frå narrativ terapi som han kallar *"Tilhørerrespons"* (nr.5,45), eit verkemiddel i det White kalla *"Definerende ceremonier"*. (White 2008, s.175) Slik elementet opprinneleg var tenkt frå White si side, er det folk frå nettverket som blir inviterte for å gje tilbake til klienten ein respons på kva vedkomande har klart å endre gjennom terapien, og kva det å høyre om dette, har gjeve dei av håp eller andre verdiar i deira eigne liv. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan noko av den same effekten kome fram ved at andre profesjonelle enn terapeuten har denne rolla. Det er slik Kjell beskriv at elementet blir brukt på hans arbeidsplass:

"Vi har tilhørerrespons. Mange ganger bruker vi hverandre.(....) Så får de tilbake det som er viktig for meg, med tanker om hva det har gjort med meg..... At man kan være bra for andre på den måten tror jeg har veldig mye å si. At dette som man har fortalt, faktisk kan være viktig for noen andre, det virker som folk ikke helt kan fatte det" (nr.5,45).

Dette elementet i narrativ terapi er utvikla blant anna som eit alternativ til reflekterande team (Holmgren 2008). Michael White sin kritikk av reflekterande team gikk på at når terapeutar skal reflektere tilbake til klientar over det dei har høyrte i terapien, er det likevel *"stadig tale om klientgjørelse"* (ibid, s.16) Responsen har ofte preg av *"Eg er imponert over..."*, det er vanskeleg å formidle slikt utan å likne ein ekspert som *"tildeler udmærkelser"* (White 2008,

s.175). *"Definerende ceremonier"* blir eit meir symmetrisk²³ alternativ til dette. Tilhøyraren gjev tilbake *"...de udtryk i fortællingen som har fanget deres opmærksomhed.....og deres oplevelse af hvordan deres liv er blevet berørt heraf"* (Ibid, s.175). Dersom profesjonelle skal ha denne funksjonen, slik Kjell fortel om i form av tilhøyrarrespons, krev det at ein er villig til å la seg påverke, og er villig til å gje noko av seg sjølv. Dette utfordrar den tradisjonelle hjelparrolla, der hjelp oftast er einvegs. Eg ser her eit element der profesjonelle, med inspirasjon frå element i narrativ terapi, kan imøtekomme eit ynskje om gjensidig relasjon på eit anna plan enn materielt. Ein kan kjenne at det blir feil å ta imot middagar og gåver. Likevel kan ein, utfrå ei slik terapeutrolle, gje uttrykk for kva kontakten har betydd i eins eige liv. Sjølv sagt må ein her også kjenne på eigne grenser, men det grensar ikkje opp til verken korrupsjon eller bestikkelsar.

Så langt det Kjell fortel om å vise klienten kva denne tilfører terapeuten gjennom terapien. Nokre av utsagna i materialet om å vere gjensidig i kontakten gjeld ikkje planlagde samtaler, men den meir spontane dialogen. Tone(1) fortel:

"De samme flyktningene som vi tok imot den gangen.... Da jeg la angsten ned, eller la ekspertfokuset ned, og satte meg på kafe med disse damene, da begynte vi å snakke om hverandres opplevelser. Og så lo vi" (nr.1,11).

Sub-subkategori 3A,3: Den profesjonelle lærer av og let seg påverke av den framande

Denne sub-subkategorien er ei slags vidareføring av den førre. Utsagna som kjem fram her, viser at den gjensidige påverknaden i relasjonane informantane fortel om, er meir enn ein teknikk for å skape symmetri. Slik desse utsagna framstår, har dialogen med framande som informantane har møtt profesjonelt, tilført noko nytt til liva deira.

²³ Symmetrisk: "Symmetrisk og komplementær interaksjon" var omgrep Bateson brukte for å analysere samspel under eit feltarbeid i 1935. Han rekna eit samspel mellom A og B som symmetrisk dersom handlingar, kjensler eller mening frå A si side utløyser det same frå B si side, og at dette heng sirkulært saman slik at likskapen aukar. Vidare rekna han samspel mellom A og B for komplementært når handlingar, kjensler eller mening frå A stimulerer til ulik, men tilpassa respons frå B, og at dette heng saman sirkulært og forsterkar ulikskapen.(Ulleberg 2004, s.33-34)

Kjell gjev uttrykk for at noko bestemt i hans bakgrunn intensiverte hans ynskje om gjensidig påverknad mellom han og framande. Han fortel om då han studerte sosialantropologi i sin ungdom:

”Jeg husker min skuffelse da folk hadde vært på feltarbeid i halvannet år, og spørsmålet var hvordan de ble forandret av det. – Nei, de kom tilbake som før og sånn. Da skjønnte jeg ikke hvorfor i all verden de studerte det faget! (...) Jeg ble veldig klar over at jeg ønsket å bli berørt, å bli beveget. Det er slik man reiser. Ellers har man ikke vært noe sted, egentlig” (nr.5, 11 og 52).

Vidare seier Kjell dette om å la seg påvirke av møta med den før omtalte mannen:

”Når jeg møter han, er det et fattig møte hvis det ikke beveger meg.(...) Innimellom forteller jeg noe om meg selv som jeg tenker kan være relevant. Og av og til gir jeg tilbakemelding på det jeg har hørt, hvis det har gitt meg noen nye tanker i mitt eget liv. Det er jo fint for folk å vite at de er nyttige for andre, særlig hvis de er trukket inn som syndebukk” (Nr.5, 44).

Eg vil ta fram ein bit av Ingrid si forteljing om å la seg påverke av den framande. Ingrid kjem ikkje med noko spesifikk *fagleg* grunngjeving for å la seg påverke. Men forteljinga kom innafør konteksten av respekt for andre sine konstruksjonar, noko Ingrid trakk fram som essensen i systemisk familieterapi. Denne forteljinga skal inntil vidare få stå for seg sjølv utan å bli kommentert nærare.

Sprinkelsenga som ikkje vart brukt

”Det var så artig en gang jeg snakket med en mor fra Midtøsten et sted. Det traff meg midt i sjela. Det var snakk om å daske til unger, og at det ikke er godtatt her. ”Ja, men jeg skjønner ikke hvordan du kan si det, jeg”, sa hun. , ”at det er så forkastelig å gi en unge en ørefik! Hos oss også er det forskjell på å slå og å slå! Det er ikke det samme å få en ørefik når du har gjort noe galt, som å bli mishandlet. Og da kan ikke jeg fatte og begripe hvordan du kan sitte her og si at det er galt å ørefike noen, når du tilhører en kultur som putter nyfødte babyer i en sprinkelseng for seg selv på et rom og lukker døra når de skal sove!” Og så tenkte jeg bare: ”Herregud, det har du rett i!” Hun har

jo så rett i det! Hun ble så redselsfull i ansiktet sitt da hun snakket om den sprinklesenga og den ungen. For det var bare så horribelt for henne! Og da tenkte jeg: "Det er dette det handler om. Dette er kulturforskjeller. For så ille syns du det er. Og så ille syns vi det er å fike til. Og hvem kan si at det ene er riktigere enn det andre?" Jeg ser henne for meg enda, det var et signifikant øyeblikk, tror jeg. Så da jeg fikk nummer to, lå hun aldri i sprinklesenga si!" (nr.2,63)

Eg har til no omtalt element i intervjuet som gjeld framande sine ynskje om gjensidig relasjon, og familierapeutar sine fagleg grunngevrne ynskje om å opne for det på enkelte plan. Eg vil no drøfte korleis vi kan forstå at ynskje om gjensidig relasjon kjem oftare frå framande enn frå klientar med norsk opphav, og sjå på temaet i lys av den tradisjonelle hjelperolla.

4.4.2 Korleis kan vi forstå eit *uttrykt* ynskje om gjensidig relasjon med den profesjonelle? Korleis kan vi forstå at det *ikkje* blir uttrykt?

Hanne er ikkje den einaste som har opplevd ynskje frå framande om gjensidig relasjon som utfordrande i hjelperolla. Innvandrarar sine ynskje og forventningar om gjensidig relasjon mellom tenesteytar og tenestemottakar blir omtalt hos Eriksen og Sørheim slik:

Faktisk rapporteres det til stadighet om ubehageligheter og vanskelige situasjoner som oppstår i flyktningmottak, på sosialkontorer og i andre offentlige institusjoner, som skyldes en manglende avklaring på dette området.....Dermed oppstår situasjoner hvor innvandrere gir presanger til sosialsjefer, inviterer professorer ut på middag og viser fram barna sine til flyktningkonsulenter i håp om å oppnå sympati og gehør på denne måten (Eriksen et al 2006, s.255).

Eriksen/Sørheim set dette inn i ein samanheng der innvandrarar prøver å nytte sin kompetanse frå ein annan samfunnskontekst. I denne konteksten er tenester gjensidig forpliktande, og ein oppnår gode gjennom lojalitetsbaserte relasjonar. Når tenestene i det norske samfunnet blir ytt gjennom ein byråkrat, prøver innvandraren fylgjeleg å oppnå ein lojalitetsbasert relasjon til byråkraten. Eriksen/Sørheim tek utgangspunkt i forholdet mellom stat og individ for å forklare dette. "Et vesentlig poeng i denne sammenheng er at det sosialdemokratiske Skandinavia er en del av verden hvor forholdet mellom stat og individ er usedvanlig tett" (2006, s.247). Vidare peikar dei på at skandinavar generelt vil oppleve staten som ein

venn. Ein vil kjenne ein sterk lojalitet til staten, og forvente velferdsgode derfrå grunna i *retten* ein har til dette, utan forventning om gjenyting. Eriksen/Sørheim beskriv to ytterpunkt av samfunn. I det eine, ”Samfunn A”, er utdanning gratis, og det er ei sjølvfylgje at det offentlege tek seg av mellom anna helsetenester, tenester for eldre, og ytingar til arbeidslause. I det andre ytterpunktet har ein ”Samfunn B”, der skule berre delvis er gratis, ein må betale for høgre utdanning, der det knapt finst noko offentleg trygdevesen, der til dømes elektrisitetsforsyninga kan vere finansiert av privatpersonar, og der mellom anna ein trygg alderdom er avhengig av familie eller private pensjonsordningar. ”Norge er et samfunn av type A, mens de fleste innvandrere og flyktninger kommer fra samfunn av type B”(2006, s.249).

Eriksen/Sørheim peikar på at samfunnsforskarar ofte nyttar omgrepa *Gemeinschaft* om samfunn av type B, og *Gesellschaft* om samfunn av type A.²⁴ Dei held fram at denne oppdelinga er forenkla for illustrasjonen si skuld. Generelt kan ein likevel seie at også kjensla av lojalitet og fellesskap er påverka av *Gemeinschaft* eller *Gesellschaft*. I *Gesellschaft* er enkeltpersonar medlemmer av abstrakte fellesskap. Stat og lovverk tilbyr standardiserte former for støtte til dei svake. Ideelt sett skal alle behandlast likt i byråkratiet, og dei tilsette skil systematisk mellom sak og person, jobb og privatliv. I *Gemeinschaft* tel personlege band meir enn formelle reglar. Det er vanleg å gjere systematisk forskjell på folk avhengig av kva relasjon ein har til dei. Nepotisme²⁵ er eit utbredt fenomen. Moralen er knytt til personleg forplikting. Ein kan ikkje la vere å gjere ein slekting ei teneste, men ein forventar også gjengjeld når ein sjølv har bruk for noko. Slike *gjensidig forpliktande* relasjonar kan også gå vidare enn slektskap. Vennskap eller samarbeidspartnarar kan også vere inkludert.

Ifylgje Eriksen/Sørheim kjem dei fleste innvandrarar og flyktningar til Norge frå eit *Gemeinschaft*. Framlegginga av kva som kjenneteiknar desse to ulike samfunnstypene, gjer innvandrarar sine invitasjonar og gåver til norske hjelparar forståelege. Eg kjenner sjølv igjen

²⁴ Uttrykka *Gemeinschaft* og *Gesellschaft* vart utvikla av sosiologen Ferdinand Tönnies på slutten av 1800-talet for å beskrive overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn i Europa.(Eriksen/Sørheim 2006)

²⁵ Nepotisme: (etter *nepos*, som er latin for etterkommer), går ut på forskjellsbehandling, særleg på bakgrunn av slektskap, og særleg i samband med tilsetjingar, forfremjingar og anna som har med yrkeslivet å gjere.

fenomenet frå tida mi i flyktningararbeid. Dilemma knytt til dette høyrde til kvardagen, og var ofte vanskelege å handtere.

Eksempla i Eriksen/Sørheim si framstilling knyter seg til situasjonar der innvandrarakar prøver å *oppnå* gode gjennom gåver og invitasjonar til dei som forvaltar det aktuelle godet. Den gjensidig forpliktande relasjonen ei slik handling etterliknar, kan også føre med seg eit ynskje om gjenyting når ein *har fått* ei teneste eller eit gode gjennom velferdsstaten. Det er slike erfaringar Hanne fortel om ovanfor.

For meg gjev det meining å forstå kvinnene sine uttrykte ynskje overfor Hanne på bakgrunn av *Gemeinschaft* og *Gesellschaft*. På same grunnlag gjev det meining at dei norske kvinnene heldt seg frå å invitere heim til middag. I *Gesellschaft* påverkar spelereglane tenestemottakarar sterkt nok til å avstå frå dette.

4.4.3 Opplæring i hjeperolla i konflikt med ynskjet om gjensidig relasjon?

Sjølv om vi kan *forstå* fenomenet på bakgrunn av ulike samfunnssystem, må desse situasjonane likevel *handterast*. Hanne gjev uttrykk for at ho har opplevd generøsiteten frå innvandrarkvinnene som utfordrande. Ho er sosialisert til ei hjeperolle innafor det norske velferdssamfunnet der det ikkje er tradisjon for ein gjensidig, personleg relasjon på grunnlag av den profesjonelle relasjonen. Ho kjenner på balansegangen mellom å krenke og fornærme den som inviterer, og behovet for å halde hjeperolla rein, slik ho er opplært til.

Fire av mine informantar har grunnutdanning innafor helse- og sosialfaglege yrke. Det kan difor vere aktuelt å sjå på kva ideal som blir vektlagt i sosialiseringa til desse yrka når det gjeld gjensidig relasjon med den som tek imot hjelp. I opplæringa til desse yrka er omgrepa profesjonell, personleg og privat mykje brukt (Skau 2006, s.46, Røkenes og Hanssen 2006, s.224). Det blir lagt vekt på at ein som profesjonell kan, og avhengig av situasjonen kanskje bør, vere *personleg*, men ikkje *privat* i forhold til pasientar/klientarar/brukarar. Denne grensa mellom personleg og privat er det nok vanskeleg å definere, og den enkelte yrkesutøvar definerer og endrar den ofte frå situasjon til situasjon (Røkenes og Hanssen 2006, s.225). Nokre sider ved dette kan komme inn under spørsmålet om yrkesutøveren utnyttar makta si til fordelar av f eks økonomisk eller seksuell art. Her avgrensar lover og etiske retninglinjer

yrkesutøveren sin valfridom (ibid, s.225). Grensa mellom personleg og privat kan elles gjelde kva ein deler om seg sjølv; sine politiske standpunkt, religiøs overbevising, familieforhold, korleis ein bur, kva ein tener, vanar og interesser ein har, opplevingar og kjensler. Den kan også gjelde om ein let klientar treffe barna sine og familien elles, og som tidlegare nemnt om ein blir med klientar heim til middag, eller tek imot gåver. I denne samanheng kan det vere relevant å peike på at mange mindre lokalsamfunn i Norge vil ha ein struktur med element av *Gemeinschaft* der hjelparen sine private forhold uansett blir synleg for klientane.

På den andre sida er maktulikskapen mellom hjelpar og klient/pasient vektlagt i dei same yrkesutdanningane (Skau 2000). Den komplementære relasjonen mellom den som yter og den som tek imot hjelp, kan aldri bli symmetrisk. Likevel er ein i utdanningane merksam på korleis ein kan redusere maktulikskapen, der *brukarmedverknad* dei seinare åra har vore eit vesentleg omgrep.

Ein kan lett forestille seg at maktulikskapen blir opplevd større i ein hjelpar/klientsituasjon di vidare hjelparen definerer sitt private område som ho ikkje deler med klienten. *”Du får vite alt om mitt liv, eg veit ingenting om ditt. I tillegg er eg avhengig av di hjelp, medan du ikkje kan ta imot noko frå meg”*. Dersom vi i tillegg ser på denne relasjonen frå ein ståstad der ein er oppdregen i *Gemeinschaft*, kan ein sjå for seg at maktulikskapen blir opplevd ekstra stor i vårt samfunn. I *Gemeinschaft* kunne ein i det minste få lov å yte gjengjeld.

Mine informantar fortalde om situasjonar med seg sjølve som hjelparar og dei framande som hjelpemottakarar. Hjelparane var ikkje byråkratar i alle desse situasjonane, men var, på ulikt vis, representantar for velferdsstaten.

Eg meiner at verdiane som informantane uttrykker på dette området, ser ut til å mjuke opp det tradisjonelle idealet i hjelpeyrka. I nokre tilfelle er desse verdiane tydeleg fagleg grunngjevne med element frå systemisk familieterapi. Eg vil drøfte dette vidare til slutt under kategori 3.

4.4.4 Subkategori 3b: Vekt på likskap

Fleire av informantane fortel korleis det å legge vekt på likskap med framande har gjeve gode møte. Både temaet og forteljingane liknar på forteljingane om gjensidig relasjon i subkategori 1, men i dei fylgjande er vekta på *likskap* det mest framtrudande.

Eg vil først sjå på sitat der informantane opplever likskap med dei framande klientane, og legg vekt på å fremje denne. Først ein bit av samtalen med Hanne, der temaet er eit bestemt tverrkulturelt møte:

”Det var jo veldig mange ting jeg kunne identifisere meg med og som jeg kunne forstå. Bare det å være gravid og bekymre seg for hvordan det skulle gå i svangerskapet, å være opptatt av trygghet og forutsigbarhet og omsorg. Det er jo mange felles ting som er lett å forstå” (nr.3, 20).

Tone knyter dette med likskap til lærdom frå Bateson:

”Jeg er menneske, du er menneske, du er bare født på en annen del av kloden. Gregory Bateson introduserte at kjærlighet er å se på likheter. Vi må begynne med det. Hvem er jeg og hvem er du? Hva er likt og hva er ulikt(.....) Man blir lei seg, man blir redd, man blir glad. Det vil jeg anta at alle mennesker har. Sånne opplevelser kan vi møtes på” (nr.1,9).

Under kategori 1 tok eg fram Tone si oppleving av samver med ei traumatisert kvinne frå Vestafrika som fortalde historia si med refreng. Denne historia har også ein bit som fortel kva vekt på likskap kan utrette. Tone fortel:

”Denne damen var veldig traumatisert, hun hadde opplevd grusomme ting. Og i stedet for å si at hun er paranoid, sier jeg: ”Vi blir fort paranoide når vi ikke har kontroll.” Jeg hadde med meg fra systemisk dette med å lage et felles språk. Vi lagde noen felles referanserammer. Så hver gang hun begynte å gå inn i noe paranoid materiale, hadde vi denne felles: ”Something is rotten in the state of Denmark”²⁶ Og da var vi liksom på linje! Det hjalp henne å koble på igjen. Det var hun med på med en gang.”Yes!”, sa hun. Så begynte vi å le. Hun hadde jo vokst opp i en engelsk koloni og hadde lest Shakespeare, så dette sitatet var kjent stoff” (nr.1,15).

Slik eg oppfattar Tone, fortel ho her korleis ho prøver å skape felles referanseramme med denne kvinna kring to framande element; Kvinna kjem frå eit Vestafrikansk land fjernt frå det norske, og ho har paranoide symptom som fylgje av traumer. Tone gjer noko for å minske avstanden til det framandarta i begge desse elementa. Ho legg vekt på det

²⁶ Sitat frå ”Hamlet”(1603) av William Shakespeare

almennmenneskelege i å bli paranoid når ein ikkje har kontroll: ”*Vi blir fort paranoide....*”. I tillegg nytta ho seg av felles kulturell referanseramme ved å bruke Shakespeare-sitatet som ”kode” når symptoma oppsto. Tone seier også at dette er idear ho har med seg frå systemisk utdanning.

I tillegg til å sjølv oppleve likskap til framande klientar, er Hanne og Ingrid i intervjuet opptekne av at det å møte framande klientar ikkje er så annleis enn det å møte klientar med norsk opphav. Ingrid tek opp at temaet ”ære” ofte er fokusert når vi snakkar om ikkje-vestlege innvandrarak:

”Den æra betyr kanskje mer for mora fra Afghanistan enn hun fra Tønsberg – tror vi – men jeg er ikke så sikker på det! Jeg tror bare æra inneholder noe annet for mora fra Tønsberg, men at den er like viktig.(....) Det er greitt for hun fra Tønsberg så lenge hun kan henge skylda på skolen eller noe! Så vi tar det forskjellig, men uansett handler det om ære” (nr.2, 57).

Hanne vender stadig tilbake til at det er lite skilnad på å møte klientar med norsk og annan bakgrunn:

”Det er kanskje mer forbundet med skam i noen kulturer å bli alenemor. (....) Men min erfaring er at også norske kvinner kan bli utstøtt av familien fordi det ikke passer at de fikk barn med den eller den mannen.” (nr.3,23)

Hanne, Ingrid og Tone legg alle vekt på likskapsaspektet. Dels uttrykker dei å ha hjelp i kontakten med framande ved å legge vekt på likskap. Dels reflekterer dei over at det ikkje er så stor skilnad på om klientane har norsk eller framand bakgrunn. Ingrid og Hanne trekker uavhengig av kvarandre fram omgrepa *ære* og *skam*, og relaterer dei til norsk familiekontekst. Nettopp desse omgrepa blir ofte nemnde når ein vil *skilje* ikkje-vestlege familieforhold frå våre.

Denne vekta på likskap kan vi sjå i lys av kulturforklaringsmodellen ”*Det universelle mennesket*” (Berliner 1994), som eg har teke for meg i teorikapitlet. Informantane legg i sitata over nettopp vekt på at basale menneskelege behov er felles, vekker gjenkjenning og skaper kontakt på tvers av kultur.

Derimot ser eg ikkje at desse informantane kjem til konklusjonen: *”Du skal behandle den andre som om det var deg selv”* (ibid,s.115), slik Berliner legg fram blir konsekvensen av denne kulturforklaringsmodellen. Haldningane og handlingane er meir basert på at dei basale behova er like, men dei får ulike uttrykk. Ingrid fortel at behovet for å halde æra i hevd får ulike uttrykk hos mødrene frå Afghanistan og Tønsberg. Tone viser korleis ho leitar etter felles referanserammer for å skape meining i åtferda til ei kvinne som har symptom etter traumer; gjentakning blir refreng og rytme, paranoide symptom blir stoppa med Shakespeare. Forteljingane ber på ingen måte preg av at klientane blir *”behandlet som om de var norske”* (Lopez 2007, s. 140), slik nokre av Lopez sine informantar opplevde møtet med familievernnet.

4.4.5 Kan vi bli med eit stykke på vegen til gjensidig relasjon?

Konklusjon kategori 3

I kategori 3 har eg peika på ein muleg samanheng mellom nokre ulike element i materialet mitt. Ein av informantane tek fram ei utfordring i møte med framande når dei kjem med ynskje om gjensidig relasjon med henne som hjelpar. Ho opplever at dette står i kontrast til hjelperolla i vårt samfunn. Ein av dei andre informantane fortel om det same utan å oppfatte det som ei utfordring, og Eriksen/Sørheim omtaler det som eit vanleg problem i arbeid med innvandrarak. Fleire av dei andre informantane legg vekt på å la seg påvirke og forandre av framande. Nokre er også bevisst om å la den framande få vite at ho/han har hatt betydning i hjelparen sitt liv, og grunngjev dette med element frå systemisk familieterapi. Vekt på å finne og fremje likskap mellom den profesjonelle og framande klientar, ser ut til å vere eit ideal hos dei fleste informantane.

Tanken om at denne forma for gjensidighet kan kome i møte noko av den framande sitt ynskje om gjensidig relasjon, er min konstruksjon. Dette temaet vart eg merksam på først då eg analyserte det samla materialet. Dersom eg hadde vore merksam på det før, kunne eg ha stilt desse spørsmåla direkte til fleire av informantane. På den måten kunne eg fått informasjon om i kva grad fleire har opplevd utfordring ved framande sine ynskje om gjensidig relasjon. Vidare kunne eg ha spurt om fleire av informantane nytta seg av å kunne gje tilbake opplevinga av nyttig påverknad i eige liv, og om dette vart sett i samanheng med påverknad frå familieterapi som fagleg bakgrunn. Endeleg kunne eg ha utforska om informantane i tilfelle hadde tru på at dette kunne avhjelpe framande sitt behov for gjensidighet i hjelperelasjonen. I tilfelle eg hadde gjort det slik, ville det vere eit godt eksempel på effekten

av "theoretical sampling"²⁷. Dersom det hadde vore tid innafor rammene av mitt prosjekt, kunne eg også ha hatt ein intervjurunde etter at temaet dukka opp under analysen, der desse spørsmåla vart tekne opp.

Sidan eg ikkje har kunna nytte meg av mulighetene for å utforske dette, må eg nøye meg med hypotetiske spørsmål på grunnlag av det materialet eg har:

- Finn ein, innafor blant anna systemisk familierapi, fagleg grunngjeving for å mjuke opp ei slik einssidig hjelperolle som vårt byråkratiske system er prega av? Finn ein her ideal retta mot gjensidig lærdom og påverknad der den profesjonelle kan vise takksemd tilbake, og fagleg bakgrunn for å legge meir vekt på likskap mellom profesjonell og klient? I tilfelle, viser dette seg i familierapeutar sin praksis?

- Kan ein praksis i samsvar med dette bidra til å kome framande i møte som søker ein meir gjensidig relasjon til profesjonelle hjelparar i vårt samfunn?

- Berre ein av informantane nemner ynskje frå framande om gjensidig relasjon som ei utfordring. Dette trass i at det er ei vanleg utfordring i innvandringsarbeid ifylgje

Eriksen/Sørheim, noko eg også kan stadfeste utfrå mi eiga erfaring med flyktningararbeid. Kan ein forklare dette med at dei andre informantane, ut frå sin faglege bakgrunn i systemisk familierapi, har funne reiskap til å handtere dette i tråd med hypotesene over?

Eg vil overføre desse spørsmåla til avsnittet for potensielle framtidige forskningsspørsmål.

²⁷ Theoretical sampling: Sjå metodekapittel(3)

4.5 Kategori 4:

”Jeg følte jeg hadde kommet hjem på en måte.

Jeg fikk et sted å plassere måten jeg tenkte på.”

- ”Ingrid” -



Kategori 4 blir presentert under eitt, trass i at eg på kartet ovanfor har delt den i subkategoriar og sub-subkategoriar. Oppdelinga er meint som ei hjelp til oversikt over korleis kvar av informantane meiner dei har tileigna seg dei nyttige elementa i systemisk familierapi som kulturkompetanse. Difor er dei fiktive namna til informantane førte opp i dei kategoriane dei høyrer heime.

Denne kategorien ligg på eit anna plan enn dei andre tre. Den viser til dei andre kategoriane, og får fram at sjølv om desse representerer sentrale sider ved systemisk familierapi, er det ikkje sikkert at informantane opplever at dei tileigna seg dette frå verken opplæring eller praksis i slik tilnærming. Dei første ideane om dette dukka opp under første koding og analyse av det andre intervjuet.

Som nemnt i metodekapitlet, var eg førebudd på at informantane kunne fortelje om at anna utdanning enn systemisk familieterapi opplevdest nyttig i tverrkulturell dialog, og at dei ville beskrive kva perspektiv frå anna utdanning som var nyttig. Det som overraska, var utsagn om at nettopp det eg kjende som viktige element i systemisk utdanning var nyttig, men *ein hadde tileigna seg dette før utdanninga, og det kom ikkje frå noko anna utdanning*. Dette viste seg som nemnt i det andre intervuet, med Ingrid: *”Og jeg tenker at det er kanskje grunnen til at du begynner på systemteorien in the first place, at du egentlig har tenkt sånn hele tiden! For viss ikke, så gidder du ikke”* (Nr.2, 9b). Seinare i intervjuet fekk Ingrid spørsmål om dette ho hadde fortalt om som nyttig for det tverrkulturelle arbeidet, om alt kom frå den systemiske tankegangen:

”....Jeg vet ikke helt, jeg tenker det er en sånn blanding av menneskesyn jeg har fra før, og som jeg ikke aner hvor kommer fra. Sikkert fra hjemme, litt fra lærere og litt over alt der eg har ferdes. Og det med det systemiske, da. Da jeg fant det systemiske, ble det sånn hallelujafølelse for meg, for jeg følte jeg hadde kommet hjem på en måte. Jeg fikk et sted å plassere måten jeg tenkte på” (nr.2, 67).

Dette var ein ny og spennande ide. For meg vart det eit eksempel på nytten eg kunne ha av den sirkulære prosessen i GT mellom analyse og produksjon av data. Såleis bestemte eg meg for å lytte etter hos dei neste informantane om dei meinte at elementa som opplevdest nyttige for tverrkulturell dialog, var tileigna allereie før den systemiske utdanninga.

Under første koding av det neste intervjuet, såg eg at denne informanten, før eg i det heile hadde introdusert dette temaet, trekte fram anna utdanning ho hadde frå før og som var nyttig. Hanne:

”Min grunnutdannelse tenker jeg er optatt av systemer. Sånn at da jeg ble introdusert for systemisk tenkning og familieterapi, var den på en måte ikke ny for meg. Den har eg levd med” (nr.3, 3 og 4).

I tillegg til tidlegare utdanning, la ho også vekt på at det er tileigna *utanom* utdanning, dette også utan at eg spurde. I det fylgjande utsagnet snakkar Hanne(3) om ikkje-vite-posisjon:

”Jeg er ikke sikker på at jeg vil gi systemisk tenkning og familieterapi æren for at jeg er oppmerksom på det! For det er noe grunnleggende i meg. Det er et verdisyn, en tenkning som er framelsket lenge før” (nr.3, 7 og 8).

Hanne er også så vidt inne på at familieterapien svarte på noko ho leita etter, om ikkje så tydeleg som Ingrid. Hanne seier: *”Jeg har nok funnet noe innenfor den videreutdanningen og innenfor familieterapien, som satte ord på noe jeg lette etter en tid”* (nr.3, 28). Ei tredje kjelde vart også introdusert av henne. Som sagt nemner ho tidlegare utdanning og personleg verdisyn som alltid har vore der. Vidare trekte Hanne også fram at ho gjennom klinisk erfaring med å møte brukarar, tileigna seg arbeidsmåtar som seinare vart sett ord på i den systemiske utdanninga, som å ikkje vere ekspert:

”Den kliniske erfaringen, møtet med kvinnene, har nok påvirket meg mye. Jeg begynte i arbeidet med utgangspunktet å kunne noe medisinsk. Men jeg har fått utviklet en ydmykhet (...) Så det var lett å være nysgjerrig” (nr.3, 12, og 14).

Slik gav koding av dette intervjuet også nye perspektiv. Informanten trekte fram nettopp element som både ho og eg kjende frå systemisk utdanning som viktige og nyttige, men opplevde at desse hadde ho frå tidlegare utdanning, frå personleg verdisyn som alltid hadde vore der, og frå den kliniske erfaringa. Derimot opplevde ho ikkje å ha det frå den systemiske utdanninga.

Første koding og analyse etter tre intervju fekk meg til å sjå fylgjande perspektiv i materialet mitt som gav mat til denne kategorien:

- Kjende element frå systemisk tenkning kan opplevest nyttige for den tverrkulturelle dialogen, men sjølv om ein er systemisk familieterapeut, kan ein oppleve å ha dei frå andre stader enn det systemiske.
- Ein kan ha tileigna seg desse elementa gjennom anna utdanning, yrkeserfaring og ha det frå personleg verdisyn.
- Desse elementa kan også ligge der frå før, slik at det å starte på systemisk utdanning kan opplevast som ”å komme heim”.

Neste informant, Maja, fortalde om eit møte som fungerte svært godt, og fekk spørsmål om kvar ho hadde kompetansen frå:

”Jeg har alltid syntes det var spennende med mennesker som var forskjellig fra meg, helt fra jeg var liten. (...) Jeg synes det er så vanskelig å ta stilling til ting, hvis folk har forskjellige standpunkter. Jeg synes det var så deilig da jeg begynte på

*familieterapi, endelig var det et sted hvor det ikke var noe jeg måtte ta stilling til! (...)
Sånn passa familieterapien veldig godt” (nr.4, 40 og 41).*

Maja trekker her fram ei interesse for det framande heilt frå barndommen som grunnlag for godt fungerande tverrkulturelle møte. Ho vekt på personlege preferansar og korleis dette klaffa med familieterapien.

Under koding av det siste intervjuet vart perspektivet endå meir utvida for meg. Eg såg det då naturleg å sortere mellom det Kjell(5) meinte å ha tileigna seg før, gjennom og etter systemisk utdanning.

Kjell opplevde å ha nokre element med seg frå tidleg i livet. Som nemnt under kategori 1, uttalte han at han *”alltid, siden ungdommen, har vært ekstremt relativistisk”* (nr.5,12). På spørsmål om han veit kvar han då hadde det frå, svarte han: *”Jeg tror alltid jeg har følt meg som en outsider selv. Så eg har måttet forholde meg til den dominerende kultur og funnet meg en nisje i gråsonen”* (nr.5,13).

Han gjev også uttrykk for at noko av det nyttige vart tileigna gjennom utdanninga. Han fekk hjelp til å legge vekk ekspertrolla, *”knekke koden”*- tanken som han kallar det. Kjell legg det fram slik at dette vart eit samspel mellom utdanninga og praksis:

Kjell: ” Jeg tenkte nok at jeg selv skulle være litt mer.... at jeg skulle sjønne hvordan ting hang sammen, og så skulle jeg kunne gjøre noen grep, og så skulle ting løse seg. Jeg hadde nok en sånn ”knekke koden”- tanke med meg. Litt fordi jeg ikke visste om noe særlig annet, tror jeg” (nr.5,18-21).

Kjell legg vekt på det han har tileigna seg gjennom opplæring og praksis etter utdanninga: *”Den narrative praksisen, den har eg måttet tilegne meg selv på egen hånd i ettertid”* (nr.5,7).

Med perspektiv på både før, gjennom og etter utdanning, gikk eg tilbake til intervuet med Maja(4), og såg at her var det også element av at noko var tileigna etter utdanning. Ho seier: *”Men det narrative hadde vi ikke så mye av i familieterapiutdanningen den gangen”* (nr.4, 42). Seinare i intervjuet, etter at ho har sagt noko om kva ho syns er viktig når ein skal gå inn i tverrkulturell dialog, spurde eg henne kvar ho hadde lært dette:

”Det har nok fått en fastere form etter at jeg begynte å lese og lære om narrative praksisformer. Det har kommet mer på plass, liksom.....men det å slippe å ta stilling, det ble jeg nok aller sterkest eksponert for de to første årene på familieterapiutdanningen” (nr.4, 52 og 53).

Både Maja og Kjell meiner dei har tileigna seg narrativ teori og praksis først og fremst etter familieterapiutdanninga, og Kjell opplevde at ein ståstad som ikkje-ekspert (*ikkje knekke koder*) heldt fram å vere eit teoretisk perspektiv fram til han byrja å praktisere det. Sjølv om dette såleis er tileigna etter utdanning, vil eg rekne det som ein del av det systemisk familieterapi har å tilby, og som begge desse informantane opplever å ha stor nytte av i tverrkulturell dialog. Dei elementa som eg beskrev i dei tre første kategoriane, og som informantane såleis har tileigna seg *etter* utdanning, vil vere eit naturleg framhald av det å ha blitt introdusert for systemisk familieterapi. Både ved at ein spesialiserer seg i noko av det som fins innafor tilnærmingane, og ved at praksis og erfaring gjev ei djupare oppleving av det ein har lært. Dette vil spesielt vere tilfelle når ein praktiserer saman med erfarne utøvarar i faget.

Etter det siste intervjuet, kom såleis eit nytt punkt til perspektiva som danna kategori 4: Elementa frå systemisk familieterapi kan vere tileigna etter utdanninga, slik praksis bidreg til å la nye perspektiv feste seg, og slik ein gjer ved å spesialisere seg.

Tone, som var min første informant, kom ikkje inn på andre kjelder enn den systemiske utdanninga for tileigning av denne kompetansen. Ho var svært klar på at den systemiske utdanninga var hennar grunnlag for å handle som ho gjorde, noko som kjem fram gjennom hennar utsagn i dei første tre kategoriane. I tråd med *”Theoretical Sampling”* kunne eg ha gått tilbake til Tone og spurt om ho kjende dette igjen frå andre stader også. Som før nemnt var det ikkje rammer for det innafor dette prosjektet.

Materialet som utgjer kategori 4, blir ikkje drøfta i lys av teori i denne omgang. Innhaldet blir drøfta i neste avsnitt saman med essensen i dei første tre kategoriane.

4.6 Samla materiale: Systemisk familieterapi som kulturkompetanse

I dette kapitlet vil eg først peike på samanhengar i det som har kome fram i dei fire GT-kategoriane, og prøve å gje dette mening. Vidare vil eg drøfte mulege motsetningar i materialet sett i forhold til forskningsspørsmåla mine.

4.6.1 Overordna perspektiv – som gjeld ut over profesjonelt liv?

I dei fire GT kategoriane med underkategoriar har det kome fram mange ulike sider av korleis informantane nyttar systemisk familieterapi som kulturkompetanse. Eg oppfattar alle desse kvar for seg som relevante svar på forskningsspørsmåla mine. I det fylgjande vil eg sjå på kva som *foreiner* kategoriane.

Informantane har fortalt om gode møte som inneber tverrkulturell dialog. Når dei skal forklare kva kompetanse dei nyttar seg av i desse møta, er det dei overordna perspektiva frå systemisk familieterapi som dominerer. Når eg analyserer forteljingane deira om dei gode møta, er det også dette eg ser.

Best viser det seg i det materialet som er kategorisert i GT kategori 1, og som omhandlar nytten av konstruktivistisk ståstad. Informantane er nysgjerrige på den framande sin konstruksjon av røyndomen. Dei er opptekne av å vere merksame på eigne konstruksjonar, og viser vilje til å sjå konstruksjonane i sin eigen kultur med den framande sine auge. Dei nyttar seg av ein konstruktivistisk ståstad. I GT kategori 2 er ikkje-vite-posisjon mest framtreande. Dette perspektivet har eg gjort greie for i kapittel 2. Ikkje-vite-posisjon er som namnet seier, ein posisjon. Det er ei haldning terapeuten inntek, grunnlagt på sosialkonstruksjonistisk tenking. Samtidig har Anderson og Goolishian (Anderson og Goolishian 1992; Anderson 2003) lagt fram denne terapeutiske haldninga på praktisk vis, slik at nokon vil kalle det ein terapimetode. Elementa av gjensidig relasjon som er omtalt i GT kategori 3, er først og fremst henta frå narrativ terapi. Det er kanskje her vi nærmar oss mest ein spesifikk terapimetode. Likevel, dersom vi ser nærare på kva informantane legg fram om kva slik gjensidig relasjon innebær, er det snakk om ei haldning. Det er ein *vilje* til å la seg påverke av den andre og formidle kva positivt den andre medverkar til i eins eige liv.

I hovudtrekk ser det ut som dei overordna perspektiva dominerer i informantane sin nytte av systemisk familieterapi for tverrkulturell dialog. Det er *haldning, ståstad og posisjon* overfor framande som dominerer. Det er ikkje teknikkar og metodar som hovudsakeleg blir trekt fram, sjølv om systemisk familieterapi tilbyr eit stort knippe av slike. Det er interessant å sjå dette i lys av materialet kategorisert i GT-kategori 4. Fire av informantane fortel korleis dei nyttige perspektiva frå systemisk familieterapi heng saman med haldningar dei har hatt før. Følgjande utklipp er alle henta frå lengre sitat gjengjeve i omtalen av GT kategori 4:

- *”...det er kanskje grunnen til at du begynner på systemteorien in the first place, at du egentlig har tenkt sånn hele tiden!” (2, 9b)*
- *”For det er noe grunnleggende i meg. Det er et verdisyn, en tenkning som er framelsket lenge før.” (3, 8)*
- *Endelig var det greitt å spørre andre og hjelpe dem til å finne ut hva de mente eller hvor de ville. Sånn passa familieterapien veldig godt.” (4, 41)*
- *”Jeg har alltid, siden ungdommen, vært ekstremt relativistisk.” (5, 12)*

Alle disse informantane fortel at dei fann noko i systemisk familieterapi som stadfesta verdiar og tenking dei sto for før. Dei formidlar ulike grader og versjonar av det Ingrid kallar å *”komme hjem, på en måte”*. Det byrjar å likne på ei livshaldning. Slik er det kanskje ikkje så merkeleg at dei nyttar anna enn utdanning til å forklare korleis dei hadde tileigna seg dette før systemisk utdanning. Det kjem frå *”livet”* ein stad.

Oppsummert ser eg det slik at overordna perspektiv knytt til haldning, ståstad og posisjon er dominerande i informantane si oppleving av kva element i systemisk familieterapi dei har mest nytte av som kulturkompetanse. Dei fleste informantane har hatt med seg deler av dette frå tidlegare i livet, og fekk det stadfesta gjennom systemisk utdanning. Dette kan verke naturleg, då slike perspektiv gjerne gjeld ut over profesjonelt liv.

4.6.2 Korleis kan vi forstå denne vekta på overordna perspektiv?

Informantane sine forteljingar dreier seg om situasjonar i praksis, den konkrete dialogen mellom ein profesjonell og ein eller fleire klientar. Korleis kan vi forstå at informantane opplever overordna perspektiv så anvendeleg for den tverrkulturele dialogen?

Vegen frå vitskapsteori til dialogen mellom deg og meg

Som eg har trekt fram i teorikapitlet, opplever eg at i systemisk familieterapi blir element frå vitskapsteorien tett kopla til konsekvensane dei får for møtet mellom meg og deg. Dette gjeld spesielt vitskapsteoretiske element som konstruktivisme og sosialkonstruksjonisme. På bakgrunn av vitskapsteori er det utvikla metodar som er nyttig i terapi og andre profesjonelle samtaler, og denne metodikken får ikkje lov til å stå aleine utan kunnskapsgrunnlaget. Forenkla vil eg peike på tre konsekvensar for terapi og andre samtaler, der denne tette samanhengen viser seg:

- Hjelparen blir rusta til å vere oppteken av korleis ”den andre” konstruerer og har konstruert si verd, og halde fram at denne konstruerte verda er like gyldig som eins eiga (bl a Watzlawick et al 1974, Fisch et al 1982, de Shazer 1985). Dette er viktig i alle møte mellom menneske – som i sin grunn er eit kulturmøte, jamfør avsnittet om kultur i kapittel 2. Eg ser det slik at dette blir viktigare til meir ulike ein er kulturelt.
- Hjelparen blir gjort merksam på si eiga rolle i terapi eller samtaler. Det er umuleg å vere nøytral observatør. Ein kan såleis heller ikkje diagnostisere eller vurdere hverken personar, samspel eller system nøytralt. Hjelparen har med seg sine egne konstruksjonar når han sjølv deltek i og påverkar både det observerande og det observerte system (bl a Von Foerster 1981, Hoffman 1987).
- Terapimodellar som også bygger på sosialkonstruksjonismen, nyttar seg i tillegg av prosessen der våre konstruksjonar blir skapt, utvikla og forandra, i kommunikasjon og møte mellom menneske. Ein nyttar seg av at sjølve den profesjonelle samtalen blir ein arena for samskaping av ny røyndom, der begge partar blir påverka, og ein kan sjå nye vegar framover (bl.a. Gergen og Gergen 2005, Anderson 2003, White 2007).

Dei fleste informantane opplever konstruktivistisk ståstad som nyttig i tverrkulturell dialog. Det same gjeld ikkje-vite-posisjon og element frå narrativ terapi, som bygger på sosialkonstruksjonisme. Eg tenkjer meg at den korte vegen frå vitskapsteori til dialogen i praksis har betydning for dette, gjennom dei tre punkta ovanfor. Gjennom utdanning og praksis der dette er vektlagt, har informantane fått trening i å gjere denne tette koplinga. Materialet i denne studien viser at denne tette koplinga blir nytta i tverrkulturell dialog, og at den blir sett på som spesielt viktig der.

4.6.3 Mulege motsetningar i det analyserte materialet

Ovanfor har eg peika på samanhengar i GT kategoriane. Eg vil i det fylgjande peike på *mulege indre motsetningar* i materialet, og drøfte desse. Vidare vil eg sjå på situasjonar der ein kan tenke at dei overordna perspektiva som er omtalte ovanfor, *hemmar* den tverrkulturelle dialogen.

GT kategori 1 og GT kategori 3: Motsetning eller to sider av same sak?

GT kategori 3 omhandla at element av gjensidig relasjon kan fremje tverrkulturell dialog. Eg har der kome med eksempel på korleis fleire av informantane legg vekt på å gje av eigne opplevingar og vise kven dei er, og deira oppleving av at dette verkar positivt inn på den tverrkulturelle dialogen. Dette kan synast å stå i motsetnad til GT kategori 1, om nytten av konstruktivistisk ståstad i tverrkulturell dialog. Vil ikkje ein konstruktivistisk ståstad nettopp medføre ei haldning utan ryggrad, der ein ikkje står for noko, og at dersom ein står for noko, må ein passe på å halde det for seg sjølv? Slik eg ser det, er dette berre ei av fleire mulege haldningar som kan vere resultat av ein konstruktivistisk ståstad.

Dersom vi går tilbake til Bateson og uttrykket: "Kartet er ikkje terrenget" (Bateson 2000), blir vi mint om at vi lever i ei verd av kommunikasjon der kvar av oss har eigne idear om fenomen, vårt eige kart. Dersom mange nok har brukt like kart lenge nok, har vi tendens til å tru at kartet *er* terrenget. At den enkelte sitt syn på ein relasjon eller eit fenomen er eit kart og ikkje ei absolutt sanning, gjer den ikkje mindre nyttig, relevant, mindre opplevd eller djuptfølt. Men ved å rekne det som eit kart, er det opning for at andre kart også kan vere nyttige, relevante, opplevde og djuptfølte. Eg har tidlegare vist til korleis dette, brukt i rettleiing, kan tillate rettleiaren å vise seg som den han/ho er; ein meister i faget (Bergset 2007, s.167). Kombinert med ei haldning der dette er ein av fleire mulege vegar å gå, vil det likevel opne for at ein kan velje denne eller ein annan. Eg er i dette inspirert av Ulleberg (2004), som har utarbeidd rettleiingsmetodikk basert på Bateson. Rettleiaren kan vise seg som meister i sin eigen stil og samtidig oppmuntre dei rettleia til å la seg inspirere av kvarandre, ved å vise at det er rom for fleire måtar å forstå og løyse problem på.

I mitt materiale er det fleire eksempel på nettopp dette, at informantane kombinerer ein konstruktivistisk ståstad med å vise kven dei er og kva dei står for. I intervjuet fortel Maja(4) om at ho skal halde foredrag om barneoppdragelse saman med ein kollega:

*”Jeg og Kristin skal holde en innledning i overimorgen i internasjonal kvinneforrening. De vil at vi skal snakke om barneoppdragelse.(....) Vi tenkte vi skulle ta noen situasjoner eller eksempler. Og vi tenkte å være veldig ærlige og fortelle hvordan vi ville gjort det, to norske mammaer. Og så kan vi si at vi vet om noen norske mammaer som ville ha gjort det **annerledes**, og beskrive det. Jeg kan ikke være der uten å få fram at det finnes ikke **en** måte som er den riktige måten å være mamma til en tenåringsdatter... ..vi må være tydelige på å bruke oss selv” (nr.4, 45).*

Maja er her tydeleg på at ho må bruke seg sjølv og fortelje korleis ho ville gjort det, og samtidig formidle at dette er ein av fleire måtar som kan vere gode og nyttige. I mine auge er dette heilt i tråd med tankane frå Ulleberg som er nemnt ovanfor.

Utfrå dette ser eg det slik at nettopp ein konstruktivistisk ståstad kan føre til at ein viser seg som den ein er og det ei står for, aksepterer at dei andre står for noko anna, og slik viser at fleire konstruksjonar kan leve side om side.

Kan konstruktivistisk ståstad og ståstad som ikkje-ekspert vere *problematiske* i tverrkulturell dialog? Kva gjer ein når innvandrarar vil ha ein ekspert?

Ein kan tenkje seg at konstruktivisme er eit vestleg ideal. I tillegg forbind vi lett ikkje-vestleg bakgrunn og verdiorientert ståstad med kvarandre. Konstruktivistisk ståstad i tverrkulturell dialog kan i tilfelle lett komme i konflikt når ein nyttar det i arbeid med ikkje-vestlege innvandrarar. Eg tenkjer at i dette spørsmålet kjem mykje an på korleis ein nyttar ein konstruktivistisk ståstad.

I materialet mitt ser eg eit par eksempel på at dette blir problematisert.

Ingrid og Maja uttrykker begge at ein konstruktivistisk ståstad også kan bli utfordra i tverrkulturell dialog. Eksempla er noko ulike. Det eine dreier seg om foreldre som ventar at terapeuten tek stilling, det andre om barn som forventar at vaksne har ei autoritær haldning.

Maja fortel at det ikkje er så uvanleg at utenlandske familiar forventar at ho har svaret på problemet:

”Jeg slet litt men noen pakistanske foreldre. Der ble mine verdier utfordret. (...) Så kom det: - Nå vil vi høre fra deg hva vi skal gjøre, for vi forventer at du vet dette. Det er ikke så uvanlig spørsmål fra en utenlandsk familie” (nr.4,24).

Maja svarte på si eiga utfordring ved å fortelje om hennar og Kristin sine planer om innlegg i internasjonal kvinneforrening. Dette er gjengjeve ovanfor. Ho vil handtere det med å vere ærleg på korleis ho sjølv ville ha gjort det, og samtidig seie at det fins fleire riktige måtar å gjere det på.

Ingrid fortel også om situasjonar med barn, som kan likne på det Maja fortel. Det interessante er at hennar måte å handtere det på også spring ut frå ein konstruktivistisk ståstad, men får ei heilt anna retning enn Maja sin. Ingrid fortel om situasjonen på omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar:

*”Jeg er til tider ganske strukturell²⁸, eg er opptatt av hierarki og hvem som skal bestemme. Jeg er veldig opptatt av det med disse ungene her, **for de er vant til å forholde seg til virkeligheten på den måten!** (...) vi skal begynne å føle og forstå og analysere slik som vi har lært. Og det kræsjer totalt med det de er vant til, og de blir så redde! De er vant til: - Gjør som eg sier, elles får du juling! Og jeg sier ikke at vi skal jule dem opp, men vi kan kanskje si: - Gjør som jeg sier! De har dumpet frå Sri Lanka dagen før, liksom! Det blir for stor forskjell. Enkelt og greitt” (nr.2,14 og 19).*

Ingrid har den grunnleggande tanken: *”Det som er realiteten for deg, det er realiteten for deg, punktum og finale!”*(nr.2,13) I dette tilfellet tek ho då utgangspunkt i realiteten for dei einslege asylsøkerbarna frå Sri Lanka, og ynskjer å legge opp eit tilvære der dei kan nytte kompetanse frå sin bakgrunn: *”Det går bra viss du er lydige mot dei vaksne”*. Ho ynskjer å nytte seg av den biten av hennar metoderepertoar som passar best til det borna er vane med.

²⁸ Strukturell: Strukturell familierapi er ein av dei tidlege, ikkje-konstruktivistiske metodane som målber klare normer for familiefungering. Hierarki og grenser mellom generasjonar er vektlagt. Tenking frå denne metoden er mykje i bruk også i dag. Sjå elles fotnote nr.8

Då nyttar ho seg av normativ, strukturell tenking. Uttrykket ”for stor forskjell” brukar ho fleire stader i intervjuet, og dette er henta frå den norske familieterapeuten Tom Andersen (Andersen 1988). Han tek utgangspunkt i Bateson sitt omgrep ”en forskjell som gjør en forskjell”, og påpeikar at for å kunne utgjere ein forskjell som fører til endring, må ein komme med noko ”passeleg forskjellig”(ibid,s.71). Er det for lite forskjellig, skjer det inga endring. Er det for forskjellig, låser den andre seg for å ta imot påverknad. Det er her Ingrid meiner ein må starte forsiktig med desse barna, men ein treng ikkje stoppe der:

*”Men hva er miljøterapi, da? **For disse ungene her er det å bli rammet inn. De har ingen rammer, de svever.....ingen plass! De må føle seg innramma og ivaretatt og trygge, før vi kan begynne å sveve der ute og analysere ting. Og når ungene føler seg trygge, kan vi begynne med det vi tenker på som klassisk miljøterapi**” (nr.2,15).*

Ingrid brukar nettopp sin konstruktivistiske ståstad til å vurdere at klassisk miljøterapi blir for forskjellig for desse barna, her må ein legge vekt på hierarki og grenser, og ”ramme inn”. Vi kan igjen sjå på kulturkompetanseomgrepet som Lopez nyttar, der kulturkompetanse ”...innebærer å være oppmerksom på at man kan ha ulike syn på både problem og løsninger og at man da bør ha fleksible arbeidsmåter” (Lopez 2007, s. 140). Eg vurderer Ingrid sine refleksjonar og ynskje om praksis som eit godt eksempel på slik kulturkompetanse.

Eg har med dette peika på mulege indre motsetningar i materialet, samt situasjonar der dei overordna perspektiva som informantane nyttar, kunne bli problematiske. I begge tilfelle er der eksempel på at informantane har løyst dilemma ved hjelp av overordna perspektiv og metodetenking innafor systemisk familieterapi. Eg tenkjer ein likevel må vere open for at det kan vere situasjonar der dette perspektivet ikkje er det beste.

5 Refleksjon og sjølvrefleksjon

Som eg kom inn på i kap. 2.1, har eg lagt ein konstruktivistisk ståstad til grunn for dette forskningsprosjektet. Ut frå dette tenkjer eg at eg sjølv har innverknad på heile forskningsprosessen. Det har skjedd ei samskaping mellom meg, teorien, informantane, materialet og teksten eg produserer. Eg leitar ikkje etter funn som ligg ferdige der ute hos

informantane. Materialet blir skapt i samhandlinga mellom meg og dei. Dette ville ha vore tilfelle uansett kva som var tema for forskninga. I dette tilfellet har eg også ein nærleik til temaet som medverkar. Denne vart illustrert ved forteljninga som utgjorde prologen til dette arbeidet.

5.1 Konsekvensar av å forske i mitt eige felt

Som forteljninga tilseier, har mitt forskningsprosjekt lege nær opp til eigne opplevingar. Eg er sjølv familieterapeut. Vidare hadde eg gjort meg nokre positive erfaringar med å nytte systemisk familieterapi som kulturkompetanse. Dette var den direkte årsaka til at eg ville forske omkring andre familieterapeutar si oppleving av dette. Korleis har denne nærleiken påverka prosessen? Korleis har det påverka dei ulike vala eg har gjort? Korleis har det påverka informantane mine?

I informasjonsskrivet²⁹ skreiv eg ikkje noko om mi eiga oppleving av dette. Det kom likevel fram i starten av samtalen i tre av intervju. Eg tenkjer at også der det ikkje vart eksplisitt uttalt, vil det vere logisk for informanten å tenkje at mi interesse for temaet bygger på positiv erfaring. Dette kan ha påverka informantane på ulike måtar. Det kan ha påverka dei til å leite etter *"det eg vil ha"* i meininga å stadfeste mine opplevingar. Det kan også ha påverka dei til å ville legge vekt på den motsette erfaringa. Korleis dette verkar inn, kan vere avhengig av ulike element i konteksten.

Ei anna sak er korleis dette har påverka meg. Eg har vore merksam på faren for å anta at andre opplever det same som meg, og at eg *"unwittingly reproduce these assumptions"* (Charmaz 2006, s.19). Det mest opplagde ville vere å ynskje å få mine eigne opplevingar stadfesta, og at dette ville verke inn på informantane slik at dei gav meg det eg ville ha. Dette medvitet hadde eg med meg inn i intervju, og intensjonen var å vere så open som mogeleg for opplevingar som var annleis enn mine eigne. Det betyr at i dei tilfella informanten fortalde om opplevingar som var annleis enn mine, var eg forsiktig med å *"kritisk følge opp intervjupersonens svar på spørsmålene"* (Kvale 2001, s. 21). Eg prøvde i desse tilfella å heller få *utdjupa* informanten sine opplevingar. Eg kunne ha spurt meir kritisk i desse tilfella. At eg ikkje gjorde det, ser eg

²⁹ Sjå vedlegg nr 1

som eit resultat av min nærleik til stoffet, og mitt medvit om at informanten kjende til dette. Det gjorde meg meir forsiktig enn eg elles ville ha vore.

Nærleiken til temaet har hatt den fordelen at eg kjenner godt den faglege bakgrunnen informantane omtaler, og lett kan leve meg inn i situasjonane dei fortel om. På den andre sida kan eg komme til å "*forstå for fort*" (Bagge 2007), i tråd med det som før er skrive om ikkje-vite-posisjon³⁰. I analyseprosessen vart dette motverka av den detaljerte kodinga i GT.³¹ Kodinga hjalp meg å få ein avstand til teksten der nye og ukjende element kom til syne.

Det er mange prosessar mellom meg og informantane som er parallelle til det informantane fortel om seg sjølve og klientane. Eg vil trekke fram ein situasjon som eksempel på dette. I starten på eit av intervjuet, der eg innleia med å fortelje kva prosjektet gikk ut på, spurde informanten: "*Kan jeg spørre hvorfor du er opptatt av dette? Hvilke erfaringer er det som gjør deg interessert?*" Eg svarte då med å seie noko om mi eiga erfaring som er nemnt ovanfor. Nokre ville kanskje oppfatte eit slikt spørsmål frå informanten som noko freidig. Min ide var med ein gong at dette dreier seg om eit ynskje om gjensidig påverknad og gjensidig deling av opplevingar, slik eg har omtalt det i GT kategori 3. Dette viste seg også å bli eit viktig tema seinare i intervjuet. Eg oppfattar denne situasjonen slik at min nærleik til feltet gjorde det lett for meg å gje informanten sitt spørsmål ei positiv mening.

5.2 Refleksjon kring etisk kvalitetssikring

I eit forskingsprosjekt av denne typen gjeld dei etiske omsyna først og fremst i høve informantane. Kvale (2001) peikar på tre omsyn i så måte. Dette gjeld *informert samtykke*, *konfidensialitet*, og medvit om *konsekvensane* forrskinga får for informantane.

Mine informantar fekk tilgang på informasjonsskriv om prosjektet, og skreiv under på samtykkeerklæring der det vart opplyst om høvet til å trekke seg frå prosjektet. Begge desse skriva ligg vedlagt (vedlegg 1 og 2) Fleire av dei spurde meir ut om dette enn det som sto i informasjonsskrivet, og fekk svar. Sidan dei er vaksne profesjonelle, reknar eg det informerte samtykket som ivareteke.

³⁰ Sjå kap.2.4.2 Ikkje-vite-posisjon

³¹ Sjå Kap.3.2.5 Koding av samla materiale

Konfidensialiteten har eg generelt vore meir oppteken av enn dei. Det er også mitt ansvar å vere medviten om dette. Analysen kan medføre at deira informasjon vil framstå annleis enn dei hadde tenkt då dei kom med den. Dette tilhøvet gjer at behovet for anonymitet kan vere større enn informantane ser i utgangspunktet. Namn og andre detaljar som kan vere avslørande, er sjølvsagt endra. Ein del opplysningar har det vore nødvendig å utelate.

Dersom vi skal sjå på informantane sin innsats og nytte, er det slik at informantane er blitt intervjuet ein gong kvar, og dei fleste uttalte seg positivt etterpå om korleis det vart opplevd. Ein av deltakarane uttrykte å ha sett nye samanhengar i livet sitt gjennom intervjuet. Alle har fått høve til å lese analysen mot slutten av prosjektet. Dei har fått høve til å korrigere dersom dei opplevde at anonymiteten ikkje er godt nok ivareteken. Dei har derimot ikkje fått høve til å innverke på analysen, på grunn av manglande tid og rom til det i mitt prosjekt. Dette skulle eg ynskje var annleis. Eg skulle ynskje det var rom for at deltakarane undervegs kunne stadfeste at deira stemme var ivaretekne, ei ”*deltakarstadfesting*”.

5.3 Refleksjon kring forskingsmessig kvalitetssikring

Er denne forskinga truverdig, gjennomsynleg og stadfestbar? Kvalitetsvurdering av forskning i postmoderne tradisjon har fått mange ulike namn (Kvale 2001, s.159), og eg vil velje desse tre. I denne framstillinga har eg lagt vekt på at forskingsprosessen skal vere gjennomsynleg. Intensjonen har vore å gjere tydeleg greie for stega i prosessen. Frå kategoridanninga skal ein kunne fylgje vegen tilbake til teksten i intervjuet. Samtidig har eg vist til at alle desse stega er val eg har gjort, og at eg kunne ha valt annleis. Såleis er studien ikkje stadfestbar utover det føreliggande materialet. Med fem andre familieterapeutar og ein annan forskar, kunne det bli skapt heilt annan kunnskap om familieterapi som kulturkompetanse. Det som no er skapt, kan kanskje stimulere til ei utviding av kunnskapen om temaet i andre prosjekt. Som nemnt skulle eg ynskje at det var rom for ei meir aktiv deltakarstadfesting, i meininga at deltakarane kunne stadfeste at deira stemmer er ivaretekne gjennom analysen. I spørsmålet om truverde (validitet) kan den handverksmessige kvaliteten vektleggast (Kvale 2001, s.167 ff). Her blir vektlagt at kontinuerleg spørsmålsstilling og kontroll som ligg innbakt i metodikken i kvalitativ forskning, i seg sjølv er med å sikre truverdet. Dette har eg prøvt å vise gjennom framstillinga.

6 Konklusjon

Forskingsspørsmåla eg ville utforske i denne undersøkinga lydte slik:

- I kva grad opplever familieterapeutar å ha nytte av systemisk familieterapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog?
- I tilfelle dei erfarer at dette er nyttig, kva element i familieterapi opplever dei å ha mest nytte av?

Tone, Ingrid, Hanne, Maja og Kjell har fortalt om gode tverrkulturelle møte. Dette har vore møte der til dels store utfordringar i klientane sine liv skulle taklast: Kriser i livet forsterka av migrasjon, psykiske symptom etter traumer, bekymringsmeldingar til barnevernet, vald i familien og einslege mindreårige flyktningar sin spesielle situasjon. I samtalene vi har hatt om desse møta har det kome fram kva kompetanse informantane meiner å ha nytta seg av for at møta skulle bli gode. Her har ulike sider ved kompetansen frå systemisk familieterapi blitt trekt fram.

Det første av forskingsspørsmåla vart svart på med mange tydelege ”*eg har stor nytte av dette*”. Tone og Ingrid meinte at kompetansen frå systemisk tilnærming var viktigaste kompetansen dei nytta seg av i tverrkulturell dialog. Det overraskande for meg var svar som viste at element i systemisk tilnærming var svært nyttig, men dei var delvis tileigna *før* ein kom i kontakt med systemisk utdanning og praksis. Hanne meinte at ho delvis hadde det frå anna utdanning. Ingrid, Maja og Kjell meinte ikkje å ha det frå utdanning, men frå ”livet ein stad”. Kontakt med systemisk utdanning og praksis vart då opplevd som ”*å komme heim på eit vis*” i sterkare eller mildare grad for desse fire.

Svara på det andre forskingsspørsmålet bar preg av at systemisk familieterapi var ei rikholdig kjelde av kompetanse til bruk i tverrkulturell dialog. Likevel var det mest framtrekande ”*dei overordna perspektiva*”. Det samla inntrykket etter analyse av materialet er hovudsakeleg at *haldning, ståstad og posisjon* frå systemisk familieterapi blir opplevd nyttig og teke i bruk reint praktisk i den tverrkulturelle dialogen. Korleis vi kan forstå dette, har eg drøfta i kapittel 4.6.2.

Kulturkompetanse

Kompetansen som Tone, Ingrid, Hanne, Maja og Kjell opplever å ha frå systemisk familieterapi, liknar svært mykje på *kulturkompetanse* slik Lopez (2007) definerer det:

” Att ha kulturkompetens innebär inte att kunna allt om alla kulturer, inte heller innebär det att socialarbetaren nödvändigtvis kommer från den kultur klienten kommer ifrån. Det innebär snarare att vara uppmärksam på kulturens och religionens betydelse för den person vi möter. Kulturkompetens kan även innebära att vara uppmärksam på att man kan ha olika syn på både problemen och lösningar och att man då bör ha flexibla arbetssätt” (Ahmadi og Lönnback 2005, s.18).

Eg har i kapittel 2.5 peika på kva som blir rekna som kulturkompetanse i dag, slik forfattarar som Eide (2008), Qureshi (2008; 2009), Lopez (2007) og Johannessen (2007) legg det fram.

Litteratur frå desse forfattarane som rettar seg mot praktiakarar i tverrkulturell dialog, kritiserer eurosentrismen sitt fokus på å *lære om dei andre* frå eige utsiktspunkt. Slik eg ser det, har fokuset dreia seg i ei ny retning, med spesielt to konsekvensar:

- Ein praksis der ein er merksam på seg sjølv som kulturberar og kva ein sjølv tek med seg inn i den tverrkulturelle dialogen.
- Ein praksis der den framande sitt høve til å presentere seg sjølv i møtet blir viktigare enn den profesjonelle sin ”kunnskap” på førehand om vedkomande sin bakgrunn.

Slik mine informantar presenterer sin praksis og tankane rundt denne, er den blant anna prega av nettopp desse elementa. Informantane har likevel henta dei frå systemisk familieterapi, spesielt frå ein konstruktivistisk ståstad og frå opplæring i ikkje-vite-posisjon og narrativ tilnærming.

Min konklusjon blir fylgjande:

- Familieterapeutane i studien opplever systemisk familieterapi som nyttig kompetanse for tverrkulturell dialog.
- Slik informantane brukar denne kompetansen i praksis, ber den i seg kulturkompetanse slik omgrepet blir forstått i dag.

6.1 Kontrasten

Denne framstillinga starta med kontrasten mellom mi oppleving av å nytte systemisk familieterapi som kulturkompetanse, og brukarar av familievernnet si oppleving gjengjeve i Lopez (2007), som mellom anna konkludertre med spørsmålet om familievernnet manglar

kulturkompetanse. Lopez sin studie innebar ikkje spørsmål om profesjonelle si oppleving. Terapeutane som Lopez sine informantar møtte, ville kanskje kome fram med same svar som mine, dersom dei vart spurde om dei gode møta. Min studie er av profesjonelle si oppleving, og desse er spurde om å ta utgangspunkt i *dei gode møta* med brukarar. Desse møta har ikkje foregått innafor familievernet som kontekst, og i min studie er brukarane ikkje spurde. Av desse grunnane er det naturleg at denne studien framstår som kontrast til Lopez sin. Denne kontrasten ser eg som eit nyttig bakteppe for tankar om utvikling av praksis.

6.2 Kva bidrag kan denne studien gje til framtidig forskning og utvikling?

Denne studien har ført til nye nysgjerrige spørsmål for meg. Nokre kunne vere interessant å utforske vidare, andre kan eventuelt få konsekvensar for utvikling av praksis.

Lopez sin studie som bakteppe for mine konklusjonar, kan kanskje inspirere til utvikling av praksis. Dersom det er tendens til at familieterapeutar ikkje praktiserer kulturkompetanse, kan det då vere at dei først og fremst treng å finne fram den kompetanse dei allereie har, og sette den ut i livet? Kanskje gjer dei det heile tida, men i tilfelle ikkje: Kva skal til for å gjere det?

Eg ser desse spesifikke spørsmåla som interessante for vidare utforsking:

- Kan dei same elementa i ”kompetansen systemisk familieterapi”, finnast nyttig i annan praksis som ikkje blir rekna som tverrkulturell?
- Den tette linken mellom konstruktivisme og metodikk for dialog som er omtalt i kapittel 4.6, finn ein også den i andre tilnærmingar? Kan den bli nytta som kulturkompetanse også der?
- Kan ein utforske vidare samanhengen mellom framande sitt ynskje om gjensidig relasjon, og profesjonelle si opning for dette utfrå element i systemisk familieterapi, slik eg peikar på i kap. 4.4.5?

I denne studien har det kome fram fleire sider i tillegg til hovudkonklusjonane. Det har dukka opp mange spørsmål undervegs utover dei spesifikke som er nemnde her. Eg håpar at slike spørsmål vil dukke opp også for lesaren. Ingen ting er betre enn at andre kan sjå det eg ikkje såg, og at dette kan inspirere til vidare utvikling.

LITTERATURLISTE

Ahmadi, N. og Lønnback, E.(2005): Hur denna rapport kom till. I Ahmadi, N. og Lønnback, E.(red): *Tværkulturellt sosialt arbete – av sosialarbetare før sosialarbetare*. Stockholm Stad FoU-rapport 2005 :5

Andersen, T. (1988): Forandring kjenner sin egen tid og sine egne veier. I Hårtveit m fl (red): *Gjennom speilet og tilbake. Refleksjoner over systemer i behandling, behandlingssystemer og systemisk behandling*. Oslo, Tano as 1988

Anderson, H., Goolisihan, H. (1992): The Client is the expert: a not-knowing approach to therapy. I: McNamee, S. & Gergen, K.: *Therapy as Social Construction*. London, Sage

Anderson, H. (2003): *Samtale, sprog og terapi. Et postmoderne perspektiv*. København, Hans Reitzers forlag

Bagge, R. (2007): *Refleksjoner omkring en "ikke vitende posisjon"*. Fokus på Familien nr.2 2007

Bateson, G. (2000): *Steps to an Ecology of Mind*. University of Chicago Press

BLD: Rapport, 27.01.2003: Kompetansetiltak for familievernnet
Barne- og familiedepartementet 2002

Barth, F. (1969): Introduction. I Barth, F. (red): *Ethnic Groups and Boundaries: the Social Organisation of Culture Difference*. Oslo, Universitetsforlaget.

Barth, F. (1994): *Manifestasjon og prosess*. Oslo, Universitetsforlaget.

Bergset, K. (2004): MRI sin korttidsterapimodell I eit konstruktivistisk perspektiv
I: *Fokus på Familien* nr.1

- Bergset, K. (2007): Meisterlære i ny drakt? I: *Rettleiarnettverket i Sogn og Fjordane, Årbok 2007* Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Berliner, P. (1994): Holdninger og verdier – som konkrete samspill. I: Berliner, Peter (red): *Kulturmøde: Holdninger og verdier*. 3. symposium om tværkulturel psykologi. København, Dansk Psykologisk Forlag
- Bertrando, P. (2007): *The dialogical therapist: dialogue in systemic practice*. London, Karnac
- Bredal, A. (2009): Barnevernet og minoritetsjentes opprør. Mellom det generelle og det spesielle. I: Vike, H. (red.): *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Oslo, Gyldendal Akademisk
- Charmaz, K. (2006): *Constructing Grounded Theory. A Practical Guide Through Qualitative Analysis*. London, SAGE Publications
- Danielsen, K. og Engebriktsen, A. (2007): *Regnbueprosjektet – en evaluering. Forebyggende arbeid for minoritetsfamilier*. NOVA Skriftserie 5/2007
- de Shazer, S. (1985): *Keys to solutions in brief therapy*. New York: Norton.
- Diakonhjemmet Høgskole (2006): *Studieplan for mastergrad i familieterapi og systemisk praksis*
- Eide, K (2009): Forord. I: Vike, H. (red.): *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Oslo, Gyldendal Akademisk
- Eriksen, T.H. (2001): Kultur, kommunikasjon og makt. I: Eriksen, T.H.(red). *Flerkulturell forståelse*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Eriksen, T.H. og Sørheim, T.A. (2006): *Kulturforskjeller i praksis: Perspektiver på det flerkulturelle Norge* Oslo, Gyldendal
- Fisch, R., Weakland, J., Segal, L. (1982): *The Tactics of Change: Doing Therapy Briefly*.

San Francisco, Jossey-Bass

Fog, J. (2004): *Med samtalen som udgangspunkt. Det kvalitative forskningsinterview.*
København, Akademisk Forlag

Gergen, K.J. og Gergen, M. (2005): *Social konstruktion. Ind i samtalen.* Århus. Dansk
psykologisk forlag

Grønmo, S (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder.* Bergen, Fagbokforlaget

Guvå, G. og Hylander, I. (2005): *Grounded theory – etteorigenererende forskningsperspektiv.*
København, Hans Reizels Forlag

Harding, S. (1998): *Is Science Multicultural? Postcolonialisms, Feminisms and
Epistemologies.* Bloomington, Indiana University Press

Holmgren, A. (2008): Forord I: *Kort over narrative landskaber.* København, Hans Reizers
Forlag

Hoffman, L. (1987): *La oss legge makt og kontroll bak oss: Mot en "2.ordens" systemisk
familieterapi i fokus på familien,* vol.15, S.129-145 Oslo

Holm-Hansen, J., Haaland, T. og Myrvold, T. (2007): *Flerkulturelt barnevern, en
kunnskapsoversikt.* NIBR-rapport 2007:10

Jensen, P. (2008): *The Narratives Which Connect... Aqualitative Approach to the Narratives
Which Connect Therapists' Personal and Private lives to their Therapy Practices.* London:
University of East London in Conjunction with the Tavistock Clinic. Doctorate of systemic
psychotherapy.

Johannessen, E. (2007): *Mye er forskjellig – men bare utenpå? Om barn, barneoppdragelse
og utdanning i en mangfoldig verden.* Oslo: SÆBU forlag

Kvale, S. (2001): *Det kvalitative forskningsintervju.* Oslo, Gyldendal Akademisk

Lopez, G.S. (2007): *Minoritetsperspektiver på norsk familievern. Klienters erfaringer fra møtet med familievernkontoret*. NOVA-rapport 9/07

Lundby, G. (1998): *Historier og terapi. Om narrativer, konstruksjonisme og nyskriving av historier* Oslo, Tano Aschehoug

Madanes, C. (2000): Foredrag, Workshop under IFTA World Congress, Oslo 2000

Minuchin, S. (1996): *Konstruktivismens forførelse. I: Fokus på familien*, nr.1

Morgenbladet (2008): Morgenbladet studentutvalg 24.-30.oktober 2008, s.12 – 15

Ottestad, A.M. (2008): Å ”skrive fram” profesjons- og mangfoldsdiskurser. I: *Profesjonsutøvelse og kulturelt mangfold – fra utsikt til innsikt*. Ann Merete Ottestad (red.) Oslo, Universitetsforlaget

Qureshi, N.A. (2008): Beskrivelser av oppdragelse: utslag av definisjonsmakt og eurosentrisme? I: *Profesjonsutøvelse og kulturelt mangfold – fra utsikt til innsikt*. A.M. Ottestad (red.) Oslo, Universitetsforlaget

Qureshi, N. A.(2009): Kultursensitivitet i profesjonell yrkesutøvelse. I: Vike, H. (red.): *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Oslo, Gyldendal Akademisk

Rasmussen, M. (2004): *Sosialarbeideres erfaringer med flerkulturelt barnevernsarbeid*. Høgskolen i Oslo

Rugkåsa, M. (2008): Majoriteten som premissleverandør i ”flerkulturelt” arbeid. I: *Profesjonsutøvelse og kulturelt mangfold – fra utsikt til innsikt*. Ann Merete Ottestad (red.) Oslo, Universitetsforlaget

- Røkenes, O. og Hanssen, P. (2006): *Bære eller bryte. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen, Fagbokforlaget
- Said, E.W. (1978): *Orientalism*. Routledge & Kegan Paul
- Said, E.W. (1993): *Culture and Imperialism*. New York, Alfred A. Knopf
- Seikkula, J. og Arnkil, T. A. (2007): *Nettverksdialoger*. Oslo, Universitetsforlaget
- Skau, G. (2000): *Mellom makt og hjelp. En samfunnsvitenskapelig tilnærming til forholdet mellom klient og hjelper*. Oslo, Tano Aschehoug
- Skau, G. (2006): *Gode fagfolk vokser. Personlig kompetanse i arbeid med mennesker*. Oslo, Cappelen Akademisk
- Skytte, M. (2008): *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid*. Oslo, Gyldendal Akademisk
- Sluzki, C. (1979): Migration and Family Conflict. *Family Process*, vol.18, nr.4.
- Svare, H. (2008): *Den gode samtalen. Kunsten å skape dialog*. Oslo, Pax Forlag
- Sørheim, T. A. (2001): *Innvandrerne i Norge*.
- I: Eriksen, T.H. (red): *"Flerkulturell forståelse"* Universitetsforlaget, Oslo 2001
- Thagaard, T. (2009): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen, Fagbokforlaget
- Ulleberg, I. (2004): *Kommunikasjon og veiledning. En innføring i Gregory Batesons kommunikasjonsteori – med historier frå veiledningspraksis*. Oslo, Universitetsforlaget
- von Foerster, Heinz (1981): *Observing systems*. Seaside, CA: Intersystems
- von Glasersfeld, E. (1984): An introduction to radical constructivism. In: Watzlawick, P. (eds) *The invented reality*. New York, Norton.

Watzlawick, P., Bavelas, J.B. og Jackson, D.D. (1967): *Pragmatics of Human Communication*. New York, Norton

Watzlawick, P., Weakland and J., Fisch, R. (1974): *Change: The Principles of Problem Formation and Problem Resolution*. New York, Norton

Watzlawick, P. (1976): *How real is real?* New York, Vintage books

White, M. (2008): *Kort over narrative landskaber*. København, Hans Reizers Forlag

Informasjonsark for informantar til forskningsprosjekt

Forskningsprosjekt: Systemisk familierapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog.

Namn på forskar: Kari Bergset
- Student ved Mastergradsstudium i familierapi og systemisk praksis
ved Diakonhjemmet høgskole, Oslo

Tlf.: 45474670 E-post: kari.bergset@hisf.no

Formål med forskninga

Bakgrunnen for dette prosjektet er eit ynskje om å utforske systemisk familierapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturell dialog. Er det nyttige reiskap å finne for slikt arbeid innafør tenking og metodar i systemisk familierapi? Eller vil systemiske familierapeutar søkje fagkunnskap for tverrkulturell dialog mest innafør andre faglege retningar?

Mitt formål er først og fremst å utforske familierapeutar si eiga erfaring med kva som fungerer og kva som ikkje fungerer i tverrkulturell dialog. Eg ynskjer å foreta intervju av personar med systemisk familierapi som fagbakgrunn, som har tverrkulturelt arbeid som ein del av sin profesjonelle kvardag.

Foreløpige forskningsspørsmål for prosjektet

- Når familierapeutar ser tilbake på tverrkulturelle møte i sin profesjonelle kvardag, vil ein finne møte som fungerte godt, og møte som fungerte dårleg. Korleis forklarar familierapeutar at dei gode møta gikk som dei gikk?
- Korleis vurderer familierapeutar nytten av systemisk familierapi som fagbakgrunn for tverrkulturell dialog?
- Dei som har samansett fagbakgrunn: Korleis blir nytten av systemisk familierapi vurdert samanlikna med annan fagbakgrunn – for tverrkulturell dialog?

Spørsmål om å vere informant

Mitt spørsmål til deg, er om du kan tenke deg å vere informant i dette forskningsprosjektet. Eg ynskjer å foreta intervju, og få samtykke til ta desse opp på video, for å vere sikker på å få med meg så mykje som muleg av det som skjer i intervjuet. Opptaka og transkribering av desse blir behandla konfidensielt. Deretter blir transkriberte intervju anonymiserte, slik at det blir umuleg å kjenne att kven intervjuobjektet er. Eg vil gjerne sende deg dette til gjennomsyn før det blir nytta, og dersom eg nyttar deler av det i sjølve masteroppgåva, vil eg gjerne høyre ditt synspunkt på måten eg nyttar det. Det er meininga at ein ikkje skal kunne identifisere deg ut frå det som blir skrivne. Ein føresetnad for denne anonymiteten er sjølvstakt at du ikkje fortel utover at du er med i dette prosjektet.

Kva vil dette kreve av deg? I første omgang ynskjer eg å foreta eit intervju på max 1 ½ time. Det du får tilsendt av meg etterpå, får du anledning til å lese og kommentere, men du vel sjølv om du vil bruke tid på det. Deretter kan det bli aktuelt med eit intervju til. I tilfelle du seier ja no, gjeld det foreløpig berre eitt intervju.

Av grunnar som er nemnde ovanfor, vil eg at du skriv under ei samtykkeerklæring dersom dette er i orden for deg.

Med venleg helsing,

Kari Bergset

**Forskningsprosjekt:
Systemisk familieterapi som fagleg bakgrunn for tverrkulturelt arbeid.**

**Namn på forskar:
Kari Bergset,
student ved Mastergradsstudium i familieterapi og systemisk praksis
ved Diakonhjemmet høgskole, Oslo**

Tlf.: 45474670 E-post: kari.bergset@hisf.no

**SAMTYKKEERKLÆRING
frå informantar:**

- 1. Eg har lese informasjonsarket og hatt mulighet til å stille spørsmål.**
- 2. Mi deltaking er konfidensiell og frivillig, og eg er fri til å trekke meg når som helst utan å oppgje grunn.**
- 3. Eg veit at alle video- og lydband-opptak blir sletta når forskninga blir avslutta.**
- 4. Eg veit at i publikasjonar som kjem ut av denne forskninga, vil det ikkje vere muleg å identifisere meg på nokon måte.**
- 5. Eg seier med dette ja til å delta i forskningsprosjektet som er omtalt ovanfor.**

..... /... 2008
Namn på informant dato informanten sin signatur

Kari Bergset .../...2008
Namn på forskar dato forskar sin signatur

Denne erklæringa fins i to eksemplar, eit til informantog eit til forskar.

GUIDE INTERVJU

Kari Bergset, juni 2008

1. Fortell meg om det tverrkulturelle arbeidet du gjer. Og har gjort før.
2. Fortell om eit tverrkulturelt møte som du følte fungerte godt.
Korleis vil du forklare at det fungerte så godt?

Fleire slike gode møte? Nokon som vart overraskande gode?
Korleis forklarar du at det vart slik? Veit du om noko i din faglege bakgrunn som du benytta deg av?
3. Fortell om eit tverrkulturelt møte som ikkje fungerte.
Korleis vil du forklare at det vart slik?

I ettertid, har du tenkt på noko du kunne gjort annleis?
Har du tenkt på noko i din faglege bakgrunn du kunne ha benytta deg av?
4. Kva syns du er det viktigaste å vere merksam på i dei tverrkulturelle dialogane du kjem i?
Eller fleire ting som er like viktige?
- Veit du kvar du har desse tankane frå?
- Korleis har du lært deg å vere merksam på dette?
5. Innafor din kompetanse i systemisk familieterapi: Har du funne noko nyttig for tverrkulturell dialog? I tilfelle kva?
Eksempel på dette?
6. Innafor anna fagleg bakgrunn som du har: kva av dette har du mest nytte av i tverrkulturell dialog?
Eksempel på dette?
7. Når tok du utdanning i systemisk familieterapi?
8. Andre ting du vil nemne når det gjeld din kompetanse i familieterapi sett i samanheng med tverrkulturell dialog?

VEDLEGG 4

VEDLEGG 5